



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Forvaltningsstyret  
**Møtestad:** Rådhuset, møterom Austefjorden  
**Dato:** 10.05.2016  
**Tid:** 13:00 **Merk tida!!**

**Det vert synfaring i sak PS 36/16. P.g.a. synfaring og mange saker er tidspunktet sett til kl. 13:00**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no).

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 34/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 35/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 36/16	<b>1519 gbr 66/2 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim - klage på avslag om konsesjon</b>
PS 37/16	<b>Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt</b>
PS 38/16	<b>Bestandsplan for hjortevilt i Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald 2016-2020</b>
PS 39/16	<b>Bygging av landbruksveg - Lisjelidvegen - gbr 89/1 i Kilsfjord</b>
PS 40/16	<b>1519 gbr 12/3 - søknad om deling av tomt med våningshus - handsaming etter jordlova § 12</b>
PS 41/16	<b>Dispensasjon frå kommuneplan og pb. § 1-8 - Gbr 2/79 - flytting av steinvor - utlegging av flytebrygge</b>
PS 42/16	<b>Dispensasjon frå kommuneplan - Gbr 27/1 oppføring av naust</b>
PS 43/16	<b>Gbr 6/25 og 26 - Berkvika - vorar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar</b>
PS 44/16	<b>Gbr 30/194, 304 - Utbygging av Coop-Byggmix på Rotset - justert situasjonsplan -dispensasjon i høve til gjeldande plan.</b>
PS 45/16	<b>Gbr 34/2 - deling og oppmålingsforretning - tilleggsareal dispensasjon frå plankrav</b>
PS 46/16	<b>Gbr 105/2 - Tilbygg til hytte i Folkestaddalen - dispensasjon frå kommuneplan</b>
PS 47/16	<b>Gbr 157/5 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning-Dispensasjon frå plankrav</b>





**VOLDA KOMMUNE**

PS 34/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 35/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr.:	2016/236
		Arkivkode:	V60

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
36/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### **1519 GBR 66/2 - SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - HILDE SKAARE FOSSHEIM OG JOSTEIN FOSSHEIM - KLAGE PÅ AVSLAG OM KONSESJON**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til klage datert 06.03.16, på vedtak i sak 15/16. Forvaltningsstyret viser til nye opplysningar i saka, og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Hilde Skaare Fossheim, fødd 08.10.63, og Jostein Fossheim, fødd 27.04.59, på gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Vilkår for konsesjonen er at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3. Busetjingsomsynet har stor vekt i Austefjorden, og det vert sett vilkår om at gnr. 66 bnr. 2 skal vere busett, anten ved personleg buplikt i 5 år, eller ved upersonleg buplikt i minimum 10 år. Det vert sett frist med å oppfylle buplikta til 01.07.2018.*

Saka gjeld: Handsaming etter konsesjonslova, klagesak

ephorte saksnummer Volda: 2016/236

ephorte saksnummer Ørsta: 2015/1834

#### **Saksvedlegg:**

1. Klage frå Hilde S. og Jostein Fossheim, datert 06.03.16
2. Brev frå fylkesmannen datert 14.03.16
3. Tidlegare saksutgreiing og vedtak i sak 15/16 forvaltningsstyret
4. Gardskart i M 1: 7500
5. Pkt. 4.1.5 (side 18) i utfordringsnotat Volda kommune (07.07.15)

### **Saksopplysningar:**

Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim har sendt inn klage på vedtak i forvaltningsstyret i sak 15/16, møtedato 16.02.16. Dei har søkt om konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Austefjorden, og fekk avslag. Vedtaket lyder slik:

1. *Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
2. *Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det.*

Klagen er datert 06.03.16 og vart sendt direkte til fylkesmannen, Volda kommune fekk melding om at det var klaga, men har ikkje registrert inn kopi av sjølve klageskrivet. Fylkesmannen sende brev til klagarane med kopi til Volda kommune, datert 14.03.16. Der vert det opplyst at klagen først skal takast oppatt i kommunen, før den evt. vert sendt til fylkesmannen, viss kommunen held fast på vedtaket. Klagen vart motteken hos fylkesmannen 08.03.16, som er akkurat 3 veker sidan vedtaket vart gjort. Når ein tek omsyn til at vedtaket ikkje vart sendt ut før dagen etter vedtaket var gjort, og postgang, er klagen sendt inn i rett tid. Det bør godtakast at klagen vart sendt til fylkesmannen, og ikkje kommunen.

Klagarane skriv m.a. i klageskrivet at huset på bruket ikkje kan seiast å vere bebueleg utan ei omfattande restaurering. Dei har byrja å rydde tunet på eigedomen, og har allereie lagt ned eit stort arbeid med felling av tre og kratt. Dei har også planar for busetjing i huset med tida, eldste son med sambuar ynskjer på sikt å overta huset og busetje seg i Austefjorden. Dei kommenterer eige bruk gnr. 72 bnr. 3 som vart drege fram i møte 16.02.16. Tilslutt i brevet står det at dei vil gjerne at det vert gjennomført ei synfaring på eigedomen.

Som det står i førre saksutgreiing så eig klagarane gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3 frå før, dei er busette på det førstnemnde bruket. Dei driv ikkje sjølvstendig jordbruksdrift, men leiger ut areala.

Det vart i saka vist til at Volda kommune har vedteke ein ”Strategi for busetjing på bygdene”, i mai 2013. Den handlar m.a. om korleis ein kan legge til rette for auka busetjing på bygdene, der Fyrdeområdet også er nemnt. Sidan forvaltningsstyret la stor vekt på busetjing i vedtaket, vert det lagt ved kopi av pkt. 4.1.5, side 18 i ”Utfordringsnotat for Volda kommune”, som er utarbeidd i juli 2015 i samband med arbeid med ny kommuneplan for Volda. Dette punktet viser folketalsutvikling i kommunen i tidsrommet 2004 – 2014. Konsesjonsbruket gnr. 66 bnr. 2 ligg i Austefjordområdet, og det er då naturleg å sjå på folketalet i krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn. Alle desse viser negativ folketalsutvikling, med 10,4%, 17,1% og 22,4% nedgang i tiårs-perioden.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderingane som vart gjort i sak 15/16, samt til rundskriv M-2/2009. Administrasjonen/sakshandsamar tilrådde at det vart gitt konsesjon, med vilkår om at eigedomen vart tilleggsareal til eige bruk. For fleire saksopplysningar vert det vist til førre saksutgreiing. Sakshandsamar har ikkje endra synspunkt, men spørsmålet er om det kjem fram nye opplysningar i klagen som gjer at forvaltningsstyret bør gjere om vedtaket.

Sakshandsamar har vore på staden og i tunområdet, men har ikkje hatt synfaring inne i huset. Som taksten på bruket viser, og som klagarane skriv, er det tydeleg at huset treng oppgradering for å kunne nyttast som bustad, men dette er ikkje uråd å få til.

I vedtaket frå forvaltningsstyret er det busetjingsomsynet som er utslagsgjevande for avslag på konsesjonen. Slik eg les vedtaket ynskjer forvaltningsstyret at dette bruket vert

oppretthalde som eige bruk, evt. med krav om buplikt, og ikkje vert tilleggsareal til annan eigedom. Som statistikk vedlagt viser, har det vore folketalsnedgang siste 10 åra i dei tre krinsane i Austefjord, slik at det er forståeleg at forvaltningsstyret ynskjer auka busetjing i området. Ifylgje rundskriv 2/2009 står det m.a. i pkt. 8.2.4: *Ønsket om å styrke bosettingen kan bare ivaretas dersom det er grunn til å tro at andre som ikke allerede bor i området vil erverve eiendommen med sikte på selv å bo der. Gjelder saken erverv av tilleggsjord vil bosettingshensynet kunne ivaretas dersom det er grunn til å tro at en utvidelse av ressursgrunnlaget er med på å danne grunnlag for videre bosetting på eiendommen.*

I denne saka er det kjent at under salsprosessen var det eit ungt par som ynskde å kjøpe eigedommen for å busetje seg der. Desse har seinare kjøpt eit anna bruk, slik at dei ikkje er aktuelle lenger. Det er vanskeleg å vite om det kan vere andre som er aktuelle, men det er kanskje ikkje urimeleg å tru at nokon ynskjer å busetje seg på plassen. Som det står i førre saksutgreiing, kan også styrking av andre bruk med tilleggsareal vere med å sikre framtidig busetjing og drift i området.

Klagarane kjem med nye opplysningar når det gjeld kva dei har tenkt om bruk av huset på gnr. 66 bnr. 2. Dei skriv at dei har gjennomtenkte planar for busetjing i huset med tida. Dei vil pusse opp huset, og på sikt ønskjer eldste sonen med sambuar å overta huset og busetje seg i Austefjorden. Hilde Fossheim opplyser på telefon den 02.05.16 at dei er innstilte på å oppfylle ei evt. buplikt på bruket, og at 3 av deira 4 born kan vere interessert i å busetje seg der, evt. at dei kan leige ut til andre eller busetje seg der sjølv. Dei har eitt bustadhus på gnr. 48 bnr. 4 der dei bur, huset på gnr. 72 bnr. 3 skal leigast ut etter oppussing.

Spørsmålet er om forvaltningsstyret ynskjer å oppretthalde dette som eit eige bruk, eller om busetjingsomsynet er godt nok ivareteke med ei løysing som klagarane legg opp til.

Ved søknad om konsesjon kan det setjast vilkår etter konsesjonslova § 11:

*Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.*

Viss det vert sett krav om personleg buplikt, er den på 5 år etter lova. Ved upersonleg buplikt kan kommunen setje vilkår om lengre buplikt. Eg meiner i dette tilfellet at ei løysing kan vere å setje vilkår om at dei nye eigarane sørgjer for at bruket er busett, anten personleg eller upersonleg, dvs. at andre enn dei sjølve er busett der, anten eigen familie eller utleige til andre. Då tek ein omsyn til busetjingsomsynet, samtidig som ein får bruksrasjonalisering, begge deler er i tråd med konsesjonslova. Huset treng oppgradering, så det er rimeleg med ein frist for oppfylling av buplikta, ein har normalt eitt år frist, i dette tilfellet tilrår eg to år.

### **Konklusjon:**

Med bakgrunn i nye opplysningar i klagen, vert det tilrådd at forvaltningsstyret gjer om sitt vedtak i sak 15/16, og at Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim får konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Det vert sett vilkår etter konsesjonslova om at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3, og i tillegg vilkår om buplikt, anten personleg i 5 år eller upersonleg i 10 år. Det vert sett frist på 2 år for busetjing, sidan huset treng oppgradering.

Ørsta, 03.05.2016

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar kultur og næring  
Landbrukskontoret Ørsta Volda

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Hilde S. og Jostein Fossheim, Sunndalsvegen 26, 6110 Austefjorden

Adv. Lars E. Sande, Pb. 58, 6101 Volda

Landbrukskontoret Ørsta Volda, Rådhuset, 6153 Ørsta

Austefjorden, 6.3.2016

## **KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 15/16 - 1519 GBR 66/2 - SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - HILDE SKAARE FOSSHEIM OG JOSTEIN FOSSHEIM**

Underteikna klagar med dette på vedtak fatta i Forvaltningsstyret i Volda kommune 16.2.2016, der vi fekk avslag på konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.

Framlegget frå administrasjonen rådde til at vi skulle få konsesjon på eigedomen, og såleis nytte denne som tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4. Det låg til grunn ei gjennomtenkt vurdering med tanke på bruksrasjonalisering og busetjing frå sakshandsamar, og vi finn det påfallande at Forvaltningsstyret såg heilt vekk frå dette framlegget.

I konsesjonshandsaming ved fritt sal kan kommunen setje vilkår om buplikt viss det er *bebueleg* hus på eigedomen, men i dette tilfellet er huset ikkje i slik stand at nokon kan busetje seg der utan ei omfattande restaurering. Grunnmuren er i ferd med å verte inntrykt, sanitærforholda er ikkje i orden, og det elektriske anlegget er gammalt og må utskiftast. All bordkledning vil måtte rivast, huset må isolerast, vindu må skiftast, det må gravast rundt heile huset for drenering, og ny grunnmur må oppsetjast ved inngangspartiet.

I søknaden vår tok vi ikkje med planar for huset, då vi i første omgong ville prioritere å få stelt kulturbeitet og tunet på eigedomen, som var prega av mange år med gjengroing. Vi har byrja å rydde tunet på eigedomen for plast, glas, metall og anna skrot, slik at vi kunne bruke arealet på eigedomen som tilleggsbeite til geitehald på gnr. 48 bnr. 4 i samarbeid med Hogne Humberset. Vi ønskte å gjere utearealet klart til geitehald til våren, og har allereie lagt ned eit stort arbeid med felling av tre og kratt på eigedomen.

Vi hadde også gjennomtenkte planar for busetjing i huset med tida. Etter at vi hadde fått ferdigstilt uteområdet på gnr. 66 bnr. 2, mellom anna med oppsetjing av grunnmur mot veg, og opparbeiding av vegen til huset, var neste prosjekt å gå laus på oppussing av sjølve huset. Eldste sonen vår, Andreas Skaare Fossheim og sambuar Jeanette Sundal, ønskjer på sikt å overta huset og busetje seg i Austefjorden. Vi tok ikkje med dette i den opprinnelege søknaden om konsesjon for å få overta eigedomen, då første prioritet var å få opparbeide og nytte det som er av beiteareal på gardsbruket.

Når det gjeld gnr. 72 bnr. 3 som også vart drege fram i møtet 16.2.2016, kan vi kommentere dette slik:

- Huset på eiegenomen har stort sett vore utleigd i dei åra vi har eigd det, og er no snart klart for ny utleigeperiode etter omfattande oppussing . Dei periodane huset har stått tomt, har vore periodar med oppussing etter dei ulike leigetakarane.
- Dersom vi ikkje hadde leigt ut jorda som tilleggsjord til Ragnar Høydalsvik i alle desse åra, ville det vore to gardsbruk mindre i bygda. Høydalsvik har pr. i dag dyr i begge driftsbygningane på begge gardsbruka, og han hadde ikkje kunna drive gard utan gnr. 72 bnr. 3 som tilleggsjord.

Vi vil gjerne at det vert gjennomført ei synfaring på eiegenomen, slik at vi kan vise og forklare utfordringane og planane vi har for eiegenomen.

Ta gjerne kontakt for utfyllande opplysningar.

Med helsing



Hilde og Jostein Fossheim

Sundalsvegen 26

6110 Austefjorden

Mobilnr. : 90 98 13 92 / 97 08 42 40





Jostein Fossheim og Hilde Skaare Fossheim  
Sunndalsvegen 26  
6110 AUSTEFJORDEN

VOLDA KOMMUNE	
2016/236	Utv Jones
15 MAR 2016	
Emner V60	
Klassifisering	
Vassføring	

**Klage på vedtak - Volda kommune - konsesjon for landbrukseigedom - gnr66 bnr2 - Hilde Skare Fossheim og Jostein Fossheim**

Vi viser til brevet dykkar datert 06.03.2016, motteke her 08.03.2016. Saka gjeld klage på vedtak i sak 15/16; søknad om konsesjon for erverv av gbnr. 66/2 i 1519 Volda.

Etter forvaltningslova § 32 skal ei klage stilast til det forvaltningsorganet som har teke avgjerda. Kommunen skal som underinstans gjere nye undersøkingar dersom klaga gjev grunn til det, og elles førebu saka for klageinstansen, jf. fvl. § 33.

Kommunen kan endre vedtaket dersom ein kjem til at klaga bør føre fram. Vert det ikkje treft noko slik avgjerd, skal kommunen sende saka vidare til klageinstansen for endeleg handsaming.

Det går fram av brevet dykkar at kommunen har fått kopi av klaga. Vi legg derfor til grunn at kommunen er kjent med saka. Vi legg vidare til grunn at kommunen vil ta stilling til klaga på vanleg måte, jf. fvl. § 33, før saka eventuelt vert oversendt hit. Fylkesmannen avventar derfor kommunen si handsaming av saka.

Kommunen vert orientert ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:  
Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Hilde S. og Jostein Fossheim

Sundalsvegen 26  
6110 AUSTEFJORDEN

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/236	1951/2016	V60	SVK/ UNNISTRA	17.02.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - 1519 GBR 66/2 - SØKNAD OM KONSESJON  
VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - HILDE SKAARE FOSSHEIM OG  
JOSTEIN FOSSHEIM**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 16.02.16, hadde føre ovannemnde som sak 15/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
- 2. Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Landbrukskontoret Ørsta Volda  
Adv. Lars E. Sande                      pb. 58    6101    Volda

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2016/236 (i Volda)

Arkivkode: V60

Utvaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Forvaltningsstyret	16.02.2016

## 1519 GBR 66/2 - SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - HILDE SKAARE FOSSHEIM OG JOSTEIN FOSSHEIM

### **Handsaming:**

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande alternativt framlegg:

1. *Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
2. *Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det.*

### **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Åshild Vik, fekk framlegget frå Vik sju røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Sindre Rotevatn og Sindre Kvangarsnes).

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 16.02.2016**

1. *Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
2. *Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til søknad datert 02.11.15, om konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Hilde Skaare Fossheim, fødd 08.10.63, og Jostein Fossheim, fødd 27.04.59, slik det er søkt om. Vilkår for konsesjonen er at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3 i Austeffjorden.*

**Saksvedlegg:**

1. Søknad frå Hilde S. og Jostein Fossheim, datert 02.11.15
2. Kjøpekontrakt
3. Gardskart, M 1:7500 og 1:10 000

**Saksopplysningar:**

Hilde Skaare Fossheim, fødd 08.10.63, og Jostein Fossheim, fødd 27.04.59, har sendt inn søknad datert 02.11.15, om konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Sunndalsfolla i Austefjorden. Seljar av eigedomen er Sverre Sundalsfoll, som bur i Volda. Det ligg ved kopi av kjøpekontrakt. Kjøpesum for eigdommen er oppgitt til kr 900 000 kr. Det er opplyst i søknaden at søkjarane eig to gardar frå før, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3. Drifta av desse er leigd ut til slått, beite og dyrehald. Dei opplyser at dei ynskjer å dyrke opp gjengrodd jordbruksareal og å pleie kulturbeitet. Dei leiger ut gnr. 48 bnr. 4 til geitehald, og ynskjer å utvide grunnlaget for slik drift, og dei skriv at Jostein er oppvaksen på gard. Hus på gnr. 66 bnr. 2 er våningshus bygd i 1939, eldre driftsbygning og stabbur. Alle bygningane er oppgitt til å vere i dårleg stand.

Konsesjonseigedomen gnr. 66 bnr. 2 har etter opplysningar på gardskartet (Skog og landskap) slikt areal: 15,8 da fulldyrka, 27,6 da beite, 261,4 da skog, 51 da anna areal; eit totalareal på 355,8 da. Det er eldre bustadhus, driftsbygning og stabbur på bruket. Jordbruksarealet er vekk leigd (2015) til Kjetil Rørstad og Ivar O. Skare. Det har ikkje vore busetnad på bruket på fleire år.

Søkjarane eig gnr. 48 bnr. 4 på Fyrdsreitane, og gnr. 72 bnr. 3 i Skinvika, begge ligg i Austefjorden. Gnr./bnr. 48/4 ligg ikkje langt frå konsesjonseigedomen, og søkjarane er busette der. Gnr./bnr. 48/4 og 72/3 har etter opplysningar på gardskartet (Skog og landskap) slikt areal (totalt begge bnr.): 63,9 da fulldyrka areal, 18,9 da beite, 142,3 da skog, 23 da anna areal; eit totalareal på 248,1 da. Det er ikkje registrert sjølvstendig drift på bruket (søknad om produksjonstilskot) og jordbruksarealet er utleigd til Ragnar Høydalsvik og Hogne Humberset.

Konsesjonseigedomen gnr. 66 bnr. 2 vart seld i 2012 til Sverre Sundalsfoll, som var i slekt med tidlegare eigar. Det vart fatta slikt vedtak i forvaltningsstyret 11.01.2012:

*Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 nr. 98 og delegert fullmakt, gir Forvaltningsstyret Sverre Sundalsfoll konsesjon til overtaking av Sundalsfoll, gbr. 66/2 for kjøpesum kr 850 000. Det er ein føresetnad at kjøparen legg til rette for busetnad på eigedomen innan 01.01.2017.*

Frå saksutgreiinga i 2012 tek eg med dette:

*Bygningane på bruket (våningshus, driftsbygning og stabbur) er alle av eldre dato og treng vedlikehald (sjå takst). Bruket har vanlege jakt- og beiterettar i utmarka, og i tillegg fallrettar i Sundal kraftverk. Det har ikkje vore fast busetnad eller sjølvstendig drift på bruket siste åra. Jordbruksarealet har vore bortleigd som tilleggsareal til gnr. 68/1.*

Det førelåg den gongen ein takst frå mai 2011, på kr 850 000. Det er ikkje kjent at det er teke ny takst.

Det vert også vist til at Volda kommune har vedteke ein ”Strategi for busetjing på bygdene”, i mai 2013. Den handlar m.a. om korleis ein kan legge til rette for auka busetjing på bygdene, der Fyrdeområdet også er nemnt. Det står ikkje noko konkret om buplikt på gardsbruk, men busetjingsomsyn skal takast omsyn til etter konsesjonslova, slik at denne strategien kan vere aktuell i vurderinga der.

### **Vurdering og konklusjon:**

I konsesjonslova § 1 står det:

*Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

- 1. framtidige generasjoners behov*
- 2. landbruksnæringen*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsjinteresser*
- 5. hensynet til bosettingen*

I § 9 står det om forhold av betydning for om konsesjon skal gis, spesielt for landbruks-eigedommar:

*Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:*

- 1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
- 2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løysning,*
- 4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

I tillegg til lovteksten, vert søknaden vurdert etter retningslinene i rundskriv M-2/2009 Konsesjon og buplikt.

Eg vurderer det slik etter dei enkelte punkta i § 9:

- Eigedomen er seld for 900 000 kr, litt over taksten frå 2011. Jfr. rundskriv M 2/2012 skal prisvurderinga utelatast der eigedomen er bebygd og prisen er under 2,5 mill. kr, og nærare prisvurdering vert difor ikkje gjort her.
- Bruket har 15,8 da dyrka jord, og 147,1 da produktiv skog. Dette er difor ikkje eit bruk som det ville knyte seg buplikt til ved overdraging innafor nær familie (minimumskravet for buplikt er 25 da dyrka + overflatedyrka jord eller 500 da produktiv skog). I konsesjonshandsaming ved fritt sal kan likevel kommunen setje vilkår om buplikt ved lågare areal, viss det er bebueleg hus på eigdomen. I dette tilfellet bur søkjarane på eige bruk, som ligg i same området som konsesjonseigedomen, og den skal vere tilleggsareal til eige bruk. Eg meiner difor det ikkje er aktuelt å setje vilkår om buplikt for overtaking i dette tilfellet. På sikt kan styrking av søkjarane sitt eige bruk med tilleggsjord frå konsesjonseigedommen, vere med på å sikre framtidig busetjing og drift i området. Eit anna spørsmål er om busetjingsomsynet i dette området tel så mykje at ein bør vurdere avslag på konsesjonssøknaden, og setje som vilkår at bruket vert oppretthalde som eige bruk og selt til nokon som vil busetje seg der. Ein kjenner til at det har vore interesserte kjøparar som har hatt ynskje om dette.

- Bruket skal vere tilleggsareal til eige bruk, der gnr./bnr. 48/4 ligg ikkje så langt unna. Søkjarane sitt eige bruk er ikkje i sjølvstendig drift, og er utleigd, men ein får likevel ei bruksrasjonalisering ved dette kjøpet. Eigedomane grensar til kvarandre i eitt område, så dette må seiast å vere ei driftsmessig god løysing, sjølv om det ikkje er den beste. Også i saksutgreiinga frå 2012, då bruket vart selt som eige bruk, var det skrivi at *"Om den valde løysinga er den beste for landbruksnæringa i området (pkt. 2), kan diskuteras. Eigedomane har vore bortleigd i fleire år, og eigedomane i drift i området kunne ha trong for tilleggsjord."*
- Søkjarane eig gardsbruk frå før, og Jostein er oppvaksen på gard. Det er difor ikkje grunnlag for å hevde at dei ikkje er skikka til å ta over omsøkte eigedom.
- Sidan bruket framleis skal nyttast til landbruk, og skal vere tilleggsareal anna gardsbruk, vil ervervet ivareta omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

At dette bruket vert selt som tilleggsareal til anna bruk i området, må seiast å vere i tråd med konsesjonslova, og tek omsyn til landbruksnæringa på den måten at ein får bruksrasjonalisering, sjølv om det kunne vore meir ynskjeleg at bruket vart selt til anna bruk som var i drift. På den andre sida skal konsesjonslova også ta omsyn til busetjinga i området, og ein får ikkje auka busetjing ved denne løysinga, iallfall ikkje på kort sikt. Ein må ha vektige grunnar for å avslå ein konsesjonssøknad, og i dette tilfellet dreg bruksrasjonalisering og busetjing i kvar si retning. Med tanke på landbruksnæringa sine interesser, vil eg likevel tilrå at det vert gitt konsesjon i denne saka.

Alle rettar og plikter som gjeld gnr. 66 bnr. 2, må følgje med i salet. Dette er naturleg sidan jakt-og beiterettar, m.m., skal fylgje areala.

Ved søknad om konsesjon kan det setjast vilkår etter konsesjonslova §11:

*Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.*

Eitt vilkår kan vere buplikt, men som skrivi ovafor meiner eg det ikkje er aktuelt i dette tilfellet, sidan søkjarane bur på eige bruk i området. Bruket er kjøpt for å vere tilleggsareal til søkjarane sitt eige bruk, og konsesjonssøknaden er handsama med tanke på dette, slik at eg meiner det må setjast vilkår om at gnr. 66 bnr. 2 skal vere tilleggsareal til gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3.

### **Konklusjon:**

Det vert tilrådd at Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim får konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Det vert sett vilkår etter konsesjonslova om at eigedomane skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3.

Ørsta, 08.02.2016

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar kultur og næring  
Landbrukskontoret Ørsta Volda

**Utskrift til:**

Hilde S. og Jostein Fossheim, Sunndalsvegen 26, 6110 Austefjorden


Vedlagt følger informasjon om klagerett.

**Kopi til:**

Adv. Lars E. Sande, Pb. 58, 6101 Volda

Landbrukskontoret Ørsta Volda, Rådhuset, 6153 Ørsta





0 50 100 150m

Målestokk 1 : 7500 ved A4 utskrift  
Utskriftsdato: 01.12.2015

GÅRDSKART 1519-66/2  
Tilknyttede grunneiendommer:  
66/2



Markslag (AR5) 13 klasser  
TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av særs høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
<b>Sum:</b>	

AREALTALL (DEKAR)

15.8	
0.0	
27.6	43.4
0.0	
132.1	
15.0	
0.0	
114.3	261.4
0.0	
28.0	
0.2	28.2
0.0	
22.8	22.8
355.8	355.8

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i areallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendomsgrenser



#### 4.1.5 Flyttemønster

Utviklinga held fram mot ei sentralisering nasjonalt, regionalt og lokalt i Volda kommune. I følge tal frå SSB bur 71,5 % av alle innbyggjarane i Volda, i område definert som tettbygd strøk. Tilflyttare til Volda ynskjer primært å busette seg sentralt; i gangavstand til barnehage, skule, jobb, handelsområde og fritidsaktivitetar. Nærheit til natur- og friluftsområde er også ein kvalitet i Volda tettstad. I bygdene går folketalet jamt nedover, sjå Tabell 6.

	2004	2014	Endring 2004–2014	Endring % 2004–2014
Volda tettstad*	5565	6368	803	14,4
Velsvik	61	54	-7	-11,5
Ulvestad	325	286	-39	-12,0
Dravlausbygda	221	200	-21	-9,5
Innselset	38	29	-9	-23,7
Åmelfot og Steinsvik	91	80	-11	-12,1
Dalsbygd	136	102	-34	-25,0
Folkestad	327	279	-48	-14,7
Fylsvik	168	140	-28	-16,7
Bjørkedal	146	137	-9	-6,2
Høydal	77	69	-8	-10,4
Fyrde	205	170	-35	-17,1
Kalvatn	125	97	-28	-22,4
Hjartåbygda	115	115	0	0,0
Egset og Mork	421	462	41	9,7
Eikrem og Ytrestøyl	125	117	-8	-6,4
Lid og Yksnøy	228	181	-47	-20,6
Uoppgitt grunnkrets	3	23	20	
<b>Heile kommunen</b>	<b>8377</b>	<b>8909</b>	<b>532</b>	<b>6,4</b>

Tabell 6: Folkemengde etter grunnkrins, Volda kommune 2004–2014 (SSB tabell 04317).

\* Volda tettstad inkluderar grunnkrinsane: Halkjelsvik, Øyra, Hauane, Myrane, Nedre Heltne, Røyslid, Engeset og Klepp, Norddalen, Nedre Rotset og Greivsnæs, Øvre Rotset, Øvre Heltne og Vikebygd, og Øvre Vikebygda.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(SSB tabell 04317; SSB tabell 10213)

#### 4.1.6 Unge og flytte- og bumønster

Fylket har ei stor utflytting blant unge og denne tendensen ser ut til å auke. Tilgang på relevant arbeid og ynskje om vidare utdanning er for mange avgjerande for om dei vel å flytte eller ikkje. Fylket har stor nettoutflytting blant unge og unge vaksne, særleg i aldersgruppa 20–29år. Dei større byane og deira studietilbod trekker til seg dei unge, og spesielt kvinner. Utdanningstilbod i tettstadane tapar for byane.

Rekruttering av dei "kloke hovuda" er ei utfordring for regionen. Rapporten "Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner?" peikar på at høgskulenes lokalisering har stor betydning for rekruttering til



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Roger Nedreklepp	Arkivsak nr.:	2015/1084
		Arkivkode:	K40

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
37/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### TILDELING AV FELLINGSLØYVE ETTER §18 I FORSKRIFT OM FORVALTNING AV HJORTEVILT

#### Administrasjonen si tilråding:

#### Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter §18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsstyret godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2016 som er opplista i saksutgreiinga:

**Hjortevald 007 Liaskar/Egset, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.**

Tildeling etter §18 skal vere etter kategori kalv(1/2 år), vakse hodyr(1 ½ år og eldre), spissbukk og vakse hanndyr(1 1/2 år og eldre) for det enkelte vald.

Saka gjeld: handsaming etter Viltlova.  
ephorte saksnummer i Volda 2015/1084  
ephorte saksnummer i Ørsta

**1519**

#### Vedlegg

Hjorteviltregisteret: Tildelte og felte dyr 2015.

### **Saksopplysningar**

Volda kommune arbeider for ei betre organisering av hjortevalda i kommunen, at valda utarbeider fleirårig bestandsplan som meir er i samsvar med hjorten sitt årsleveområde. Med bestandsplanar vil rettshavarane drøfte meir langsiktig mål i hjorteforvaltninga, hauste betre i samsvar med beiteressursane og ei stamme med god fordeling på alder og kjønn. I Volda hadde ein i 1999 heile 54 hjortevald, i dag er dette redusert til 21 vald. Likevel har ein altfor mange vald som ikkje i det heile stettar ei faglege og god forvaltning.

### **Tildeling for 2016 etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:**

#### **1. Vald 007 Liaskar/Egset.**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

3 kalv, 2 vaksne koller, 3 spissbukk og 1 vaksen bukk.

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta grunna ekstra stort tal dyr på valdet.

#### **2. Vald 010 Åmelfot/Mårstøyl.**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

3 kalvar, 2 vaksne koller, 3 spissbukk og 1 vaksen bukk.

Det vert gjeve dispensasjon etter §7 i forskrifta grunna ekstra stort tal dyr på valdet.

#### **3. Vald 011 Rotevatn m.fl.**

Tildeling etter §18 i forskrifta:

4 kalvar, 3 vaksne koller, 4 spissbukk og 2 vaksen bukk.

#### **4. Vald 013 Driveklepp:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

1 kalv, 2 spissbukk.

#### **5. Vald 014 Rotset:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 2 spissbukk.

#### **6. Vald 015 Steinsvik:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

4 kalvar, 3 vaksne koller, 4 spissbukk og 1 vaksen bukk.

#### **7. Vald 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 1 vaksen kolle, 2 spissbukk og 1 vaksen bukk.

#### **8. Vald 017 Nordal/Klepp/Strand:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

2 kalvar, 1 vaksen kolle og 1 spissbukk.

**9. Vald 018 Halkjelsvik:**

Tideling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:  
1 kalv, 1 spissbukk.

**10. Vald 019 Åmelfot indre:**

Tideling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:  
1 kalv, 1 spissbukk, 1 vaksen bukk.

**11. Vald 020 Bratteberg:**

Tideling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:  
1 spissbukk.

**12. Vald 022 Mek/Krumsvik**

Tideling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:  
1 kalvar, 1 vaksen kolle, 2 spissbukk og 1 vaksen bukk.

**Vurdering og konklusjon**

Tilrådinga for desse valda er gjort med grunnlag i Forskrift av minsteareal for hjort i Volda kommune av 1. september 2002, etter historisk avskyting på hjortevalda og utviklinga på valdet i seinare år. Årleg hjorteteljning vert òg i ei viss grad vektlagd, om ein ser teljinga over fleire år.

Minstearealet i kommunen er 500 da/700 da, 500 da gjeld Berkneshalvøya t.m. Egset/Liaskar.

Då det nok er grunn for å revidere minstearealet for Volda, vil viltansvarleg legge fram ei sak om revisjon av forskrifta, m.a. om det skal være eit minsteareal for heile kommunen.

Minstearealet vart fastsett av fylkesmannen etter det arealet som kommunen hadde praktisert, men saka var ikkje ute til høyring.

Skal ein endre forskrifta omfattar det sjølvstøtt høyring frå valda og vedtak i forvaltningsstyret.

Ein rår til at forvaltningsstyret godkjenner framlegg for tildeling av hjortevald i Volda for 2016 som er opplista i saksutgreiinga, og tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Ørsta,.....

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar

Roger Nedreklepp  
Fagansvarleg skogbruk

**Utskrift av endeleg vedtak:**

## Hjorteviltregisteret

## Tildelte og felte hjort

Fylke  Kommunenummer  Vald

Fra år  Til år  Visning

År 2015	Tildelt	Felt	Felt	Felt	Felt	Felt	Felt	Felt	Felt	Felt	Fellings-
	totalt	hannkalv	hunnkalv	hannndyr 1/2 år	hunnndyr 1/2 år	hannndyr eldre	hunnndyr eldre	totalt	prosent		
Austefjord Hjortevald	166	18	20	26	13	20	27	124	74,7		
Ytre Dalsfjord Storvald	116	11	9	17	15	7	11	70	60,3		
Bjørkedal utmarkslag	36	2	3	3	5	5	5	23	63,9		
Folkestad Jaktforvaltning	40	3	3	9	0	7	8	30	75,0		
Dalsbygd Hjortevald	45	3	3	11	7	4	7	35	77,8		
Kilsfjord Storvald	32	3	2	4	7	3	3	22	68,8		
Liaskar Egset	9	3	2	1	1	1	1	9	100,0		
Håskjold Mork Eikrem Ytrestøyli	20	0	0	0	0	0	0	0	0,0		
Lid	20	0	0	4	2	1	0	7	35,0		
Åmfot Mårstøyl	10	1	2	2	2	2	1	10	100,0		
Rotevatn Vassbotn Fremmerlid	13	1	4	0	0	2	5	12	92,3		
Bjørkedal Nøre	17	3	1	4	1	0	2	11	64,7		
Driveklepp	5	0	0	0	0	0	0	0	0,0		
Rotset	6	0	0	0	1	0	0	1	16,7		
Steinsvik Vassbakke	17	1	0	1	4	1	0	7	41,2		
Åmfotseter	6	3	0	1	1	0	1	6	100,0		
Åmfotdal											
Nordal Klepp Strand	6	1	1	0	1	0	0	3	50,0		
Halkjelsvik	3	0	0	0	0	0	0	0	0,0		
Åmfot indre	3	0	1	1	1	0	0	3	100,0		
Bratteberg	1	0	0	0	0	0	0	0	0,0		
Mek/Krumsvik	5	1	0	0	0	1	1	3	60,0		



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Roger Nedreklepp	Arkivsak nr.:	2012/1857
		Arkivkode:	K22

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
38/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### **BESTANDSPLAN FOR HJORTEVILT I YTRE DALSFJORD UTMARKSLAG STORVALD 2016-2020**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret godkjenner framlagde bestandsplan for hjort for Ytre Dalsfjord  
Utmarkslag Storvald for perioden 2016 - 2020.*

*Kommunen føreset at valdet oppnår målsettinga om felling på kategori dyr i samsvar med  
eigen plan og avskytingsavtalen med Volda kommune.*

#### **Saksvedlegg:**

Bestandsplan for hjortevilt i Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald 2016 - 2020.  
Avskytingsavtale mellom valdet og Volda kommune.

#### **Saksopplysningar**

Hjortevaldet Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald har i søknad av 10. mars fremma rullering  
av bestandsplan for åra 2016 – 2020.

Valdet søker ei tildeling for perioden på 450 dyr, eller i snitt 90 dyr i året.

Ytre Dalsfjord var tidlegast ute i Volda med å organisere storvald i viltforvaltninga, alt frå  
2004. Valdet har i alt hatt 4 treårsplanar fram til 2015. Dei søker no om ein 5-årsplan for  
2016 – 2020.

Storvaldet omfattar heile 14 tidlegare hjortevald, som no utgjer jaktfelt innan det vi nemner  
som bestandsplanområde, og som er det andre største i Volda. Det var eit pionerarbeid å  
samle alle desse små og dels ulike hjortevalda med omsyn til lokal bestand, topografi,  
personlege oppfatningar av jaktutøving og hausting av viltet til eit forvaltningsområde.  
Valdet utgjer i alt vèl 45 000 da teljande areal med variasjon frå 1500 da til vèl 5000 da for  
det enkelte jaktfelt.

Kommunen gjer vedtak om ei rammetildeling for perioden på frie dyr, men valdet skal oppfylle den avskytingsprofil for perioden 2016 – 2020 som valdet sjølv legg opp til og som forvaltningsstyret godkjenner gjennom framlegd avskytingsavtale. Storvaldet/bestandsplanområde deler sjølv årleg ut tal dyr etter kategori til det enkelte jaktfelt.

At storvaldet administrerer jaktfelta med tildeling og rapportering sparer kommunen for arbeid, noko som vert godtgjort med redusert fellingsavgift. Bestandsplanområda i Volda har 40% reduksjon i årleg fellingsavgift til viltfondet.

Tildeling til Ytre Dalsfjord Storvald var i perioden 2013 – 2015 på 350 dyr. Av desse vart det i perioden felt 234 dyr, eller knapt 67 %. For dei fire 3-års periodane frå 2004 til 2012 vart det felt høvesvis 168 dyr for 2004-2006, 244 dyr for 2007-2009, 267 dyr for 2010-2012. For heile perioden 2004 – 2015 i alt 913 dyr som utgjer om lag 77 % felling ut frå eigen tildeling. Valdet har ikkje tildelt heile kvoten til jaktfelta, men halde attende ei reservekvote. Som det går fram av tabellar og grafar i planen har felling gått relativt mykje attende frå og med 2012.

### **Vurdering og konklusjon**

Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald har lagd fram ein svært omfattande, detaljert og faktabasert bestandsplan for perioden 2016 – 2020.

Kommunen vil framheve valdet som svært godt organisert og eit føredøme for alle andre områder i kommunen som er fragmentert i små og urasjonelle vald, og med det ofte lite miljø for forvaltning og jaktutøving.

Som det òg går fram i vedlagde plan er valdet sær systematisk med dokumentasjon over aktiviteten i valdet med omsyn til felling, vårteljning, sett hjort og slaktevekter, og alt delt på dei enkelte jaktfelta.

Valdet har gjennom heile perioden frå 2004 til i dag gitt kommunen eit sær godt faktagrunnlag til handsaming av bestandsplanar, i særklasse i kommunen.

Noko ein likevel saknar i planen er drøfting om avskytingsprofilen som storvaldet ikkje klarer å oppfylle. Her skulle ein hatt ei god grunn gjeving for at resultatet er blitt slik, og kvifor. I bestandsplanen for komande periode er det heller ikkje endra på denne målsettinga. Med grunnlag i det som synest å være ein klar nedgang i hjortestamma for området, i alle høve for felling. I periode 2012 – 2015 var fellingsprosenten berre på 57, noko som ikkje er akseptabelt.

Viltforvaltninga har på den bakgrunn, og i samråd med storvaldet redusert tildelinga mot det den har vore i tidlegare planperiodar.

For perioden 2016 – 2020 vert det tildelt som ramme 450 dyr, i snitt 90 dyr i året. Dette er ein reduksjon på nær 27 dyr/år i høve til perioden 2013 – 2015.

Ein gjer merksam på § 16 i ny hjorteviltforskrift, gjeldande frå 01.01.2016, som avgrensar overføring av fellingsløyver frå år til år. Bestandsplanområda vil få orientering om dette i ved utsending av årleg tildelingsskriv.

Kvoten vert gitt som frie dyr, men med eit klar målsetting/krav til avskytingsprofil, kva kategori dyr etter kjønn og alder som skal fellast i perioden.

I grunn ligg ei 5x20 % fordeling mellom kategori kalv, ungt hodyr, ungt hanndyr, eldre hodyr og eldre hanndyr.

Dette var målsettinga òg for perioden 2013 – 2015. Målsettinga vart ikkje oppnådd, og særleg merkar ein seg langt høgre felling av hodyr enn hanndyr, høvesvis 43%/32%. Det bør vere motsett om stamma er på veg ned, og ein har som mål å halde denne oppe. Om ein derimot vil ha ei mindre stamme kan ein ta ut meir av hodyra/produksjonsdyra.

Ein viser til saksutgreiinga og framlagde bestandsplan for Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald for 2016 - 2020, og tilrår at forvaltningsstyret godkjenner planen. Ein føreset at valdet oppnår målsettinga i avskytingsprofilen slik det går fram av avskytingsavtalen med kommunen.

Ørsta,.....

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar

Roger Nedreklepp  
Fagansvarleg skogbruk

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**



# BESTANDSPLAN

for HJORTEVILT i

YTRE DALSFJORD UTMARKSLAG  
STORVALD

2015 - 2020

(VOLDA KOMMUNE I MØRE OG ROMSDAL)





1.	Innleiing.....	3
2.	Område og medlemmer .....	3
2.1.	Grunneigarar som vil stå utafor storvaldet .....	3
2.2.	Avstemmingsreglar.....	3
2.3.	Suverenitet .....	4
3.	Status-del (planføresetnader og bestandsdata) .....	4
3.1.	Hjorteviltet sin arealbruk.....	4
3.1.1.	Utbreiinga.....	4
3.1.2.	Trekkområde.....	4
3.2.	Beiteskade.....	4
3.2.1.	Beiteskade på åker/eng/skog.....	4
3.2.2.	På åker og eng.....	4
3.2.3.	På skog .....	4
3.3.	Fallvilt.....	5
3.3.1.	Trafikkdrepne dyr .....	5
3.3.2.	Sjølvdaua dyr .....	5
3.3.3.	Påskote dyr - funne etter avslutta søk .....	5
3.4.	Sett dyr.....	5
3.4.1.	Sett under jakta .....	5
3.4.2.	Teljing av hjorteviltet .....	5
3.4.3.	Merkte dyr .....	6
3.5.	Felt dyr.....	6
3.5.1.	Fellingsrapport.....	6
3.5.2.	Statistikk over fellingsrapportane.....	6
3.5.3.	Eit oversyn over tildelte/felte dyr .....	6
4.	Forvaltings-del .....	6
4.1.	Avskytingsstrategi .....	6
4.1.1.	Fordeling på alder og kjønn (evt. vektklasse for hodyr) .....	6
4.1.2.	Beskattning av produksjonsdyra .....	6
4.2.	Skadedyr .....	7
4.3.	Feil-felling.....	7
4.3.1.	Felling av feil dyr .....	7
4.3.2.	Felling av for mange dyr .....	7
4.4.	Skrapdyr.....	8
4.5.	Utleige .....	8
4.5.1.	Tilgienge for ålmenta / Styrking av næringsgrunnlaget.....	8
4.5.2.	Avgrensingar .....	8
4.5.3.	Pris ordning .....	8
4.6.	Andre særskilte reglar/anvisingar .....	8
4.6.1.	Kalvekontroll .....	8
4.6.2.	Jakt med hund .....	9
4.6.3.	Avlsdyr .....	9
4.6.4.	Skyting av kolle og kalv .....	9
4.6.5.	Samarbeid mellom jaktfelt.....	9
5.	Økonomi-del .....	9
5.1.	Inntekter .....	9
5.1.1.	Eigenandel (medl.kont. m.m.).....	9
5.1.2.	Tilskot (Statens viltfond, kommunalt viltfond m.m.) .....	9
5.1.3.	Sal av feilskotne dyr, skadedyr og ”reservedyr” .....	9
5.2.	Utgifter.....	9
5.2.1.	Godtgjersle til medlemmer i valdstyret .....	9
5.2.2.	Budsjett .....	9
6.	Tiltaksdel med tidsplan.....	10
7.	Planperiode .....	10
8.	Vedlegg .....	10



## 1. Innleiing

**Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald** er ei samanslutning av grunneigarar i Ytre Dalsfjord.

**Føremålet** er å samarbeide om og for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av hjorteviltet i storvaldet sitt område, i balanse med området si bereevne.

**Føresetnaden** er at den/dei som har retten til jakta, også skal forvalte viltet, og at dette må gjerast i fellesskap – og i samråd med viltorgana når dette høver.

## 2. Område og medlemmer

Området er gardsnummera frå og med 167 til og med 139 i Volda kommune, alle med tilhøyrande setrar. Medlemmer er grunneigarar med jaktrett under desse gardsnummera.

Medlemsskapet er frivillig, og innmelding er gjort med underskrift på eige innmeldingsskjema. Utmelding skal også vere skriftleg til valdstyret, og innan 31.des. året før utmeldinga skal gjelde.

(Innmeldingsskjema med opplysning om vilkår for innmelding ligg ved denne planen.)

**Kvart valdnummer med tilhøyrande seter er etter dette eit jaktfelt.**

Jaktfelta har slikt teljande areal, (opplyst frå Viltnemnda):

Valdnr. (No jaktfelt)	Gardsnr.	Namn	Mål	Andel i %
19	167	Velsvik	5000	11,0375
18	166,165	Koppen/Høgstøyl	3400	7,5055
17	164	Telset	2600	5,7395
16	163,161	Gjøsdal/Torvik	1800	3,9735
15	160,159,158	Ulvestad/Espenakk/Haugen	5300	11,6998
52	157,156,155	Lauvstad/Nakken/Løndal	3800	8,3885
14	151,152,153, 154	Kvangardsnes/Sætre/ Grøthol/Sætreås	3700	8,1678
13	150	Skrubbeneset (Nesheim)	2000	4,4150
12	149	Dravlaus Ytre (Dravlausdalen)	3000	6,6225
48	148,147,146 145(1+2)	Dravlausvik/Dravlauslid/Dravlaus Indre (Myra, Holen, Reitane, m.a.)	4900	10,8168
56	144,143,145 (3)	Lillebøl/Løvik	2200	4,8565
58	142	Lyngnes	1500	3,3113
40	141,140	Aksnes/Aksnessæter	2500	5,5188
10	139	Innselset	3600	7,9470
		<i>Totalt teljande areal</i>	<i>45300</i>	<i>100</i>

### 2.1. Grunneigarar som vil stå utafør storvaldet

Desse kan halde egedomen sin utafør. Dei vil då ikkje få tildelt fellingsløyve frå storvaldet, men lyt etablere eigen bestandsplan og søkje egne løyve frå Viltnemnda. Når det gjeld sameige, viser ein til Lov om sameige.

### 2.2. Avstemmingsreglar

Storvaldet er til vanleg underlagt vedtektene for Ytre Dalsfjord Utmarkslag, og har same styret. Ved avstemming i saker som gjeld storvaldet gjeld fylgjande:





Stemmerett har ein person frå medlemen sin husstand. Ein medlem kan møte med skriftleg fullmakt og avgje stemme for ein annan medlem, men ikkje for fleire. Dersom ein medlem krev det, skal det nyttast gradert stemmerett, elles nyttar ein vanleg fleirtalsvedtak mellom dei framømte. Ved gradert stemmerett gjeld fylgjande:

- 2.2.1. Under eller lik 1,0 i skyld har 1 part
- 2.2.2. Over 1,0 og inntil 2,0 i skyld har 2 partar
- 2.2.3. Over eller lik 2,0 i skyld har 3 partar

Dette føreset at skylda for kvart bruk er avklart, inntil dess gjeld vanleg fleirtalsvedtak.

### **2.3. Suverenitet**

Kvart jaktfelt (tidlegare vald), har framleis full råderett over sin eigen grunn og sine egne jaktrettar etter tidlegare praksis og sedvane. Storvaldet oppmodar til samarbeid mellom jaktfelta på slike måtar dei sjølve finn best. Sjå pkt 4.6.5 bak.

## **3. Status-del (planføresetnader og bestandsdata)**

Statusdelen dannar grunnlaget for vurdering av volum, kondisjon og utbreiing. Dette som grunnlag for forvaltningsdelen.

### **3.1. Hjorteviltet sin arealbruk**

#### **3.1.1. Utreiinga**

Utreiinga er over praktisk talt heile det teljande arealet i området, men sjølvsagt meir og mindre tett. Tettleiken varierer også med årstida; meir ujamn fordeling sist i jaktseongen enn tidleg i seongen.

#### **3.1.2. Trekkområde**

Trekkområde til og frå valdet er særleg setredalane og fjellovergangane, særleg over Sundnesskaret, Ulvestaddalen, Dravlausdalen, stranda til Åmelfot og til Norddalen. Innafor området trekkjer dyra både på langs og på tvers i storvaldet.

### **3.2. Beiteskade**

#### **3.2.1. Beiteskade på åker/eng/skog**

Beiteskade gir ein viss indikasjon på at dyretalet er for høgt for bereevna i området. Slike skadar kan vere på åker og eng, og på skog, som nedbeiting av nyplanta smågran og som avgnaging av bork på yngre grantre. Grunneigar melder frå til valdstyret om slike skadar.

#### **3.2.2. På åker og eng**

Det er no slutt på erstatning for slik skade, og dermed også slutt på innmeldingar. Landbrukskontoret har ingen registrerte beiteskader pr. 16 feb. 2004.

#### **3.2.3. På skog**

Det er no slutt på erstatning for slik skade, og dermed også slutt på innmeldingar. Landbrukskontoret har ingen registrerte beiteskader pr. 16 feb. 2004.





### 3.3. Fallvilt

#### 3.3.1. Trafikkdrepne dyr

Trafikkdrepne/skadde dyr skal meldast til Lensmannen i Volda som tar kontakt med Viltnemnda. Viltnemnda har då ansvar for ettersøk og/eller slakting, jf. Rskr. Frå DN "Om kommunal viltforvaltning" pkt 3.1.

#### 3.3.2. Sjølvdauda dyr

Det har ikkje vore funne daude dyr i eit antal som kan seiast å ha større innverknad på stammen i området. Det er viktig at funn av daude dyr vert innmelde til valdstyret, som då kan vurdere om tapet bør takast omsyn til ved utarbeidinga av fellingsplanen.

Sjølvdauda dyr skal meldast til valdleiar og viltnemnd straks. Må slike dyr flyttast/fjernast, har grunneiger ansvaret for det.

Ut frå storleiken og boniteten på valdet, vil ein kunne tru at talet vil variere ein stad mellom 0 og 10 pr. år, alt etter ver og føreforhold om vinteren.

Viktig å få oversyn over antalet vaksne koller som sjøldaudar, for då vil ein vanlegvis misse også ein kalv. Viktig å legge inn høgde for harde vintrar – og heller hauste eit evt. overskot i ettertid.

#### 3.3.3. Påskote dyr - funne etter avslutta søk

Alle skadeskytingar skal innrapporterast til valdleiar og Viltnemnda. (Dette er dyr som ikkje er funne under ettersøk, men som seinare er funne daudt og dødsårsaka er skotskadar).

### 3.4. Sett dyr

#### 3.4.1. Sett under jakta

Frå og med 2003 har Viltnemnda utstett skjema "Sett hjort", og jegerane i dei største valda har nytta dette under jakta. Alle jegerar i storvaldet blir bedne om å fylle ut skjemaet.

Desse opplysningane samlar styret inn på evalueringsmøtet etter jaktslutt. Valdstyret set opplysningane inn i ein statistikk, som skal vere med å legge grunnlaget for avskytingsstrategi og avskytingsplan. Valdstyret sender opplysningane til Viltnemnda.

**NB.** Jeger skal framleis også melde frå til jaktfelleiar innan 12 timar om kvart dyr som er felt.

#### 3.4.2. Teljing av hjorteviltet

Viltnemnda har talt dyr sidan 1995. Frå og med år 2000 har det vore talt to gonger kvart år, ein gong i april, ein gong i mai.

Valdstyret har ansvaret for slike teljingar.

Teljingar på våren/føresommaren vil i hovudsak syne vaksne og halvaksne dyr, men ut frå antal vaksne koller kan eit antal kalvar stipulerast så nokolunde med å bruke ein faktor på 0,8-0,9.

Teljingane skal gjerast samstundes med omkring liggande regionar/storvald. Teljingane bør gjerast om lag på same tid frå år til år, t.d. slik:

- I løpet av april
- I løpet av mai

Eit oversyn over teljingsresultata frå og med 1995 ligg ved bestandsplanen.



### 3.4.3. Merkte dyr

Om mogleg med nummer, skal meldast til jaktfelleiar og Viltnemnd straks. Jaktfelleiar rapporterer vidare til storvaldet.

## 3.5. Felt dyr

Resultatet av jakta skal inngå i statistikkgrunnlaget for forvaltninga. Som eit minimum skal følgjande inngå:

### 3.5.1. Fellingsrapport

I antal dyr fordelte på jaktfelt, alder og kjønn. Dette skal gå fram av fellingsrapporten som kvart jaktfelt v/jaktleiar sender inn til valdstyret innan 10 dagar etter at jakta er slutt.

### 3.5.2. Statistikk over fellingsrapportane

Valdstyret set opp statistikk over utviklinga på fellingsprosenten, alder på dyra, kjønn og slaktevekt. Dette reknar valdstyret ut etter dei innkomne opplysningane – med avskytingsplan og avskytingsstrategi for auge.

### 3.5.3. Eit oversyn over tildelte/felte dyr

I planen ligg ved tabellar, der slike opplysningar er samla statistisk. Slik har storvaldet ein "historisk" bakgrunn som kan byggast vidare på.

## 4. Forvaltings-del

### 4.1. Avskytingsstrategi

Valdet skal ha ein avskytingsavtale med kommunen, avtalen skal seie:

Kor mange dyr som kan fellast i avtaleperioden. Styret kan justere tildeling/avskyting dersom teljinga om våren skulle tilseie det.

Kva slags dyr som kan fellast (kjønn, alder/evt.vektklasse).

Avskytingsavtalen med kommunen skal utarbeidast av valdstyret basert på utarbeidd statistikk og innsamla data, og leggst fram på årsmøtet. Årsmøtet skal gje si tilråding.

#### 4.1.1. Fordeling på alder og kjønn (evt. vektklasse for hodyr)

Som ein grunnregel for hausting i ein "normalbestand" tilrår fagkunnskapen ei slik (tilnærma) fordeling: 20% vaksne hanndyr, 20% vaksne hodyr, 20% 1,5 års hanndyr, 20% 1,5 års hodyr, 20% årskalv.

Ut frå bestandsutviklinga kan prosentane endrast.

#### 4.1.2. Beskattning av produksjonsdyra

Sentralt i ein avskytings- og forvaltingsstrategi er at ein må vite kva ein vil, ut frå kva ein har. Dette må byggast mest mogleg på fakta.

Difor er innsamling, skjemaføring og analyse av opplysningar svært viktige for å oppnå ei forsvarleg forvaltning.

Ein bør ta sikte på eit uttak av minimum 20 % kalv og maksimum 20 % vaksen kolle. I fyrstninga vil valdet framleis tildele etter bukk, frie dyr og kalv, fellingsresultata skal imidlertid registrere eldre bukk, bukk 1.5 år, eldre kolle, kolle små < 55 kg, kalv hann, kalv hoe. Ein kan då over tid vurdere om det vert naudsynt med meir detaljert tildeling. For å styrkje stamma vil valdstyret oppmode om å ta ut skrapdyr, samt spare eldre koller og bukkar (10 taggar og meir).





## 4.2. Skadedyr

Det vil rimelegvis frå tid til anna dukke fram spørsmål om hjorteskade på åker/eng – og på skog. Grunneigar må melde frå om slikt til valdstyret, som må gjere ei vurdering av kvar skade for seg. Grunneigar pliktar å prøve åtgjerder (gjerde, skremsle, "hylar" og likn. før det kan gjevast løyve til felling. Jf. r.skr. 390 frå DN. Finn valdstyret grunnlag for det, kan løyve gjevast til felling av skadedyr. Slike dyr skal kome utanom ordinær kvote, og skal tilfalle storvaldet. Styret skal varslast straks dyret er felt, og er ansvarleg for slakting og sal av det felte dyret.

**Inntil vidare er det berre VILTNEMNDA som kan gje fellingsløyve på skadedyr, verdien av viltet skal i så fall tilfalle viltnemnda om ikkje anna er avtalt.**

## 4.3. Feil-felling

Jeger som feller feil dyr eller for mange dyr skal slakte og stelle dyret på beste vis, samt straks melde frå til valdleiar eller nestleiar.

### 4.3.1. Felling av feil dyr

**Jaktfelleiar og valdleiar vert einige om eitt av fylgjande alternativ:**

- 4.3.1.1. Dersom jaktfeltet har att dyr på kvota av den felte typen, bør jaktfeltet primært bytte feilskote dyr internt. Dersom dette ikkje er mogleg:
- 4.3.1.2. Valdleiar anviser andre jaktfelt som har att eit slikt dyr på si kvote. Dyret kan då byast fram (med evt. gevir) til vedkomande jaktfelt – som står fritt til å ta i mot eller å la vere.
- 4.3.1.3. Betale dyret med marknadspris (vert fastsett av styret år for år) + fellingsavgift + hundeavgift til storvaldet. Feilskote dyr går då ikkje av jaktfeltet si kvote, men av storvaldet si reservekvote.
- 4.3.1.4. Dyret kan registrerast på jaktfeltet si kvote, og vert korrigerert i høve neste års tildeling.

Felling av eit yngre dyr enn det tildelte og av same kjønn, er ikkje å rekne som feilskyting, jf. tanken om å spare avlsdyra.

### 4.3.2. Felling av for mange dyr

**Jaktfelleiar og valdleiar vert einige om eitt av fylgjande alternativ:**

- 4.3.2.1. Eit anna jaktfelt som har att tilsvarande dyr på kvota, får høve til å overta dyret.
- 4.3.2.2. Dyret kan registrerast på jaktfeltet si kvote, og vert trekt frå ved neste års tildeling.
- 4.3.2.3. Dyret kan gå av storvaldet si reservekvote. Då skal vedkomande jeger/jaktlag sjølv kjøpe dyret, eller selje dyret til marknadspris til inntekt for storvaldet.

Er reservekvota for valdet oppbrukt, skal kommunen varslast.

Dersom same jeger/jaktlag feller feil dyr/for mange dyr fleire gonger, vil reaksjonen verte strengare. Til dømes kan kvota det påfylgjande året verte redusert tilsvarande med feilskytinga, eller det doble av feilskytinga.



#### 4.4. Skrapdyr

For å påverke utviklinga av hjortestamma slik at stamma får store avlsdyr og god og helsesam kjøtproduksjon, har valdet ei ordning med skyting av skrapdyr. Definisjonen på skrapdyr er fylgjande:

- 4.4.1. Kalv: Slaktevekt under 17 kg
- 4.4.2. Kolle: Slaktevekt under 35 kg
- 4.4.3. Bukk: Slaktevekt under 40 kg

Ved felling av skrapdyr skal valdleiar/nestleiar kontaktast straks. Alle innmelde skrapdyr skal inspiserast av valdleier/nestleiar og jaktfeltleiar. Jeger får dyret, men betalar fellingsavgift.

Jeger/jaktfelt får tildelt nytt dyr som går av storvaldet si reservekvote. **Dersom dyret er påviseleg sjuk, skal fellingsavgift ikkje betalast. Berre veterinær kan kassere sjuke dyr. Storvaldet ber kostnad til veterinær etter godkjenning på førehand av valdleiar.**

#### 4.5. Utleige

##### 4.5.1. Tilgjenge for ålmenta / Styrking av næringsgrunnlaget

Alle jaktrettshavarar har rett til å leige ut sin del av jaktretten.

Utleige kan vere aktuelt for å styrke næringsgrunnlaget for den einskilde jaktrettshavar.

Utleigar skal :

- 4.5.1.1. Gjere alle avgrensingar klare for leigar (jaktfeltgrenser, vedtekter, særskilde reglar m.m.)
- 4.5.1.2. Forsikre seg om at leigar oppfyller alle lovpålagde krav (betalt jegeravgift, godkjend skyteprøve, avtale om ettersøkshund m.m.)
- 4.5.1.3. Ha ansvaret for meldeplikta til jaktfeltleiar.
- 4.5.1.4. Ha skriftleg kontrakt med leigar.

Same reglar gjeld dersom grunneigar ikkje jaktar sjølv, men har leigd inn jeger til å jakte for seg.

##### 4.5.2. Avgrensingar

- 4.5.2.1. Framleige skal ikkje tillatast.
- 4.5.2.2. Utleigetid kan vere heile – eller deler av – jaktseasonen.
- 4.5.2.3. Antal og type dyr må avtalast i kontrakten (jf. 4.4.1.).  
(Helst bør ungdyr/kalv leigast ut, for å spare avlsdyra.)
- 4.5.2.4. Sjå elles § 28 i Viltloven.

##### 4.5.3. Pris ordning

Dette er i utgangspunktet eit forhold mellom kjøpar og seljar. Sjå elles heftet "Lokal forvaltning av elg og hjort". (N.Bondelag/N.Skogeierforbund).

#### 4.6. Andre særskilte reglar/anvisingar

##### 4.6.1. Kalvekontroll

Kalvekontroll vert framleis gjennomført av Viltnemnda etter til einkvar tid gjeldande reglar.





#### **4.6.2. Jakt med hund**

Jakt med hund er ikkje tillate i storvaldet.

#### **4.6.3. Avlsdyr**

Storvaldet oppmodar om å spare dei største avlskollene og bukkane (ti taggar og meir). Kombinert med uttak av skrapdyr vil dette over tid medføre ei stamme av større og helsesame dyr.

#### **4.6.4. Skyting av kolle og kalv**

Ved skyting av kolle og kalv oppmodar storvaldet til at kalven vert skoten fyrst.

#### **4.6.5. Samarbeid mellom jaktfelt**

Storvaldet oppmodar til samarbeid mellom jaktfelta. Jaktfelt som har lite dyr, kan oppmode om å få skyte på jaktfelt med mykje dyr. Jaktfelt som har brukt opp kvota, men framleis har mykje dyr i området, bør tilby andre jaktfelt å skyte på sitt område. Jaktfelta har imidlertid full suverenitet over sine område, og jakt over feltgrensene utan godkjenning er strengt forbode. Jaktfelt som søker formelt samarbeid gjer dette ved årleg søknad til styret i storvaldet, og styret gjev då eit ekstra fellingsløyve pr år til kvart jaktfelt som samarbeider.

## **5. Økonomi-del**

### **5.1. Inntekter**

#### **5.1.1. Eigenandel (medl.kont. m.m.)**

I utgangspunktet søker ein å unngå behovet for eigenandel, valdet bør klare seg utan økonomiske bidrag frå medlemane. Dersom naudsynt, skal slike eigenandeler ytast i samsvar med skylda til det einskilde gardslaget. Jf. Vedtekter § 3.

#### **5.1.2. Tilskot (Statens viltfond, kommunalt viltfond m.m.)**

Styret må gjere seg kjent med tilgjengelege tilskotsordningar – vilkår og søknadsfrist – og sende dei aktuelle søknader.

Aktuelle kjelder: Kommunalt viltfond, Fylkesmannen, Skogeigarlaget med lokale avdelingar, Bondelaget med lokale avdelingar.

#### **5.1.3. Sal av feilskotne dyr, skadedyr og ”reservedyr”**

Styret handsamar bruken av slike inntekter.

### **5.2. Utgifter**

#### **5.2.1. Godtgjersle til medlemmer i valdstyret**

Styret ynskjer å avgrense alle kostnadar, dette slik at storvaldet skal være uavhengig av innskot frå medlemane. Styret arbeidar soleis utan økonomisk kompensasjon.

#### **5.2.2. Budsjett**

Det skal kvart år setjast opp eit budsjettframlegg som skal leggjast fram for årsmøtet. Målet er at storvaldet skal vere sjølvfinansierande (off. tilskot, sal av reservedyr), slik at ein kan sleppe unna innkrevjing av eigenandeler.



## 6. Tiltaksdel med tidsplan

Pkt.	Tiltak	Tidsplan	Kostnad	Ansvar
3.2	Beiteskade, registrering	Heile året	0	Gr.eigar/valdstyre
3.3.	Trafikkdrepne/sjøldauda dyr, melding	Heile året	0	Gr.eigar/valdstyre
3.4.1	Sett dyr, melding (+ statistikk)	Jakttida + etter jakta	0	Jeger+valdstyre
3.4.3	Merkt dyr, melding (+statistikk)	Jakttida + heile året		Gr.eigar/jeger
3.4.2	Oversyn dyretal i området	3 gongar, om våren/sommaren	0	Gr.eigar/valdstyre
3.5.1	Fellingsrapport	Jakttida + etter jakta	0	Jeger/jakfeltleiar
3.5.2	Statistikk	Etter jakta	0	Valdstyre
4.1	Avskytings-strategi (beskatting)	Før årsmøtet	0	Valdstyret

## 7. Planperiode

Denne forvaltingsplanen er godkjend for 5 år; planperioden 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020. Planen vert revidert etter som erfaringar kjem inn.

Siktemålet er at ein vanleg planperiode skal vere 5 (fem) år.

## 8. Vedlegg

1. "Sett hjort" – statistikkført
2. Teljingsresultat
3. Tildelte/felte dyr
4. Alder, kjønn og slaktevekter for felte dyr
5. Mal for tildeling

Det vert elles vist til på Facebook: Ytre Dalsfjord Utmarkslag.



### HJORTETELJING 1995-2015

Velsvik - Innselset

89	1995	89	46	0	51	94	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231
89	1996	46	0	51	94	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231	
46	1997	0	51	94	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231		
0	1998	51	94	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231			
51	1999	94	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231				
94	2000a	75	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231					
75	2001b	95	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231						
95	2002a	66	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231							
66	2002b	50	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231								
50	2003a	99	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231									
99	2003b	62	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231										
62	2004a	131	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231											
131	2004b	104	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231												
104	2004c	139	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231													
139	2005a	145	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231														
145	2005b	140	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231															
140	2005c	108	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																
108	2006a	102	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																	
102	2006b	94	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																		
94	2006c	246	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																			
246	2007a	161	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																				
161	2007b	145	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																					
145	2007c	175	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																						
175	2008a	172	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																							
172	2008b	126	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																								
126	2008 c	209	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																									
209	2009 a	238	133	178	175	165	242	257	185	173	231																										
238	2009 b	133	178	175	165	242	257	185	173	231																											
133	2010 a	178	175	165	242	257	185	173	231																												
178	2010 b	175	165	242	257	185	173	231																													
175	2011 a	165	242	257	185	173	231																														
165	2011 b	242	257	185	173	231																															
242	2012 a	257	185	173	231																																
257	2012 b	185	173	231																																	
185	2013 a	173	231																																		
173	2013 b	231																																			

205	2014 a	205	131	261	257
131	2014 b	261	257		
261	2015 a	257			
257	2015 b				
168		259			



## VALD 02, YTRE DALSFJORD UTMARKSLAG. SETT HJORT SKJEMA 2015

	dagar	jegarar	timar	sp.bukk	bukk	kolle	kalv	ukjent	sum sett	bukk/kolle	kalv/kolle	dyr/timar	dyr/dag
19 Velsvik	20	28	57	8	4	27	16	7	62	0.4444	0.5926	1.0877	3.1000
18 Koppem	34	48	129	13	4	112	98	19	246	0.1518	0.8750	1.9070	7.2353
17 Tøset	21	21	59	4	9	13	11	85	122	1.0000	0.8462	2.0678	5.8095
16 Torvik	13	18	39	2	2	25	15	7	51	0.1600	0.6000	1.3077	3.9231
15 Ulvestad	25	37	90	13	12	97	69	52	243	0.2577	0.7113	2.7000	9.7200
52 Lauvstad	21	63	125	8	4	31	22	70	135	0.3871	0.7097	1.0800	6.4286
14 Sætre	21	43	44	0	0	12	5	0	17	0.0000	0.4167	0.3864	0.8095
13 Skrubbenes	6	10	16	3	1	11	9	2	26	0.3636	0.8182	1.6250	4.3333
12 Dravlaus Ytre	15	15	50	14	1	94	72	0	181	0.1596	0.7660	3.6200	12.0667
48 Myren, Holen	12	15	37	4	5	30	25	5	69	0.3000	0.8333	1.8649	5.7500
56 Lillebøl/Løvik	12	12	32	1	0	7	7	2	17	0.1429	1.0000	0.5313	1.4167
58 Lyngnes	7	7	8	3	2	4	4	4	17	1.2500	1.0000	2.1250	2.4286
40 Aksnes	3	3	7	0	1	4	2	0	7	0.2500	0.5000	1.0000	2.3333
18 Innsøset	19	25	102	1	1	4	5	0	11	0.5000	1.2500	0.1078	0.5789
<b>SUM</b>	<b>229</b>	<b>345</b>	<b>795</b>	<b>74</b>	<b>46</b>	<b>471</b>	<b>360</b>	<b>253</b>	<b>1204</b>	<b>0.2548</b>	<b>0.7643</b>	<b>1.5145</b>	<b>5.2576</b>



## GJENNOMSNIITT

pr.dag	pr.dag	pr.dag	pr.timar
Jeger	Timar	Dyr	Dyr
1.51	3.47	5.26	1.51






Tabell 1 : Sett hjort									Samleskjema		
	dagar	jegerar	timar	bukk	kolle	kalv	ukjent	dyr i alt		bukk/kolle	kalv/kolle
2007	156	159	456	103	349	232	344	1028	2007	0.30	0.66
2008	254	290	765	200	496	316	535	1547	2008	0.40	0.64
2009	350	330	744	209	442	259	529	1439	2009	0.47	0.59
2010	217	280	570	154	440	286	129	1009	2010	0.35	0.65
2011	187	224	549	118	313	196	196	823	2011	0.38	0.63
2012	187	232	535	131	300	216	531	1178	2012	0.44	0.72
2013	146	192	423	112	453	316	516	1397	2013	0.25	0.70
2014	166	216	518	94	376	255	106	831	2014	0.25	0.68
2015	229	345	795	120	471	360	253	1204	2015	0.25	0.76



Vi vil kunne lese av om bukke-bestanden aukar eller minkar - når vi har ført statistikk nokre år.

Gjennomsnitt

	pr.dag	pr.dag	pr.dag
	Jeger	Timar	Dyr
2007	1.02	2.92	6.59
2008	1.14	3.01	6.09
2009	0.94	2.13	4.11
2010	1.29	2.63	4.65
2011	1.20	2.94	4.40
2012	1.24	2.86	6.30
2013	1.32	2.90	9.57
2014	1.30	3.12	5.01
2015	1.51	3.47	5.26






## Tabell 2 : Sett hjort, statistikk felte dyr


### SLAKTEVEKTER

	hankalv	hokalv	fjorsbukk	fjorskolle	v.bukk	v.kolle
2007	27.70	30.00	52.90	50.80	71.10	67.60
2008	25.50	22.50	49.80	43.40	72.40	54.30
2009	28.20	24.80	52.50	47.10	83.00	59.60
2010	25.60	21.70	52.11	48.90	78.00	61.90
2011	28.00	26.00	46.40	45.20	63.00	56.20
2012	28.00	28.00	54.18	50.24	77.08	62.00
2013	26.77	25.50	49.71	46.17	67.33	59.41
2014	26.88	25.63	51.25	43.85	79.54	61.67
2015	26.73	25.56	52.24	43.33	67.29	63.45



### KJØNNSFORDELING

	hankalv	hokalv	fjorsbukk	fjorskolle	v.bukk	v.kolle
2007	10.94	6.25	23.44	20.31	12.50	26.56
2008	10.87	13.04	15.22	15.22	18.48	27.17
2009	12.16	12.16	20.27	22.97	16.22	16.22
2010	12.35	13.58	18.52	20.99	18.52	16.05
2011	10.89	9.90	24.75	20.79	15.84	17.82
2012	13.58	7.41	27.16	20.99	16.05	14.81
2013	14.77	9.09	19.32	27.27	10.23	19.32
2014	10.53	10.53	15.79	26.32	17.11	19.74
2015	15.71	12.86	24.29	21.43	10.00	15.71











**KVOTETILDELINGAR OG FELLINGSRATE 2015 vald 02; Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald**

Jaktfeltnr.	TILDELT				FELT								Sum	Fellrate pr. vald %	Anmerk
	Totalt	Frie dyr	Bukk	Kalv	Hannkalv	Hokalv	Bukk 11/2 år	Kolle 11/2 år	Eldre bukk	Eldre kolle					
19 Velsvik	11	6	3	2	1	1	2	2	1	2	9	82			
18 Koppen	8	4	2	2	1	1	1	0	0	2	5	63			
17 Tøset	7	3	2	2	0	2	2	1	0	1	6	86	1+ i samarbeid		
16 Torvik	7	3	2	2	2	0	2	3	0	0	7	100	1+ i samarbeid		
15 Ulvestad	15	9	3	3	2	1	3	2	1	2	11	73	1+ i samarbeid		
52 Lauvstad	12	6	3	3	2	1	3	2	0	1	9	75			
14 Sætre	9	5	2	2	0	1	0	1	0	2	4	44			
13 Skrubbenes	5	2	1	2	1	1	1	1	1	0	5	100			
12 Dravlaus Ytre	7	3	2	2	0	0	0	0	1	0	1	14			
48 Myren, Holen	12	6	3	3	0	1	1	0	2	1	5	42			
56 Lillebøl/Løvik	5	3	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0			
58 Lyngnes	5	3	1	1	1	0	1	1	0	0	3	60			
40 Aksnes	5	2	1	2	0	0	0	2	1	0	3	60			
10 Innselset	5	2	1	2	1	0	1	0	0	0	2	40			
<b>Totalt</b>	<b>113</b>	<b>57</b>	<b>27</b>	<b>29</b>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>17</b>	<b>15</b>	<b>7</b>	<b>11</b>	<b>70</b>	<b>62</b>			
<b>Fordeling i %</b>		<b>50.44</b>	<b>23.89</b>	<b>25.66</b>	<b>28.57</b>	<b>24.29</b>	<b>21.43</b>	<b>10</b>	<b>15.71</b>	<b>100</b>					
<b>Idealfordeling</b>					<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>20</b>					

Samla fellingsrate:

61.95 %

60.87 % dersom ekstradyr tel med



Kjønsfordeling:

- Hoddyr inklusive kalv: 50 %
- Hanndyr inklusive kalv: 50 %
- Hoddyr eksklusiv kalv: 52 %
- Hanndyr eksklusiv kalv: 48 %





	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Snitt
	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	tildelt	2005-15
19 Velsvik	8	7	8	10	11	10	11	8	11	10	11	9
18 Koppen	6	6	6	8	8	7	9	7	8	6	8	5
17 Tøset	5	5	5	7	7	6	6	6	7	6	7	6
16 Torvik	5	5	5	7	7	6	6	6	7	7	7	6
15 Ulvestad	12	12	12	16	16	14	14	14	15	15	15	11
52 Lauvstad	9	9	9	11	12	11	12	11	12	12	12	9
14 Sætre	7	7	7	9	9	8	8	8	9	9	9	4
13 Skrubbenes	4	4	4	5	5	4	4	4	5	5	5	5
12 Dravlaus Ytre	5	5	5	7	7	6	6	6	7	7	7	1
48 Myren, Holen	9	9	9	12	12	11	11	11	12	12	12	5
56 Lillebøl/Løvik	4	4	4	5	5	4	4	4	5	5	5	0
58 Lyngnes	3	3	3	4	4	4	4	4	5	5	5	3
40 Aksnes	3	3	3	4	4	4	4	4	5	5	5	3
10 Innselset	4	4	4	5	5	4	4	4	5	5	5	2
Totalt	84	84	84	110	112	99	99	99	81.0	88.0	113.0	76.0
Fellingsrate	64.3	70.2	78.6	82.7	77.7	85.9	102.0	81.82	77.88	67.26	113.0	70.0
												77.30





## JAKTFELTLEIARAR I YTRE DALSFJORD UTMARKSLAG 2015

JAKTFELT	NAMN	TELEFON	EMAIL
Velsvik	Ole Gunnar Klingberg	90590589	ole.kling@gmail.com
Koppen	Inge Moen	97037096	inge.moen@tussa.com
Telset	Anders Telset	90687835	anje-te@online.no
Torvik	Jan Olav Torvik	90583120	jan-olav@tussa.com
Ulvestad	Erling Ulvestad	48062772	erling.ulvestad@eiksenteret.com
Lauvstad	Håvard Lauvstad	90586980	hlauvstad@yahoo.com
Sætre	Andre Sætre	90054587	saetreandre@gmail.com
Skrubbenes	Oddbjørn Lyngnes	95763785	oddbjorn.lyngnes@tussa.com
Dravlaus Ytre	Odd Arild Drabløs	48095870	drablo@yahoo.no
Myren/Holen	Moritz Brenne	90042419	moritz.brenne@marineharvest.com
Lillebø/Løvik	Gunnar Lillebø	48109617	gunnar.lillebo@tussa.com
Lyngnes	Oddbjørn Lyngnes	95763785	oddbjorn.lyngnes@tussa.com
Aksnes	Magne Aksnes	48038720	sorenplassen@hotmail.com
Innselset	Bjørn Innselset		

### KONTAKTER TIL STYRET

NAMN	TELEFON	EMAIL
Hans Martin Klokk	95758221	hmklokk@gmail.com
Håvard Lauvstad	90586980	hlauvstad@yahoo.com
Jan Mårstøl	94825838	jmaarstoel@gmail.com
Arnfinn Dahl	95156688	arnf-da@tussa.com
Knut Løvik	91795921	knut.lovik@veidekke.no


Kontakt til regnskapsfører

NAMN	TELEFON	EMAIL
Grete Nilsen	41564684	





# JAKTKORTOMRÅDE



Grunneigarane frå og med Innselset til og med Velsvik har organisert seg i **Ytre Dalsfjord Utmarkslag** bl.a. for å organisere småviltjakta.

Utmarksarealet som er disponibelt ligg aust for den svarte streken på kartet.

**JAKTTIDA ER: Frå og med 25/9 til og med 23/12.**

**ORRHØNE ER FREDA. ORRHANE ER JAKTBAR.**

**JAKT MED HUND ER FORBODE.**

**Prisar på jaktkort:**

- døgnkort kr 50
- vekekort kr 200
- årskort kr 400

**Sjølvetjeningskasser for jaktkort heng ved Lauvstad Barnehage og på Løvikbuda – Dravlaus.**

Ved spørsmål ring:  
Hans Martin Klokk 95758221  
Håvard Lauvstad 90586980  
Knut Løvik 91795921



# AVSKYTINGSAVTALE

for hjortevilt i åra 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020.  
mellom

Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald og Volda kommune.

Avskytingsavtalen er utarbeidd på grunnlag av framlagde bestandsplan for hjortevilt for Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald 2016 - 2020.

Avtalen er heimla i § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

**Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald får samla ei 5-års kvote på 450 dyr, i snitt 90 dyr/år som frie dyr.(inkl. skrapdyr)**

Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald forpliktar seg å nå denne prosentvise fordelinga som avskytingsresultat for perioden 2016 – 2020.

## Avskytingsprofil

Kalv	Minim.	20 %
Hodyr 1.5 år	Max.	20 %
Hann 1.5 år	Minim.	20 %
Hann vaksen	Minim.	20 %
Hodyr vaksen	Max	20 %

.....  
Stad – dato

.....  
Stad - dato

.....  
Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald

Volda kommune



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Roger Nedreklepp	Arkivsak nr.:	2016/514
		Arkivkode:	V83

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
39/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### BYGGING AV LANDBRUKSVEG - LISJELIDVEGEN - GBR 89/1 I KILSFJORD

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsstyret viser til søknad frå Jens Følsvik datert 10. mars om bygging av Lisjelidvegen i Kilsfjord. Vegen er omsøkt bygd i vegkl. 8 etter Normaler for bygging av landbruksveier, som er lett traktorveg. Skogbrukssjefen vil på bakgrunn av saksframstillinga tilrå at vegen vert bygd i samsvar med vegnormalen, og etter Forskrift om godkjenning og bygging av landbruksveier av 28.05.2015. Byggefrist er 3 år frå vedtak om bygging.*

Saka gjeld: handsaming etter  
ephorte saksnummer i Volda - 2016/514  
ephorte saksnummer i Ørsta  
**1519 gnr 89/bnr 1**

#### Saksvedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg  
Kart av dekningsområdet 1:5000  
Kart festing eksisterande og planlagd veg 1:5000  
Områdekart 1:10 000 og 1:50 000  
Oversikt interessentar Lisjelidvegen

#### Samandrag av saka:

Frå Jens Følsvik med fleire er det 10.03.06 motteken søknad om bygging av landbruksveg, Lisjelidvegen. Vegen er søkt bygd i vegkl. 8. etter Normalen for bygging av landbruksveier, som er den lågaste standard etter denne forskrifta.



Vegen er lokalisert på austsida av Lisjedalsvatnet, som ligg i området søraust for Fylsvik/Botnen i Kilsfjord.

Vegen tek av frå eksisterande skogsveg langs Lisjedalsvatnet, og går i slakt slyng omlag 400 m mot aust/nordaust retning Brundalselva som renn frå Brundalen og ned i Lisjedalsvatnet. Søknaden gjev opp 700 m. nyanlegg veg, men det er nok ikkje aktuelt å bygge den som skogsveg så langt, dels grunna terrenget, dels grunna manglande skogressursar. Ein vil likevel kome attende å om naudsynt justere vegtrase og lengde ved detaljplan på barmark. Skogen i området er for det meste naturfuru, dels grov og gammal, og nokre spreidde førekomstar av kulturgran.

Terrenget er kupert, dels med fjell i dagen, dels er det myrparti, men det meste av terrenget er skogdekt fastmark av middels til lågare bonitet. Skogen ved Lisjedalsvatnet er verdfull for bruka i Fylsvik/Botnen, då det er i dette området Fylsvik/Botnen har barskog av bra kvalitet, og dei har satsa på å bygge ein fullgod skogsbilveg fram til vatnet. Traktorvegane som er bygd langs vatnet, og denne omsøkte vegarmen, er med å nyttiggjere seg skogen i området.

### **Vurdering og konklusjon**

Tiltak som bygging av landbruksvegar skal vurderast etter Naturmangfaldlova (Nml) §8 - §12. Etter desse paragrafane skal ein ha kunnskapsgrunnlag for å vurdere tiltaket og det inngrep dette medfører. Vidare legg ein føre-var-prinsippet til grunn der kunnskapsgrunnlaget er usikkert. Etter vår vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknader av dette inngrepet.

Etter §11 i Nml skal tiltakshavar bære kostnadane ved eventuell miljøforringing av tiltaket.

Ein ser det driftsopplegg som her vert lagd til grunn som den mest forsvarlege driftsteknikk, §12 i Nml.

Det omsøkte veganlegg er i skogbruksamanheng eit mindre tiltak. Vegen vert bygd av stadeigen masse, og terrenginngrepet er etter tilhøva moderat. Det skal leggest vekt på så god terrengtilpassing som mogleg, og skjæring/fylling skal vidare stellast til slik at vegen glir godt inn i terrenget.

Ved å bygge dette veganlegget ligg det godt til rette for eigeninnsats og med lette og skånsame maskiner i skogen, og ikkje dei store og tunge skogsmaskinene som set mykje spor i skogbotn og terreng.

Tømmermengdene i nedslagsområdet er moderate, men ein treng tilkomst til det òg, difor er ein enkel veg inn i området, slik som denne, eit fornuftig val for å nå tak i ressursane på ein grei måte. Med utgangspunkt i innsende forslag til vegtrase vil ein justere og terreng-tilpasse denne ved synfaring/stikking i felt.

Ut frå dei fakta som ligg føre om bygging av enkel veg i kl. 8., Lisjelidvegen, vil ein tilrå at tiltakshavar får realisere denne skogsvegen.

Ørsta,.....

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar

Roger Nedreklepp  
Fagansvarleg skogbruk

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

3. Opplysninger om søker			
Gnr./bnr./fnr.	Organisasjonsnr./fødselsnr.	Telefonnr.	
89/115	969 152 711	70073520	
Søkarens navn		E-postadresse	
Fens Følsvik			
Adresse	Postnr.	Poststad	
Bjørnesetvegen 84	6120	Folkestad	

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)			
Vegnavn	Vegplanleggar		
Lisjelidvegen	Grønneigat		
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	<input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved		<input type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunningjeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	11	stk.	

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar	Produktiv skog dekar	Hogstmoden skog m <sup>3</sup>	Jordbruksareal dekar
118	100	500	—
Nyanlegg lengde	700 meter	Nyanlegg kostnad	kr. 150.000,-
Ombygging lengde	meter	Ombygging kostnad	kr.
Søknadspiktig punktutbetring.			
Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
<input type="checkbox"/> Bru <input type="checkbox"/> Bæreevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Velteplass <input type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m <sup>3</sup> masse som skal hentast ut m <sup>3</sup>			
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input checked="" type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for provisoriske tiltak			
<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyring frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og provisoriske driftsvegar			
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Areal under 450 m <sup>2</sup>			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener			dekar
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom ja, kor mange år			3 år
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det provisoriske tiltaket			kr/m <sup>3</sup>
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
<input checked="" type="checkbox"/> Forynging/gjenplanting <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input checked="" type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input checked="" type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna			
Grei ut			



Tøm skjema

Journalnummer

År <i>2016</i>	Fylke <i>Møre og Romsdal</i>	Kommune <i>Volda</i>
-------------------	---------------------------------	-------------------------

### 1. Er tiltaket søknadspliktig?

**Søknadspliktige tiltak:** Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)<sup>1</sup> er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

**Tiltak som ikkje er søknadspliktige:** Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkjøringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktig. Det same gjeld enkle og provisoriske driftsvegar som berre fører med seg ubetydelige terrenginngrep, det vil seie planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m<sup>2</sup>, der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå opphavleg terrengnivå (sjå unntaket ovanfor).

### 2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksvegforskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	<i>80</i> %	Privat bustad	%
Utmark	<i>20</i> %	Privat hytte	%
Jordbruk	%	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	<i>100</i> %	Delsum andre interesser (P)	%
<b>Totalsum L + P = 100%</b>			



## 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleiinga

Naturmangfald  Ja  Nei Landskap  Ja  Nei Kulturminne  Ja  Nei Friluftsliv  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag  Ja  Nei Reindriftingsinteresser  Ja  Nei Vernskog  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense:  Over  Under  Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Eventuelle kommentarar

## 7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsynete og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato

Følsvik 10-3-16

Underskrift

Gunn Følsvik

## Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og provisoriske tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrase (broten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For provisoriske driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (broten/stiplot blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).
- Aktsemdsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggjar eller geoteknisk sakkjendig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



## Rettleiing

### Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksveggar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jamfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

### Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølv vegtraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

### Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

#### 1 og 2. Er det eit søknadspålegg, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging enten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nyttan av dei einiskilde interessene skal fastsetast etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jamfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort.

Du finn òg informasjon og ein kalkulator på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsetast. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggast ved søknaden.

#### 3. Opplysningar om søker

Det skal berre vere ein søker, òg i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkarer pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførlig som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjersla.

#### 4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstår vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkast om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggast ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunnsviktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggast ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkøyrsløst frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jamfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggast ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veksøknaden, skal leggast ved søknaden.

#### 5. Om tiltaket

- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og provisoriske tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadspålegg ombygging.
- Dei provisoriske tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsveggar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgåande skogsmaskinar. Desse driftsvegane skal normalt førast tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei provisoriske driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jamfør forskrifta § 3-3 andre ledd
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilveggar eller sommarbilveggar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorveggar. «Avvik i frå vegnormalane» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspålegg terrengingrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

#### 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Søkarer må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	<b>Prioriterte artar og freda artar</b> (Forskriftfesta)	<a href="http://kart.naturbase.no">http://kart.naturbase.no</a>	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova.  Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte artar) og Fredete artar.  Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> .
	<b>Utvalde naturtypar</b> (Forskriftfesta)		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	<b>Verneområde</b> (Forskriftfesta)	Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtekne egne forskrifter for kvart einiskilt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>	
	<b>Miljøregistrering i skog (MIS) / Nøkkelbiotopar</b> (Forskriftfesta og sertifisert)	<a href="http://kilden.skogoglandskap.no">http://kilden.skogoglandskap.no</a>	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: <i>Miljøregistrering i skog (MIS)</i> .  Jamfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard ( <a href="http://www.pefcnorgerg.org">www.pefcnorgerg.org</a> ).
	<b>Verna vassdrag</b> (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Verna vassdrag (NVE)</i> .  Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.






Side 73













## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Børild Skåra	Arkivsak nr.:	2015/2319
		Arkivkode:	12/ 3

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
40/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### 1519 GBR 12/3 - SØKNAD OM DELING AV TOMT MED VÅNINGSHUS - HANDSAMING ETTER JORDLOVA § 12

#### Administrasjonen si tilråding:

#### Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

*Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 21.09.2015, frå Turid Mork Bakke og Arild Bakke. Det vert søkt om frådeling av bustadtomt på 0,8 daa med påståande våningshus Morkavegen 82.*

*Med heimel i jordlova § 12 går Forvaltningsstyret imot løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at frådeling av dette huset, slik det ligg i gardstunet kan føre til vesentlege driftsmessige ulemper og risiko for konflikt mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta på eigedomen.*

Saksframlegg til Volda kommune – handsaming etter jordlova.

**ePhorte saksnummer i Volda kommune: 2015/2319**

1519 gnr/bnr 13/2 – tilråding til vedtak etter jordlova.

#### Saksvedlegg:

1. Søknad om deling frå Arild Bakke, dagsett 21.09.2015
2. Førebels svar frå Volda kommune, dagsett 20.11.2015
3. Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 14.03.2016

#### Samandrag av saka:

#### Saksopplysningar:

Søknaden gjeld deling av tomt på 0,8 daa med påståande hus frå Mork lille gnr 12 bnr 3 i Volda. Søknaden er dagsett 21.09.2015. Volda kommune har sendt ut førebels svar,

20.11.2015, det ein synte til nokre manglar i søknaden. Søknaden vart difor i ettertid supplert. Vidare sendte Volda kommune søknaden på høyring 14.03.2016.

Tekst frå det førebelse svaret frå Volda kommune:

*På denne saka er det elles forventa følgjande saksgang: Saka vert sendt på høyring og førebudd for handsaming i forvaltningsstyret som dispensasjon frå kommuneplan. Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova. ....*

Det var 14.08.2015 møte mellom søkjar og landbrukskontoret, der søkjar la fram sine planar og landbrukskontoret kom med signal ut frå jordlovsomsyn.

Søkjaren har i brev dagsett 10.11.2015 kom med utfyllande opplysningar til søknaden. Her er utdrag som vedkjem jordlovshandsaminga:

*Vi søker no om å få utskilt hus nr. 2 på garden, Morkavegen 82, som sjølvstendig bueining med eige gards- og bruksnummer. Vi har i denne forbindelse hatt innleiande møte med landbrukskontoret i Ørsta. ...*

*Her er bustader rundt garden på alle kantar og vi ser ikkje den store skilnaden på disse tomtene i forhold til det å skilje ut denne tomta som eigen bueining, ut frå både plassering og at huset har eigen innkøyrse ..*

*Vi har vidare registrert og fått bekrefta av Landbrukskontoret, at det siste åra har vorte ei oppmjuking av regelverket når det gjeld å få dispensasjon for fleire bueiningar på gardane.*

*Gardsbruket har ikkje vore i drift sidan 2007 og fjøsen er slik utforma at han ikkje lenger møter dei krava som stillast til kjøttproduksjon. ....*


Søkjarane Turid Mork Bakke og Arild Bakke er eigar av "Mork lille" gnr 12 bnr 3. Landbrukseigedommen er totalt på 168 daa – fordelt på 6 teigar som ligg frå sjøen til Morkaåsen og ved Langemyra. Markslaga fordeler seg slik:

Fulldyrka jord	Overflate - dyrka jord	Innmarks - beite	Skog særskilt høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd
45,6	0	21,5	0,1	73,3	13	0	8	0	4,9	0	1,7

Eigedommen har tre våningshus, driftsbygning, garasjer, og fleire naust.

Føremålet med søknaden er å dele frå 1 av våningshusa. Våningshusa har adressene Morkavegen 55, 82 og 84. Det er nr. 82 ein vil dele frå med ei tomt på 0,8 daa.


Arealet ein søker på ligg i dag som ein del av tunet. Dersom ein godkjenner delinga vil frådelt hus grense mot hovudbruket på alle sidene. I nord og aust får ein dyrka jord. Mot vest og sør tunareal.



Området er i kommuneplanen LNF.

Den fulldyrka jorda på eigedomen vert leigd bort til anna aktivt landbruksføretak i området.

Ein kan ikkje sjå at beita er utleigd, og veit ikkje korleis drifta av desse er.



Utsnitt frå  
gardskartet

Søkt areal

Søknaden har vore på høyring hjå Fylkesmannen. I deira fråsegn skriv dei mellom anna:

	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Bjerknesvegen 949				6105	VOLDA	

Følgende naboer har mottatt eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhørende vedlegg:

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
2	9			Gerd Bjerkvik og Harald Simonsen			
Adresse				Adresse			Kvittering vedlegges
bjerknesvegen 951				bjerknesvegen 951			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		Poststedets reg.nr.
6105	Volda			6105	Volda		
Personlig kvittering for	Dato	Sign.		Personlig kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket	1.2.2016	Gerd Bjerkvik	

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
2	3/4			Runar Bjerknes			
Adresse				Adresse			Kvittering vedlegges
Sersjantvegen 1				Sersjantvegen 1			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		Poststedets reg.nr.
6105	Volda			6105	Volda		
Personlig kvittering for	Dato	Sign.		Personlig kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket	01.02.2016	Runar Bjerknes	

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering vedlegges
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for	Dato	Sign.		Personlig kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering vedlegges
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for	Dato	Sign.		Personlig kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			


<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering vedlegges
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for	Dato	Sign.		Personlig kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: \_\_\_\_\_ Sign.








Situasjonskart g/b nr 2/79  
Flytting av steinvor i fjøra.  
Utlegging av flytebrygge til fritidsbåt

1:500

7.05.2015




© Kartverket

Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.







Q2

Ingen merknad!

Mvh

Anders Smith-Øvland  
Overarkitekt/rådgivar

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

E-post: [anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

Tlf: (+47) 71 25 82 91

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saknr. 2016/290	Ans. UTV
Løpnr.	HELIST
27 APR 2016	
Akrydel	BYGG
Klassering P	2/79
Klassering S	

## Volda kommune

### Flytting av steinvor i fjøra / utlegging av flytebrygge til fritidsbåt gnr2 bnr79 - Dag Ivar Bjerknes Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld flytting av eksisterande steinvor éin meter mot aust. Lengda skal vere som i dag. I tillegg er det søkt om å legge ut flytebrygge med landgang.

#### Natur- og miljøverninteresser

Ut frå ortofoto ser strandsona i området ut til å vere eigna for rekreasjon og opphald, og det er ikkje ønskjeleg med tiltak som forringar kvalitetane i området. Vi legg til grunn at voren ikkje endrar verken utforming eller lengd, og kan ikkje sjå at å flytte eksisterande vor éin meter vil vere øydeleggande for omgjevnadene.

Når det gjeld utlegging av landgang med flytebrygge, er dette eit tiltak som vil bidra til å privatisere strandsona og gjere den mindre attraktiv for ålmenta sitt høve til fri ferdsel og rekreasjon. Vi oppmodar difor kommunen til å legge til rette for etablering av felles småbåthamner på stader som eignar seg, slik at ein samlar inngrepet til éin stad og ein unngår mange mindre inngrep som gir ein uheldig totalverknad. Vi peikar også på presedensverknaden av tiltaket.

#### Konklusjon

Vi har ingen merknad til flytting av eksisterande steinvor éin meter, men vi rår ifrå utlegging av flytebrygge. Det bør etablerast fellesanlegg for fritidsbåtar på stader som eignar seg, slik at ein samlar inngrepa.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

**Kopi:**

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund  
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2016/212

Arkivkode: 27/ 1

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

42/16

Forvaltningsstyret

10.05.2016

### DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - GBR 27/1 OPPFØRING AV NAUST

#### Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i at omsøkt tiltak er eit lite tiltak som kan etablerast utan at friluftsiinteressene vert vesentleg sett til side, vert det ut frå ei samla vurdering gitt dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 27/1 med plassering som vist i søknaden på følgjande vilkår:

- a. Storleiken på naustet skal ikkje overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m og maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 3,0 m. Takvinkel skal vere mellom 30 og 35 grader og nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell ståande trekledning og med torvtekt tak.
- b. Det er ikkje høve til å etablere tiltak som er til hinder for bruk av friluftsområdet, dette gjeld også skilting som privat område
- c. Tilstreккеleg tryggleik mot flaum jf. TEK10 §7-2 må dokumenterast før byggeløyve vert gitt.
- d. Tiltaket må gjennomførast i varsemnd med omsyn til miljø og naturmangfald.
- e. Fylkeskommunen må bli varsla dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, ved eventuell opparbeiding.

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg

Fråsegn frå Fylkesmannen

Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fråsegn frå Vikebygda grendautval

**Uprenta saksvedlegg:**

Kommunedelplan for Volda sentrum  
Forslag til detaljregulering for Turveg Rotevatnet


**Samandrag av saka:**

Saka gjeld søknad om oppføring av naust ved Rotevatnet. Oppføring av naust for grunneigarar i området vil vere i samsvar med forslag til detaljregulering Turveg Rotevatnet. På visse vilkår rår ein til at Forvaltningsstyret gir dispensasjon.

**Saksopplysningar:**

Kommunen har motteke søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Volda sentrum inkl. Mork og Vikebygda(planid 2007010) for oppføring av naust på gbnr.: 27/1 ved Rotevatnet.

Tiltakshavar søker om å få føre opp eit naust for trygg oppbevaring av båt og fiskereiskap. Det er opplyst at naustet vil vere på 30 m<sup>2</sup> med mønehøgde på 3,8 m. Tiltaket er plassert i LNF-F - område i kommunedelplanen, der friluftsliv er dominerande. I slike område er det ikkje høve til bygging anna enn til landbruksføremål og i LNF-F –områda bør det ikkje gjerast tiltak som reduserer området sin verdi som rekreasjonsområde.



Kommunen har tidlegare godkjent detaljregulering Turveg Rotevatnet. I denne planen ligg tiltaket i område sett av til friluftsliv, LNF-LF3, der det er forbod med alle typar inngrep med unntak av naustbygging og tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta.



Reguleringsplanen vart påklaga og er oppheva av Fylkesmannen. Det er såleis kommunedelplanen for Volda sentrum som er gjeldande plan i området.

Det er ikkje sendt nabovarsel, då tiltakshavar vurderer at tiltaket ikkje vil ha innverknad på naboar. Næraste naboeigedom er gbnr.: 27/3 som ligg på motsett side av Rotevasselva.

Saka er sendt på høyring til NVE, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Vikebygda Grendalag.

Det er motteke fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Vikebygda Grendalag.

Møre og Romsdal fylkeskommune, motteke 30.03.2016:

***Automatisk freda kulturminne***

*Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området. Vi har såleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, som til dømes mørkare kolhaldige jordlag eller område i undergrunnen, jf. § 8 i kulturminnelova.*

***Kulturminne frå nyare tid***

*Kulturlandskapet rundt Rotevatnet med innslag av bygde kulturminne som bygningar og steingardar vil verte ein fin ressurs for folk i Volda til fritidsbruk. Nokre nye naust for grunneigarane er det opna for, og laga rådgjevande rammar for i planen som ikkje er godkjent enno. Desse retningslinene bør vere i samsvar med naustet som no får dispensasjon, helst i form av at dette naustet vert endra slik at det samsvarer med reguleringsføresegnene. Dersom det ikkje er klar grunngjeving for at dette må vere større enn dei andre, er det vanskeleg å argumentere for at andre må byggje mindre naust.*

*Det trengst ikkje store båtar på Rotevatnet, og eit stort naust virkar meir privatiserande enn eit lite. Dei aller fleste nausta vi har dokumentasjon for rundt Rotevatnet er vesentleg mindre enn dette er tenkt. Vidare er det tenkt med torvtak med takutstikk om brei villmarkspanel. Dette er truleg tenkt å skulle gjere at naustet glir*

*inn i naturmiljøet, men vil og kunne gjere at naustet virkar enda større enn det er. Med torvtak og takutstikk vert det eit stort kraftig tak. Villmarkskledning er ofte kraftige bord som er meir dominerande enn tradisjonell ståande kledning, og er tett, og har hjørnebord. Slik gjer den meir av seg. Sjølgråna vil den kan hende bli mindre dominerande.*

*Dei gamle nausta kring rotevatnet har knapt takutstikk, og ligg godt inn i terrenget, lavt og lite dominerande. Dei har og enkel og luftig ståande kledning. Nye naust må ikkje vere kopi av dei gamle, men det er viktig at dei ikkje vert for dominerande. Eit viktig punkt er da overgangen mellom bygning og bakken der kledinga bør gå bortimot heilt ned til naturlig terreng utan for mykje beslag og synleg betong.*

### **Konklusjon**

*Dersom kommunen finn grunnlag for å gi dispensasjon, rår vi til følgjande:*

- Fylkeskommunen må bli varsla dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, ved eventuell opparbeiding.*
- Kommunen bør føresette at eventuelt naust vert i samsvar med planen som utarbeidast for området, men som enno ikkje er godkjent.*
- Kommunen bør krevje at eventuelt naust får ei stadeigen og tradisjonell utforming og utføring.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, motteke 01.04.2016:

### **Natur- og miljøverninteresser**

*I vår fråsegn til reguleringsplanen for turvegen rådde vi ifrå at det blir utarbeida retningslinjer om naust til planen, då vi meiner at det kan gi signal om at det kan bli opna opp for naustbygging i eit område der det ikkje er høve til det. Dette ut frå at det burde visast stor varsemd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast.*

*Vårt primære standpunkt er difor at det ikkje blir gitt dispensasjon til oppføring av omsøkte naust. Dersom kommunen likevel ønskjer å opne for dette, er det viktig at naustet får ein storleik og utforming som er innanfor dei retningslinene som reguleringsplanen legg opp til. Omsøkte naust er ikkje i tråd med retningslinene på fleire punkt. Å gi løyve til naustet med den storleik og utforming det er søkt om, vil difor vere å undergrave planen allereie før den blir vedteken, og det vil kunne gi uheldig presedensverknad for seinare søknader.*

### **Barn og unge sine interesser**

*Området blir nytta i samband med ekskursjonar frå Vikebygda skule, jf. opplysningar henta frå miljøverndata. Der er natursti, og området brukast for å studere livet i vasskanten. Dette understrekar at det er viktig å ta vare på området for ålmenta, jf. momenta under natur- og miljøverninteresser.*

### **Konklusjon**

*Vi rår ifrå omsøkte naust. Dersom kommunen likevel ønskjer å opne for tiltaket, må det vere i samsvar med retningslinene som er knytta til reguleringsplanen som er under arbeid.*

Vikebygda Grendautval, motteke 30.03.2016:

*Vikebygda Grendautval ser positivt på søknaden om bygging av naust ved Rotevatnet. Naustet skal byggast med villmarkspanel og naturlege fargar, samt torvtak og vil passe godt i terrenget. Storleik er hensiktsmessig og også på linje med naust på andre eigedomar langs Rotevatnet.*

*Siw Vikene og Per Martin Vikene i Vikebygda Grendautval har ikkje vore med på dette vedtaket då dei er ugilde i saka.*

**Vurdering og konklusjon:**

I følge pbl. §19-2 er det ikkje høve til å gi dispensasjon dersom omsyna bak bestemmelsen det dispenserast frå vert vesentleg sett til side. Kommunen er i utgangspunktet positiv til søknaden om oppføring av naust ved Rotevatnet på gbnr.: 27/1. Kommunen har gjennom detaljregulering Turveg Rotevatnet ønska å legge til rette for at grunneigarane kring Rotevatnet skal få høve til å føre opp kvar sitt naust jf. tradisjonelle rettar. Planforslaget vart oppheva fordi det ikkje er høve til å gi føresegnar om at det er tillete å føre opp private naust i friluftsområde.

Fylkesmannen rår i frå omsøkte naust med bakgrunn i at det bør visast stor varsemnd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast. Ein er samd i at det bør visast stor varsemnd med etablering av tiltak langs vatnet. Ein ønskjer likevel at grunneigarane langs vatnet skal få ivareteke sine tradisjonelle rettar når det gjeld oppføring av naust. I forslaget til detaljregulering Turveg Rotevatnet er det sett klare føringar til omfang og utforming av slike naust og om ein skal gi dispensasjon for omsøkte tiltak må det vere på føresetnad av at naustet ver oppført i samsvar med retningslinjene i forslaget til detaljregulering for Turveg Rotevatnet.

Som Fylkesmannen påpeiker blir området nytta i samband med ekskursjonar frå Vikebygda skule. Der er natursti, og området brukast for å studere livet i vasskanten. Eit mindre naust som forslaget til detaljregulering for Turveg Rotevatnet opnar for, treng ikkje å vere til hinder for at skulane sin bruk av området. Det bør settast krav om at det ikkje skal etablerast tiltak som er til hinder for bruk av friluftsområdet, dette må også gjelde skilting som privat område.

Naustet er plassert sør for aktuell trasè for turvegen og aust for osen til Rotevasselva. Naustet er plassert i aktsemdsområde for flaum. For eit naust vil konsekvensane av flaum vere små og tiltaket vil typisk bli plassert i tryggleiksklasse F1. Slike bygg kan plasserast i område der største nominelle årlege sannsyn for flaum ikkje vil overskride 1/20. Det er ikkje gjennomført kartlegging av sannsyn for flaum og vi veit derfor ikkje om ein kjem innanfor kravet i TEK(Teknisk forskrift) i forhold til sannsyn for flaum . Det må derfor settast krav om dokumentasjon på at flaumfaren ikkje vil overskride krav i TEK. Alternativt må naustet utformast og dimensjonert slik at det tåler overflauming og dermed ikkje fører til fare for menneske eller større materielle skader.

Med grunnlag i at naustet er eit lite tiltak som kan etablerast utan at friluftinteressene vert vesentleg sett til side kan ein ut frå ei samla vurdering tilrå at Forvaltningsstyret gir dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 27/1 med plassering som vist i søknaden. Det må settast vilkår om at storleiken på naustet ikkje skal overstige 25 m<sup>2</sup> utbygda areal. Gesimshøgda skal ikkje overstige 2,0 m og maksimal mønehøgda skal ikkje overstige 3,0 m. Takvinkel skal vere mellom 30 og 35 grader og nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell ståande trekledning og med torvtekte tak. Det er ikkje høve til å etablere tiltak som er til hinder for bruk av friluftsområdet, dette gjelde også skilting som privat område

Det må vidare settast vilkår om dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot skred jf. TEK10 §7-2 før løyve til bygging vert gitt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Tiltaket vil ikkje ha vesentlege negative helse- og miljøkonsekvensar.

**Økonomiske konsekvensar:**



Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Tiltaket ligg i aktsemdsområde for flaum. Det er sett krav om dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot skred jf. TEK10 §7-2 før løyve til bygging vert gitt.

**Naturmangfaldlova:**

Tiltaket ligg langs Rotevatnet like ved ein elveos. Det er ikkje registrert trua eller verdifulle artar ved området for plassering av naustet, ein må likevel kunne forvente at her er naturmangfald av lokal verdi og det må settast krav om at tiltaket må gjennomførast i varsemd med omsyn til miljø og naturmangfald.

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Bjørn Magnar Rotevatn  
Vikebygda grendautval  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Klageinstans:**

Fylkesmannen

VOLDA KOMMUNE

Saksnr. 2016/212 Av: utv  
 Løpnr. 10348

8 FEB 2016

Arbeidsnr.



## Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?  Ja  Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit?  Ja  Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar?  Ja  Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld									
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune		
	27	1					Volda		
	Adresse				Postnr.	Poststad			
	Botnavegen 16				6104	VOLDA			
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3								
	<input type="checkbox"/>	Tilbygg < 50 m <sup>2</sup>		<input checked="" type="checkbox"/>	Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)	
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2							
	<input type="checkbox"/>	Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)							
	<input type="checkbox"/>	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining							
<input type="checkbox"/>	Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1								
<input type="checkbox"/>	Oppretting/ending av matrikkeleining	<input type="checkbox"/>	Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/>	Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/>	Festegrund over 10 år	<input type="checkbox"/>	Arealoverføring
<input type="checkbox"/>	Anna:								
	Planlagt bruk/formål	Beskriv							
		Naust							

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/>	Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/>	Reguleringsplan		<input type="checkbox"/>
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
		30			27,7		
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiing finst på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Plassering av tiltaket	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til anna bygning	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til midten av veg	<input type="text"/>	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1)		
<b>Flaum</b> (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Skred</b> (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Andre natur- og miljøforhold</b> (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
<b>Tilkomst</b> veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Overvatn</b>	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terreng	
<b>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.</b>		
<b>Vassforsyning</b> pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv <div style="border: 1px solid black; height: 30px; width: 100%;"></div> Vedlegg nr. Q -
<b>Avløp</b> pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utsleppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	-	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
<b>Tiltakshavar</b>		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggtknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn <b>Bjørn Magnar Rotevatn</b>	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon <b>95743926</b>
Adresse <b>Botnavegen 16</b>	Postnr. <b>6104</b>	Poststad <b>VOLDA</b>
Dato <b>8/2-16</b>	Underskrift <i>Bjørn Magnar Rotevatn</i>	E-post <b>BROTEVATN@TUSSA.COM</b>
Gjenta med blokkbokstavar <b>Bjørn Magnar Rotevatn</b>	Eventuelt organisasjonsnr.	

## Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd		
Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).		
Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen		

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld									
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune		
	27	1					Volda		
	Adresse			Postnr.	Poststad				
	Botnavegen 16			6104	VOLDA				
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3								
	<input type="checkbox"/>	Tilbygg < 50 m <sup>2</sup>		<input checked="" type="checkbox"/>	Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)	
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2							
	<input type="checkbox"/>	Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)							
	<input type="checkbox"/>	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining							
<input type="checkbox"/>	Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1								
<input type="checkbox"/>	Oppretting/ending av matrikkeleining	<input type="checkbox"/>	Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/>	Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/>	Festegrund over 10 år	<input type="checkbox"/>	Arealoverføring
<input type="checkbox"/>	Anna:								
	Planlagt bruk/formål	Beskriv							
		Naust							

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/>	Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/>	Reguleringsplan		<input type="checkbox"/>
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
		30			27,7		
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiing finst på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						

Plassering					
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <table border="1" style="float: right;"> <tr> <td>Vedlegg nr.</td> <td>Q –</td> </tr> </table>	Vedlegg nr.	Q –	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert	
	Vedlegg nr.	Q –			
Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <table border="1" style="float: right;"> <tr> <td>Vedlegg nr.</td> <td>Q –</td> </tr> </table>	Vedlegg nr.	Q –	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Vedlegg nr.	Q –				
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/>	m		
	Minste avstand til anna bygning	<input type="text"/>	m		
	Minste avstand til midten av veg	<input type="text"/>	m		
Dette skal visast på situasjonsplanen					

Krav til byggeg grunn (pbl § 28-1)		
<b>Flaum</b> (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Skred</b> (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Andre natur- og miljøforhold</b> (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
<b>Tilkomst</b> veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Overvatn</b>	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terreng	
<b>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.</b>		
<b>Vassforsyning</b> pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv <div style="border: 1px solid black; height: 30px; width: 100%;"></div> Vedlegg nr. Q -
<b>Avløp</b> pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utleppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	-	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
<b>Tiltakshavar</b>		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggteknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn <b>Bjørn Magnar Rotevatn</b>	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon <b>95743926</b>
Adresse <b>Botnavegen 16</b>	Postnr. <b>6104</b>	Poststad <b>VOLDA</b>
Dato	Underskrift <b>BROTEVATN@TUSSA.COM</b>	
Gjenta med blokkbokstavar	Eventuelt organisasjonsnr.	









1:500

19.09.2015



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonkart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.





Gjennom snittet  
ferrengniva



Vedlegg nr.  
C -



## Opplysninger gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

Pbl § 21-3

<b>Tiltak på eigedommen:</b>							
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomen si adresse	Postnr.	Poststad	
27	1			Botnavegen 16	6104	VOLDA	
Eigar/festar					Kommune		
Bjørn Magnar Rotevatn					Volda		

<b>Det varslest med dette om</b>							
<input checked="" type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving				
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring				
<input type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Anna				
<b>Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19</b>							
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplanar	<input type="checkbox"/> Veglova				
							Vedlegg nr. B -

<b>Arealdisponering</b>							
Set kryss for gjeldande plan							
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan					
Namn på plan							

<b>Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld</b>							
Oppføring av naust ved Rotevatnet. 30 kvadratmeter. Torvtak, liggande villmarkskledning.							
<i>Har delje nabo varsel, fordi det delje vil ha noko innverknad på dei</i>							
							Vedlegg nr. Q -

<b>Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til</b>							
Føretak/tiltakshavar							
Bjørn Magnar Rotevatn							
Kontaktperson, namn				E-post		Telefon	Mobil
				brotevatn@tussa.com			95743926
Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk)							

<b>Merknader skal sendast til</b>							
Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.							
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.							
Namn				Postadresse			
Bjørn Magnar Rotevatn				Botnavegen 16			
Postnr.		Poststad		E-post			
6104		VOLDA		brotevatn@tussa.com			

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D		<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade	E		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

<b>Underskrift</b>							
Tilsvarende opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuarar som er berørte.							
Kvittering for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.							
Stad		Dato		Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar			
Volda		8-2-16		Bjørn M. Rotevatn			
				Gjenta med blokkbokstavar			
				Bjørn Magnar Rotevatn			

Bjørn Magnar Rotevatn  
Botnavegen 16  
6104 VOLDA

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Volda 17. Februar 2016

## **SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV NAUST**

Viser til dialog med Ingvild Kalvatn og epost i journalnr 1603/2016.

Eg søker om dispensasjon til oppføring av naust på gbr 27/1 sidan området er markert som LNF-område i kommuneplanen. Kartskisse er tidlegare vedlagt byggesøknad.

Området har i fleire generasjonar vore nytta til oppbevaring av båt og fiskereiskap, men vi ønskjer no ei trygg oppbevaring sidan vi har opplevd tjuveri frå området.

Det omsøkte naustet er nøkternt både i storleik og utforming. Vi søker om storleik 30 m<sup>2</sup> og mønehøgde 3800mm. Dette er tilsvarande storleik som tidlegare dispensasjon i saksnr 2012/254 gitt på gbr 28/2 og mindre storleik enn fleire av dei andre nausta langs Rotevatnet.

Naustet vert oppført med liggande villmarkskledning, tradisjonell fargebruk og torvtak. Naustet vil såleis passe godt i området.

Med helsing

Bjørn Magnar Rotevatn

**Vikebygda Grenadutval co/Siw Vikene**

Botnavegen 20

6104 VOLDA

Vikebygda, 14. mars 2016

**Volda Kommune**

Utvikling v/Planleggjar Heidi Istad

**SVAR PÅ HØYRING - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - GBR 27/1  
OPPFØRING AV NAUST**

Me viser til brev datert 10.03.2016 frå Volda kommune om høyring i forbindelse med søknad om oppføring av naust på GBR 27/1.

Vikebygda Grendautval ser positivt på søknaden om bygging av naust ved Rotevatnet. Naustet skal byggast med villmarkspanel og naturlege fargar, samt torvtak og vil passe godt i terrenget. Storleik er hensiktsmessig og også på linje med naust på andre eigedomar langs Rotevatnet.

Siw Vikene og Per Martin Vikene i Vikebygda Grendautval har ikkje vore med på dette vedtaket då dei er ugilde i saka.

For Vikebygda Grendautval



Svein Roger Hoggen

Kasserar





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/212	10.03.2016	16799/2016/DISPENSASJON/1519	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	30.03.2016

## **Volda kommune - oppføring av naust gbnr 27/1 ved Rotevatnet - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan Fråsegn.**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området. Vi har såleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, som til dømes mørkare kolhaldige jordlag eller område i undergrunnen, jf. § 8 i kulturminnelova.

### **Kulturminne frå nyare tid**

Kulturlandskapet rundt Rotevatnet med innslag av bygde kulturminne som bygningar og steingardar vil verte ein fin ressurs for folk i Volda til fritidsbruk. Nokre nye naust for grunneigarane er det opna for, og laga rådgjevande rammar for i planen som ikkje er godkjent enno. Desse retningslinene bør vere i samsvar med naustet som no får dispensasjon, helst i form av at dette naustet vert endra slik at det samsvarer med reguleringsføresegnene. Dersom det ikkje er klar grunngjeving for at dette må vere større enn dei andre, er det vanskeleg å argumentere for at andre må byggje mindre naust.

Det trengst ikkje store båtar på Rotevatnet, og eit stort naust virkar meir privatiserande enn eit lite. Dei aller fleste nausta vi har dokumentasjon for rundt Rotevatnet er vesentleg mindre enn dette er tenkt. Vidare er det tenkt med torvtak med takutstikk om brei villmarkspanel. Dette er truleg tenkt å skulle gjere at naustet glir inn i naturmiljøet, men vil og kunne gjere at naustet virkar enda større enn det er. Med torvtak og takutstikk vert det eit stort kraftig tak. Villmarkskleding er ofte kraftige bord som er meir dominerande enn tradisjonell ståande kleding, og er tett, og har hjørnebord. Slik gjer den meir av seg. Sjølgråna vil den kan hende bli mindre dominerande.

Dei gamle nausta kring rotevatnet har knapt takutstikk, og ligg godt inn i terrenget, lavt og lite dominerande. Dei har og enkel og luftig ståande kleding. Nye naust må ikkje vere kopi av dei gamle, men det er viktig at dei ikkje vert for dominerande. Eit viktig punkt er da overgangen mellom bygning og bakken der kledinga bør gå bortimot heilt ned til naturlig terreng utan for mykje beslag og synleg betong.

### **Konklusjon**

Dersom kommunen finn grunnlag for å gi dispensasjon, rår vi til følgjande:

- Fylkeskommunen må bli varsla dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, ved eventuell opparbeiding.
- Kommunen bør føresette at eventuelt naust vert i samsvar med planen som utarbeidast for området, men som enno ikkje er godkjent.
- Kommunen bør krevje at eventuelt naust får ei stadeigen og tradisjonell utforming og utføring.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63  
Kulturminne frå nyare tid: arkitekt/rådgivar Toril Moltubakk, tlf. 71 25 89 28

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2016/212	Ansvar: Utv
Løpnummer:	St: Heist
- 5 APR 2016	
Arkivnr:	BYGG
Klassering P:	27/1
Klassering S:	

## Volda kommune

### Oppføring av naust ved Rotevatnet gnr27 bnr1

### Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld oppføring av naust ved Rotevatnet. I kommunedelplanen ligg tiltaket i LNF-F-område, der friluftsliv er dominerande. I slike område kan det ikkje byggjast anna enn det som kjem inn under landbruksføremål, og det bør ikkje gjerast tiltak som reduserer området sin verdi som rekreasjonsområde. Tiltaket ligg også innanfor planområdet for reguleringsplan under arbeid for turveg rundt Rotevatnet. I denne planen, som enno ikkje er vedteken, er området sett av til friluftsføremål, LNF-LF3. Her er det forbod mot alle typar inngrep, med unntak av tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta. Det ligg føre framlegg om å knytte retningsliner til områda, og for LNF-LF3 er det framlegg om at eksisterande rettar til bruk av områda mellom turvegen og vatnet skal gjelde, noko som også omfattar naust der slike ikkje allereie er oppført. Oppføring av naust vil krevje dispensasjon. Retningslinene seier også mellom anna at storleiken ikkje skal overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal, maksimal gesimshøgde skal vere 2,0 meter og maksimal mønehøgde skal vere 3 meter. Vidare skal takvinkelen vere mellom 30 og 35 grader, og naust skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell ståande trekledning og torvtekte tak.

#### Natur- og miljøverninteresser

I vår fråsegn til reguleringsplanen for turvegen rådde vi ifrå at det blir utarbeida retningsliner om naust til planen, då vi meiner at det kan gi signal om at det kan bli opna opp for naustbygging i eit område der det ikkje er høve til det. Dette ut frå at det burde visast stor varsemnd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast.

Vårt primære standpunkt er difor at det ikkje blir gitt dispensasjon til oppføring av omsøkte naust. Dersom kommunen likevel ønskjer å opne for dette, er det viktig at naustet får ein storleik og utforming som er innanfor dei retningslinene som reguleringsplanen legg opp til. Omsøkte naust er ikkje i tråd med retningslinene på fleire punkt. Å gi løyve til naustet med den storleik og utforming det er søkt om, vil difor vere å undergrave planen allereie før den blir vedteken, og det vil kunne gi uheldig presedensverknad for seinare søknader.

**Barn og unge sine interesser**

Området blir nytta i samband med ekskursjonar frå Vikebygda skule, jf. opplysningar henta frå miljøverndata. Der er natursti, og området brukast for å studere livet i vasskanten. Dette understrekar at det er viktig å ta vare på området for ålmenta, jf. momenta under natur- og miljøverninteresser.

**Konklusjon**

Vi rår ifrå omsøkte naust. Dersom kommunen likevel ønskjer å opne for tiltaket, må det vere i samsvar med retningslinene som er knytta til reguleringsplanen som er under arbeid.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/108

Arkivkode: 6/ 25

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### GBR 6/25 OG 26 - BERKVIKA - VORAR OG FLYTEBRYGGE VED NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.*

*Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket.*

#### Vedleggsliste:

Søknad om rammeløyve- søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan med vorar og flytebrygge  
Oppriss/ lengdesnitt av vôr m.m.  
Betongblokker som muralternativ. Brosjyre frå leverandør/producent.  
Innspel ved høyring

#### Saksopplysningar:

Sissel Berkvik og Janne Berkvik har søkt om løyve til etablering av vorar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar i Berkvika.

Søknaden krev dispensasjon frå plan og plan og bygningslova § 1-8, - "forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag."

Av søknaden går det fram fylgjande:

*Tiltaket er å sjå som eit fellesprosjekt mellom eigarane av 2 naust/fritidseigedomar med felles bytelinje.*



*Tiltaket er nabovarsla ved personleg frammøte og signatur med samtykke til tiltak frå kvar enkelt av naboane. Det er ikkje registrert nokon merknadar til planane.*

*Det er i utgangspunktet byggeforbod i 100 meters beltet ved sjø, og løyve kan ikkje gjevast før dispensasjon frå Kystsoneplanen er gitt.*

*Det er 2 ulike materialar som er aktuelle ved bygging av vorar. Naturstein er eit naturleg alternativ, men ein ynskjer også å vurdere bruk av prefabrikerte betongblokker med mønster i visningsflate. Aktuelt produkt er Recon-blokker murt i rette linjer og med vertikale skjotar i forband. Topp av vor vert betongpåstøyp. Delar av vor-front kan med fordel tekkast med tremateriale for å gi ei mindre brutal fortøyningsone for båtar. Alternative betongblokker er vist i vedlegg som orientering.*

*Søknad om dispensasjon:*

*Det er tidlegare gjennom søknad gjeve løyve til naust/ fritidsbustad på eigedomane 6/25 og 6/26. Arealet mellom gavlvegg naust og sjølinja er det naturlege uteopphaldsarealet, og ein søkjer å legge best mogleg til rette for ein utvida og praktisk bruk av sjøsida.*

*Frå naturen si side er sjøbotnen svært langgrunn utanfor eigedomane 6/25 og 6/26. Det er difor til tider vanskeleg med tilflot av båt på fjøre sjø. Mara-bakken er innmålt til 34 meter avstand frå platting framfor naust. Dette er langt sett i høve til tilflot, og etablering av vorar og flytebrygge vil gi sjøsida ein auka kvalitet med tanke på båtbruk.*

*Vorar vil skjerme for vind- og straumkrefter i vatnet, og vil gi båtar ei tryggare fortøyningsmuligheit. Tiltaket vil vere positivt i høve bading og sjørelaterte aktivitetar.*

*Det eksisterar liknande vør-pirar og flytebrygger i nærområdet, så tiltaket kan neppe hevdast å verte eit framandelement i strandsona. Allemannsretten og fri ferdsel vil ikkje verte hindra eller påverka av tiltaket. Personar i vandring langs sjøkanten kan utan større vanskar ta seg forbi dei planlagte vorane. Alle berørte naboar har samtykka til tiltaket*

*Ulemper ved tiltaket:*

*- Ein kan ikkje sjå at det skal vere tungtvegande argumenter for at tiltaket ikkje kan gjennomførast. Frå tiltakshavar(ane)si side så vil tiltaket gi utelukkande fordelar.*

*Utifrå ei samla vurdering av fordelar og ulemper, skal det gjevast ei tilråding og konklusjon. Etter vår vurdering er det overvekt av fordelar med å gi dispensasjon frå bygging i 100 meters beltet innanfor Kystsoneplanen. Omsøkt tiltak vil vere viktig for brukarane av området, og etter vårt syn gi utelukkande fordelar for bruken av båt og sjøsona forøvrig. Det vil gi trygghet for båtbruken, og sikker fortøying kan påreknast uavhengig av flod og fjøre. Vi er av den oppfatning at gjennomføring av omsøkt tiltak vil vere positivt for området, og vil ikkje forverre tilhøva overfor allemannsretten i sjøsona."*

I høve dispensasjon er søknaden sendt på høyring. Det ligg føre tre innspel til saka.

**Møre og Romsdal Fylkeskommune**, melding datert 31.03.2016:

*"Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Berkvika gbnr.6/25 og 6/26 i Volda kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknadar til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne."*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**, brev av 20.04.2016:

*"Søknaden gjeld dispensasjon frå plan for oppføring av to betongvorar ved naust/fritidshus i Berkvika. Eigedomane ligg i område med planforemål naustområde, men er etter tidligare dispensasjonshandsaming gitt løyve til kombinert bygg for naust/fritidsbruk. Planen opnar ikkje for tiltak i sjøen.*

### **Natur- og miljøverninteresser**

Dei to vorane skal vere 34 meter lange, 2 meter breie og horisontale. Avstand mellom vorane er om lag 10 meter. Yttarste delen av vorane/moloane vil ved fjøre sjø stikke opp om lag 2 meter over havoverflata. Utanfor den eine er det også teikna inn ei flytebrygge som går ytterlegare 10 meter ut i sjøen.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 går det fram at det i 100-metersbeltet langs sjøen skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Ut frå ortofoto og vår kjennskap til området, har strandområdet ved Berkvika gode kvalitetar til friluftsliv og rekreasjon. Dette gjer det ekstra viktig å unngå å etablere tiltak som er negative for dei verdiane som § 1-8 er meint å ivareta. Omsøkte tiltak vil fort framstå som barrierar som vanskeleggjer ferdsel i strandsona, og vil også vere uheldige med omsyn til landskapet. Med støypt platting utanfor nauset/fritidsbustaden og ei trapp som i fortsetjinga går ut i sjøen som ein vor/molo, vil tiltaka også gi ei yttarlegare privatisering av området.

For å redusere omfanget av inngrep i strandsona, må ein unngå at alle skal ha sin eigen molo/vor, men at ein heller etablerer felles småbåthamner for alle i området. Vi ser av ortofoto at strandsona ikkje er inngrepsfri frå for, men meiner likevel at dette er tiltak som i betydeleg grad vil vere negativt for området sine kvalitetar til ferdsel og rekreasjon for ålmenta. I tillegg vil det gi presedensverknad som kan legge føringar for ei vidare negativ utvikling av området. Vi rår sterkt ifrå omsøkte tiltak, og vil vurdere å klage på eit positivt vedtak."

### **Fiskeridirektoratet-Forvaltningsseksjonen, brev av 31.03.2016:**

"Fiskeridirektoratet er statlig sektormyndighet for forvaltningen av akvakultur i medhold av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur, og den marine ressursforvaltningen hjemlet i lov av 6. juni 2008 nr. 37: Lov om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova).

Fiskeridirektoratet skal fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø.

Fiskeridirektoratets regioner skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

#### **Vurdering**

Vi har vurdert søknaden i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser, samt marint biologisk mangfold. I Fiskeridirektoratets kartlegging av tradisjonelle fiskeriinteresser i Møre og Romsdal fylke, er det i omsøkt område ingen direkte registreringer der selve tiltaket planlegges. Men det er registrert en kaste- og låssettingsplass svært nær, bare cirka 60 meter fra land. Bruken av dette området vil kunne bli berørt dersom tiltaket kommer for langt ut fra land og inn i området.

Ut fra vedlagte tegning over vorpirene og flytebryggen vil ikke selve vorpirene med en lengde på 34 meter fra støpt platting foran naust komme i konflikt med kaste- og låssettingsplassen. Flytebryggen er fem meter lang og har en landgang som er noe tilsvarende. Dersom fortøyningssystemet til flytebryggen strekkes vesentlig ut i sørvestlig retning vil disse kunne komme i konflikt med kaste- og låssettingsplassen.

Vi ber derfor om at det tas hensyn til kaste- og låssettingsplassen ved utlegging av fortøyning til flytebryggen, og at disse begrenses så mye som mulig med tanke på lengde i sørvestlig retning.

#### **Konklusjon**

Etablering av vorpirer og flytebrygge vil kunne legge en mindre begrensning på utnyttelsen av kaste- og låssettingsplassen i Berkvika dersom fortøyningen til flytebryggen kommer inn i området. Men dette vil være av relativt lite omfang, og kan begrenses ved utlegging av fortøyningssystemet til flytebryggen i sørvestlig retning. Vi kjenner ikke til andre fiskeriinteresser eller marint biologisk mangfold i området som vil komme i konflikt med

*tiltaket. Fiskeridirektoratet region Midt har ut over dette ingen merknader til omsøkt dispensasjon."*

### **Vurdering og konklusjon:**

Tiltaket krev dispensasjon frå plan og reglane i plan og bygningslova §1-8.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 går det fram at det i 100-metersbeltet langs sjøen skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.

Dei to vorane skal vere 34 meter lange, 2 meter breie og horisontale. Avstand mellom vorane er berre om lag 10 meter. Yttarste delen av vorane/moloane vil ved fjøre sjø stikke opp om lag 2 meter over havoverflata. Utanfor den eine er det også tenkt ei flytebrygge som går ytterlegare 10 meter ut i sjøen.

Ut frå ortofoto og kjennskap til området, har strandområdet ved Berkvika gode kvalitetar sett i høve til landskap, natur og friluftsliv. Det er lang fjøre i området og dette gjer det ekstra viktig å unngå å etablere tiltak som er negative for dei verdiane som § 1-8 i plan og bygningslova er meint å ivareta.

Omsøkte tiltak vil etter administrasjonens syn framstå som ein svært bastant konstruksjon i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dei er heller ikkje forma som ein tradisjonell vor, men skal ha horisontal topp i støypt betong, og vil framstå som eit framandelement og ein barrierar som også vanskeleggjer ferdsel i strandsona, og som vil vere uheldige med omsyn til landskapet.

Ein tradisjonell vor skal både verne mot sjøpåverknad og gje høve til tilflot. Den er tradisjonelt gjerne utført i naturstein, tek utgangspunkt i flodmålet og skrånar av utover mot marebakken /djupare vatn for å sikre tilflot ved ulike sjønivå.

Det omsøkte tiltak er meir å sjå som ein molo/kai.

Gjennomføring av tiltaket vil klart også gi ytterlegare privatisering av området.

Å gje dispensasjon for tiltaket vil klart kunne gje presedensverknad som kan legge føringar for ei vidare negativ utvikling av dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

I høve saka finn ein også grunn til å vise til liknande sak lenger sør i Berkvika der kommunen gjekk i mot etablering av vorar/molo, og der det vart etablert fellesløyising med flytebrygge for alle naust/hytteigarane i området.

Vi rår såleis frå at det vert gitt dispensasjon for etablering av "vorar" og flytebrygge som omsøkt.

Det er elles grunn til å vise til fråsegn som ligg ved og er gjenngitt ovanfor i høve vurdering og tilråding i saka.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Tiltaket vert vurdert som uheldig sett i høve til natur og miljøomsyn. Tiltaket vert vurdert å vere negativt i høve til friluftssinteresser.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen for kommunal økonomi.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

### **Naturmangfaldlova:**

Ikkje kjende registreringar som gir grunn til ytterlegare avklaring. jf her også vurdering i uttale frå fiskeridirektoratet.

.....



## VOLDA KOMMUNE

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

P. Mulvik as, v/ idar@mulvik.no

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, *postmottak@fylkesmannen.no*

Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND

Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 Bergen *postmottak@fiskeridir.no*

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Volda kommune**  
**Avd. Utvikling**  
**Rådhuset**

**6100 Volda**

Dykkar ref.: Vestgarden/ Heltne

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2016/108	Saksbehandler: UTV
Lepernr:	S: PERHEL
21 JAN 2016	
Arkivnr:	BYGG
Klassering:	6/25
Klassering:	

**Volda 19.01.2016**

Sentral: 70 07 49 00

Kontor: 70 07 49 93

Mobil: 91 58 98 79

Vår ref.: Idar Hagen

**Gnr. 6, bnr. 25 og 26 i Volda kommune**

**Tiltakshavar: Sissel Berkvik og Janne Berkvik**

**Tiltak: Vør-pirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar**

**Søknad om dispensasjon frå Kystsoneplanen vedr. etablering av tiltak innanfor 100 meters beltet.**

**Tiltaket sin karakter:**

Tiltaket er å sjå som eit fellesprosjekt mellom eigarane av 2 naust/fritidseigedomar med felles bytelinje.

Tiltakshavarar er:

6/25: Sissel Berkvik

6/26: Janne Berkvik

**Planstatus for området:**

Omsøkt plassering av tiltaket soknar under Kystsoneplanen. Tiltaket må difor avklarast i høve til det generelle forbodet mot bygging innanfor 100 meters-beltet.

Tiltaket vil krevje dispensasjonshandsaming og vedtak om dispensasjon frå Volda kommune.

Søknad om dispensasjon vert fremja i dette brev.

**Nabovarsling:**

Tiltaket er nabovarsla ved personleg frammøte og signatur med samtykke til tiltak frå kvar enkelt av naboane.

Det er ikkje registrert nokon merknadar til planane. Viser forøvrig til vedlagte kvitteringsliste.

**Møte med kommunen 18.11.2015:**

Det er gjennomført eit møte/ førehandskonferanse der fylgjande deltok:

- Jørgen Vestgarden, Volda kommune
- Per Heltne, Volda kommune
- Oddbjørn Roseth, TH
- Frode Busch, TH
- Idar Hagen, Per Mulvik AS (ansv. Søkjar)

Referat frå møtet ligg ikkje føre, kun eigne notatar.

Kommunen sine representantar er forelagt planane for etablering av vør og flytebrygge. Formell sakshandsaming vert søknad om dispensasjon frå Kystsoneplanen. Det er i utgangspunktet byggeforbod i 100 meters beltet ved sjø , og løyve kan ikkje gjevast før dispensasjon frå Kystsoneplanen er gitt.

**Materialar i konstruksjon:**

Det er 2 ulike materialar som er aktuelle ved bygging av vorar. Naturstein er eit naturleg alternativ, men ein ynskjer også å vurdere bruk av prefabrikerte betongsblokker med mønster i visningsflate. Aktuelt produkt er Recon-blokker murt i rette linjer og med vertikale skjøtar i forband.



Topp av vor vert betongpåstøyp. Delar av vør-front kan med fordel tekkast med tremateriale for å gi ei mindre brutal fortøyningssone for båtar.  
Alternative betongblokker er vist i vedlegg som orientering.

#### Søknad om dispensasjon:

Søknad om dispensasjon skal grunnjevast, og fordelar og ulemper skal vektast mot kvarandre. Ein vil i dei etterfylgjande punkt søkje å utgreie saka.

Fordelar med omsøkt tiltak:

- Det er tidlegare gjennom søknad gjeve løyve til naust/ fritidsbustad på eigedomane 6/25 og 6/26.
- Arealet mellom gavlvegg naust og sjølinja er det naturlege uteopphaldsarealet, og ein søker å legge best mogleg til rette for ein utvida og praktisk bruk av sjøsida.
- Frå naturen si side er sjøbotnen svært langgrunn utanfor eigedomane 6/25 og 6/26. Det er difor til tider vanskeleg med tilflot av båt på fjøre sjø. Mara-bakken er innmålt til 34 meter avstand frå plattung framfor naust. Dette er langt sett i høve til tilflot, og etablering av vorar og flytebrygge vil gi sjøsida ein auka kvalitet med tanke på båtbruk.
- Vørar vil skjerme for vind- og straumkrefter i vatnet, og vil gi båtar ei tryggare fortøyningsmuligheit.
- Tiltaket vil vere positivt i høve bading og sjørelaterte aktivitetar.
- Det eksisterar liknande vør-pirar og flytebrygger i nærområdet, så tiltaket kan neppe hevdast å verte eit framandelement i strandsona.
- Allemannsretten og fri ferdsel vil ikkje verte hindra eller påverka av tiltaket. Personar i vandring langs sjøkanten kan utan større vanskar ta seg forbi dei planlagte vorane.
- Alle berørte naboar har samtykka til tiltaket
- 

Ulemper ved tiltaket:

- Ein kan ikkje sjå at det skal vere tungtvegande argumenter for at tiltaket ikkje kan gjennomførast.
- Frå tiltakshavar(ane) si side så vil tiltaket gi utelukkande fordelar.

Utifrå ei samla vurdering av fordelar og ulemper, skal det gjevast ei tilråding og konklusjon.

Etter vår vurdering er det overvekt av fordelar med å gi dispensasjon frå bygging i 100 meters beltet innanfor Kystsoneplanen. Omsøkt tiltak vil vere viktig for brukarane av området, og etter vårt syn gi utelukkande fordelar for bruken av båt og sjøsona forøvrig. Det vil gi trygghet for båtbruken, og sikker fortøyning kan påreknast uavhengig av flod og fjøre.

Vi er av den oppfatning at gjennomføring av omsøkt tiltak vil vere positivt for området, og vil ikkje forverre tilhøva overfor allemannsretten i sjøsona.


Vonar på kommunen si positive tilbakemelding i saka.

Per Mølvik AS


Idar Hagen

- siv.ing -

- Kvitteringsliste nabovarsel
- Situasjonsplan med vørar og flytebrygge
- Oppriss/ lengdesnitt av vør m.m.
- Betongblokker som muralternativ. Brosjyre frå leverandør/producent.



Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent
Steinvorar og flytebrygge Berkvik Situasjonsplan		Målestokk	Dato	24 november 2015	
		1: 250	Tegnet	IH	
			Kontr.		
			Godkjent		
		Arkiv bet.			
		Erstatn. for			
		Tegning nr.	2238 -101		Rev.



Murt vør (naturstein eller betongblokker Recon)  
 Lengdesnitt/ Oppriss vør-konstruksjon og stød m.m.  
 Skjematisk

Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent
Steinvorar og flytebrygge Berkvik Oppriss/ lengdesnitt		Målestokk	Dato	15 januar 2016	
		1: 200	Tegnet	IH	
			Kontr.		
			Godkjent		
		Arkiv bet.			
		Erstatn. for			
		Tegning nr. 2238 -102			Rev.



# The ReCon Wall System...

is an exciting retaining wall product with  
the look, size and durability of massive  
natural stones.





Fylkesmannen m.fl  
jf adresseliste

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/108	2990/2016	6/ 25	UTV/ PERHEL	10.03.2016

**GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED  
NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR - HØYRING**

Vedlagt følger kopi av søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av ”betongvorare ” ved naust/fritidshus i Berkvika.

Eigedomane er i gjeldande plan, kystsoneplan vist som naustområde.

Det er seinare ved eigen dispensasjonshandsaming gitt løyve til kombinert bygg for naust/fritidsbruk.

Det er i plan ikkje sagt noko om tiltak i sjøen framfor byggeområda.

Arealet her ligg såleis som sjøområde for natur, fiske, ferdsel og friluftsliv.

Før vidare handsaming i kommunen ber vi om dykkar uttale.

Frist for uttale vert sett til 21.04.2016.

Med helsing

.....  
Per Heltne  
fagansvarleg, plan

**Kopi:** Søkjar til orientering.

**Adresseliste:** (sendt pr e-post)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Kystverket  
Fiskeridirektoratet  
Volda kommune Teknisk sektor



Volda kommune

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen  
Telefon: 94135463  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Midt  
Vår referanse: 16/3550  
Deres referanse: 2016/108  
Vår dato: 31.03.2016  
Deres dato: 10.03.2016

## **VOLDA KOMMUNE - HØRING AV SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KYSTSONEPLAN FOR ETABLERING AV VORPIRER OG FLYTEBRYGGE VED GNR6 BNR25 OG 26 - UTTALELSE**

Vi viser til e-post fra Volda kommune datert 10.03.2016, med oversendelsesbrev. Det bes om uttale i forhold til søknad om dispensasjon fra kystsonenplanen. To grunneiere søker om dispensasjon fra kystsonenplanen for etablering av to vorpirer og flytebrygge ved naust/fritidshus i Berkvika ved Voldsfjorden.

### **Fiskeridirektoratets ansvar og medvirkning**

Fiskeridirektoratet er statlig sektormyndighet for forvaltningen av akvakultur i medhold av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur, og den marine ressursforvaltningen hjemlet i lov av 6. juni 2008 nr. 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova).

Fiskeridirektoratet skal fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø.

Fiskeridirektoratets regioner skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### **Vurdering**

Vi har vurdert søknaden i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser, samt marint biologisk mangfold. I Fiskeridirektoratets kartlegging av tradisjonelle fiskeriinteresser i Møre og Romsdal fylke, er det i omsøkt område ingen direkte registreringer der selve tiltaket planlegges. Men det er registrert en kaste- og låsettingsplass svært nær, bare cirka 60 meter fra land. Bruken av dette området vil kunne bli berørt dersom tiltaket kommer for langt ut fra land og inn i området.

Ut fra vedlagte tegning over vorpirene og flytebryggen vil ikke selve vorpirene med en lengde på 34 meter fra støpt platting foran naust komme i konflikt med kaste- og låssettingsplassen. Flytebryggen er fem meter lang og har en landgang som er noe tilsvarende. Dersom fortøyningsystemet til flytebryggen strekkes vesentlig ut i sørvestlig retning vil disse kunne komme i konflikt med kaste- og låssettingsplassen.

Vi ber derfor om at det tas hensyn til kaste- og låssettingsplassen ved utlegging av fortøyning til flytebryggen, og at disse begrenses så mye som mulig med tanke på lengde i sørvestlig retning.

Vi gjør oppmerksom på at Fiskeridirektoratets kartlegging av tradisjonelle fiskeriinteresser finnes på vår nettside, [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no), under "Kartverktøy". Vi vil også være behjelpelig med ytterligere data og informasjon dersom det er ønskelig.

### **Konklusjon**

Etablering av vorpirer og flytebrygge vil kunne legge en mindre begrensning på utnyttelsen av kaste- og låssettingsplassen i Berkvika dersom fortøyningen til flytebryggen kommer inn i området. Men dette vil være av relativt lite omfang, og kan begrenses ved utlegging av fortøyningsystemet til flytebryggen i sørvestlig retning.

Vi kjenner ikke til andre fiskeriinteresser eller marint biologisk mangfold i området som vil komme i konflikt med tiltaket.

Fiskeridirektoratet region Midt har ut over dette ingen merknader til omsøkt dispensasjon.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik  
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift*

**Mottakerliste:**

Volda kommune

**Kopi til:**

Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Regional- og næringsavdelinga	6404	MOLDE

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Berkvika gbnr. 6/25 og 6/26 i Volda kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Mvh

Anders Smith-Øvland

Overarkitekt/rådgivar

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

E-post: [anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

Tlf: (+47) 71 25 82 91

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	2016/108
Løpnr	
21 APR 2016	
Arkivnr	BY66
Klassering E	6/25
Klassering S	

## Volda kommune

### Vorpirar og flytebrygge ved naust / fritidseigedomar gnr6 bnr25 og bnr26 Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Søknaden gjeld dispensasjon frå plan for oppføring av to betongvorar ved naust/fritidshus i Berkvika. Eigedomane ligg i område med planføremål naustområde, men er etter tidlegare dispensasjonshandsaming gitt løyve til kombinert bygg for naust/fritidsbruk. Planen opnar ikkje for tiltak i sjøen.

#### Natur- og miljøverninteresser

Dei to vorane skal vere 34 meter lange, 2 meter breie og horisontale. Avstand mellom vorane er om lag 10 meter. Yttarste delen av vorane/moloane vil ved fjøre sjø stikke opp om lag 2 meter over havoverflata. Utanfor den eine er det også teikna inn ei flytebrygge som går yttarlegare 10 meter ut i sjøen.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 går det fram at det i 100-metersbeltet langs sjøen skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser. Ut frå ortofoto og vår kjennskap til området, har strandområdet ved Berkvika gode kvalitetar til friluftsliv og rekreasjon. Dette gjer det ekstra viktig å unngå å etablere tiltak som er negative for dei verdiane som § 1-8 er meint å ivareta. Omsøkte tiltak vil fort framstå som barrierar som vanskeleggjer ferdsel i strandsona, og vil også vere uheldige med omsyn til landskapet. Med støypt platting utanfor naustet/fritidsbustaden og ei trapp som i fortsetjinga går ut i sjøen som ein vor/molo, vil tiltaka også gi ei yttarlegare privatisering av området.

For å redusere omfanget av inngrep i strandsona, må ein unngå at alle skal ha sin eigen molo/vor, men at ein heller etablerer felles småbåthammer for alle i området. Vi ser av ortofoto at strandsona ikkje er inngrepsfri frå før, men meiner likevel at dette er tiltak som i betydeleg grad vil vere negativt for området sine kvalitetar til ferdsel og rekreasjon for almenta. I tillegg vil det gi presedensverknad som kan legge føringar for ei vidare negativ utvikling av området.



### **Konklusjon**

Vi rår sterkt ifrå omsøkte tiltak, og vil vurdere å klage på eit positivt vedtak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2014/2023

Arkivkode: 30/ 194

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

## GBR 30/194, 304 - UTBYGGING AV COOP-BYGGMIX PÅ ROTSET - JUSTERT SITUASJONSPLAN -DISPENSASJON I HØVE TIL GJELDANDE PLAN.

### Administrasjonen si tilråding:

- Forvaltningsstyret finn ut frå omsyn til trafikkareal og p-areal på Coop -ExtraBygg sitt område og behova knytt til omlegging av krysset Myravegen/Prestegata, at justert planløyning slik det går fram av situasjonsplan XXXXXX kan akseptast, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for utbygging av uteområdet og tilgrensande fortausløyning som omsøkt.*
- Spørsmål om setting av kantstein langs austsida av Myravegen slik tomteeigarane her ynskjer, vert å vurdere i pågåande reguleringsarbeid for E39.*

### Vedleggsliste:

Forvaltningsstyret sak 62/15

Justert situasjonsplan datert xxxxxx (vert ettersendt)

### Uprenta saksvedlegg:

Gjeldande reguleringsplan for område

### Uprenta saksvedlegg:

### Samandrag av saka:

### Saksopplysningar:

I samband med utbyggingssøknad for Coop-ExtraBygg på Rotset vart det i sak 62/15 i Forvaltningsstyret den 25.08.15, handsama ulike søknader om avvik frå gjeldande plan i området.

Det var knytt til utnyttingsgrad, avstand til nabogrense mot friområde, utforming og høgd på gjerde rundt eigedomen m.v.

Det vart gjort slikt vedtak:

- Forvaltningsstyret finn etter samla vurdering med heimel i PBL §19-2 å kunne gje fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan for området og frå reglane i plan og bygningslova for planlagt utbygging for Coop- ExtraBygg (jf søknad datert 29.05.2015):*

- *Tillat utnyttingsgrad vert auka til 48% som sikrar grunnlag for utbygging i samsvar med omsøkte prosjekt.*
  - *Byggegrense inn til nabogrense kommunalt areal i Elvadalen for overbygd utelager.*
  - *Dispensasjon for gjerdehøgd, ut frå omsyn til tryggleik for trafikk både for køyrande og fotgjengarar og for tryggleiken for varelager.  
Gjerdeutforming må nærare avklarast og godkjennast gjennom byggesøknad etter samråd med kommunen, jf både omsyn til tryggleik og estetikk.*
2. *Forvaltningsstyret finn ikkje at det er grunnlag for handsaming av dispensasjon frå plan for endring av vegkryss Myravegen x Prestegata. Slik eventuell endring må få si avklaring gjennom reguleringsendring etter PBL§12-14, eller ny dispensasjons-søknad der slik vegendring vert nærare utgreidd.*
3. *Forvaltningsstyret legg til grunn at ein ved handsaming av byggesak ser nærare på detaljar knytt til omlegging av innkøyring, plassering av gjerde og port m.v. og tek naudsynt omsyn til dei type køyrety som dette skal fungere for, jf vegnormalane, og at plassering av port og gjerde vert vurder nærare ut frå dette. Jf også innspel frå naboar.*

Dei aktuelle punkta i vedtaket under pkt 1 og pkt 3 er fylgt opp av tiltakshavar i pågåande byggearbeid og i dialog med naboar.

I samband med byggesaka har det vore mykje diskusjon med naboar på andre sida av Myravegen om vegutforminga her og plassering av innkøyring til Coop sitt område. Naboane finn det uheldig at bilar som skal inn til området både køyrer på og dels parkerer på det avsette vegarealet utanfor asfaltert område.

Dette har særleg vore eit merkbart problem no i byggeperioden.

Situasjonen vil vonleg bli betra når byggeperioden er over og lastebilane/trailerane kan køyre direkte inn på området for avlesing av varer.

Coop-ExtraBygg ønskjer no også å få opparbeidd uteområdet ved bygget og mot Myravegen/Prestegata. Det er utarbeidd situasjonsplan for dette, der veg og fortau-utforming er vist, og der utforming/type føringskant og rekkverk er illustrert.

Slik situasjonsplanen var utforma var det ikkje teke omsyn til planlagt vegomlegging etter gjeldande plan. jf. pkt 2 i sak 62/15.

I samband med desse planane vart det teke initiativ til eit møte der både ansvarleg søkjar og naboane møtte, og der kommunen ved utviklingsleiar, planleggar og representant for teknisk sektor deltok.

Naboane framheva sitt ynskje om at vegområdet burde bli utvida vestover (mot Coop-ExtraBygg) og at det burde bli sett kantstein som avgrensing mot deira eigedomar.

Etter som det no også vert lagt til rette for breitt fortau langs heile vestsida av vegen (frå brua og nedover til forbi brannstasjonen, ville det ikkje vere det same behov for fortau langs austsida av Myravegen. Her er det i gjeldande plan innteikna smalt areal til fortau/serviceareal med 1.5 m i gjeldande plan.

For å ivareta mulegheita for utbetring av krysset Myravegen/Prestegata slik føresett i gjeldande plan, er situasjonsplanen justert.

Opparbeiding av parkering/trafikkarealet inne på CoopExtraBygg sitt område vert avslutta inn mot planlagt mur mot fortau, og fortau med breidde 2.5m. Fortau blir ut frå dette bygd ferdig i heile eigedomen si lengde frå fotgjengarfelt mot turvegen i elvadalen og til innkøyringa ved brannstasjonen i Prestegata.

Eksisterande lysanlegg i gata vert fjerna og nytt sett opp (led-lys) etter justert veglinje.

Justert situasjonsplan med tilhøyrande vegomlegging avvik litt i høve til gjeldande reguleringsplan. Indre kant fortau er no gitt ein minste radius på 30 m. Etter gjeldande plan skulle den vere om lag 40m.

Vegbreidda i Myravegen på strekninga her vert no gjennom endra planløyising auka til 6.1m.

Etter vurdering av situasjonen der både omsyn til trafikkareal og p-areal på Coop -ExtraBygg sitt område og behova knytt til omlegging av krysset, har vi funne denne løysinga akseptabel. Eigedomsgrensa for Coop-ExtraBygg sin eigedom går til senterline i eksisterande veg, og omlegging av vegen krev løyve til frå grunneigar.

Det vert såleis tilrådd dispensasjon frå plan for utbygging av uteområde på Coop-ExtraBygg sitt område og tilgrensande fortauløysing mot Myravegen/Prestegata i samsvar med situasjonsplan datert ???????:

Spørsmål om setting av kantstein langs austsida av Myravegen slik tomteeigarane her ynskjer, og som dei også vil ta kostnaden med om kommunen gir løyve(eller gjennomfører) dette, vert ikkje teke standpunkt til no.

Status for Myravegen og kryssløysing mot E39 skal vurderast i pågåande reguleringsarbeid for E39. Ein finn det rett at ein avventar nærare avklaring i høve til dette før ein legg kostnader i opparbeiding med kantstein her.

Gjerde:

Framlegg til utforming av mur og gjerde er i samsvar med føresetnader i sak 62/15 og vert akseptert.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen særlege endringar ved justert planløyising. Samanhengande fortau langs vegen vil vere positivt for gåande.

**Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaket medfører ikkje kostnader for kommunen. Opparbeiding av fortau som planlagt vil vere positivt utan kostnad for kommunen. Ein oppnår også avtale om slik omlegging utan behov for innløyising av grunn.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen endringar.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sporstøl Arkitekter a.s.

Arild Gjersdal , Oddmund Palmar Yksnøy og Jostein Olsen, for eigedomane i Myravegen 11, 13 og 15:

**Klageinstans:**

Fylkesmannen

**Kopi:**

Volda kommune Teknisk sektor

Volda kommune – Utvikling Byggesak



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST1 «POSTSTED»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/2023	9051/2015	30/ 194	SVK/ US	01.09.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - GBR 30/194, 304 - UTBYGGING AV COOP-BYGGMIX PÅ ROTSET. DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN.**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 25.08.15, hadde føre ovannemnde som sak 62/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret finn etter samla vurdering med heimel i PBL §19-2 å kunne gje fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan for området og frå reglane i plan og bygningslova for planlagt utbygging for Coop- ExtraBygg (jf søknad datert 29.05.2015):**
  - Tillat utnyttingsgrad vert auka til 48% som sikrar grunnlag for utbygging i samsvar med omsøkte prosjekt.**
  - Byggegrense inn til nabogrense kommunalt areal i Elvadalen for overbygd utelager.**
  - Dispensasjon for gjerdehøg, ut frå omsyn til tryggleik for trafikk både for køyrande og fotgjengarar og for tryggleiken for varelager. Gjerdeutforming må nærare avklarast og godkjennast gjennom byggesøknad etter samråd med kommunen, jf både omsyn til tryggleik og estetikk.**
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at det er grunnlag for handsaming av dispensasjon frå plan for endring av vegkryss Myravegen x Prestegata. Slik eventuell endring må få si avklaring gjennom reguleringsendring etter PBL§12-14, eller ny dispensasjonssøknad der slik vegendring vert nærare utgreidd.**
- 3. Forvaltningsstyret legg til grunn at ein ved handsaming av byggesak ser nærare på detaljar knytt til omlegging av innkøyring, plassering av gjerde og port m.v. og tek naudsynt omsyn til dei type køyrety som dette skal fungere for, jf vegnormalane, og at plassering av port og gjerde vert vurder nærare ut frå dette. Jf også innspel frå naboar.**

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no		
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727



Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Teknisk sjef Rune Totland  
Utviklingsjef Jørgen Vestgarden  
Sakshandsamar byggesak Ingvild Kalvatn  
Rådgjevar Per Ernst Lundberg

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2014/2023

Arkivkode: 30/ 194

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/15	Forvaltningsstyret	25.08.2015

## **GBR 30/194, 304 - UTBYGGING AV COOP-BYGGMIX PÅ ROTSET. DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN.**

### ***Handsaming:***

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### ***Vedtak i Forvaltningsstyret - 25.08.2015***

- 1. Forvaltningsstyret finn etter samla vurdering med heimel i PBL §19-2 å kunne gje fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan for området og frå reglane i plan og bygningslova for planlagt utbygging for Coop- ExtraBygg (jf søknad datert 29.05.2015):***
  - Tillat utnyttingsgrad vert auka til 48% som sikrar grunnlag for utbygging i samsvar med omsøkte prosjekt.***
  - Byggegrense inn til nabogrense kommunalt areal i Elvadalen for overbygd utelager.***
  - Dispensasjon for gjerdehøgd, ut frå omsyn til tryggleik for trafikk både for køyrande og fotgjengarar og for tryggleiken for varelager. Gjerdeutforming må nærare avklarast og godkjennast gjennom byggesøknad etter samråd med kommunen, jf både omsyn til tryggleik og estetikk.***
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at det er grunnlag for handsaming av dispensasjon frå plan for endring av vegkryss Myravegen x Prestegata. Slik eventuell endring må få si avklaring gjennom reguleringsendring etter PBL§12-14, eller ny dispensasjonssøknad der slik vegendring vert nærare utgreidd.***
- 3. Forvaltningsstyret legg til grunn at ein ved handsaming av byggesak ser nærare på detaljar knytt til omlegging av innkøyring, plassering av gjerde og port m.v. og tek naudsynt omsyn til dei type køyrety som dette skal fungere for, jf vegnormalane, og at plassering av port og gjerde vert vurder nærare ut frå dette. Jf også innspel frå naboar.***

**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret finn etter samla vurdering med heimel i PBL §19-2 å kunne gje fylgjande dispensasjonar frå reguleringsplan for området og frå reglane i plan og bygningslova for planlagt utbygging for Coop- ExtraBygg (jf søknad datert 29.05.2015):*
  - Tillat utnyttingsgrad vert auka til 48% som sikrar grunnlag for utbygging i samsvar med omsøkte prosjekt.*
  - Byggegrense inn til nabogrense kommunalt areal i Elvadalen for overbygd utelager.*
  - Dispensasjon for gjerdehøgde, ut frå omsyn til tryggleik for trafikk både for køyrande og fotgjengarar og for tryggleiken for varelager. Gjerdeutforming må nærare avklarast og godkjennast gjennom byggesøknad etter samråd med kommunen, jf både omsyn til tryggleik og estetikk.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at det er grunnlag for handsaming av dispensasjon frå plan for endring av vegkryss Myravegen x Prestegata. Slik eventuell endring må få si avklaring gjennom reguleringsendring etter PBL§12-14, eller ny dispensasjonssøknad der slik vegendring vert nærare utgreidd.*
- 3. Forvaltningsstyret legg til grunn at ein ved handsaming av byggesak ser nærare på detaljar knytt til omlegging av innkøyring, plassering av gjerde og port m.v. og tek naudsynt omsyn til dei type køyrety som dette skal fungere for, jf vegnormalane, og at plassering av port og gjerde vert vurder nærare ut frå dette. Jf også innspel frå naboar.*

**Vedleggsliste:**

Søknad om rammeløyve  
Søknad om dispensasjonar frå plan/plan og bygningslov  
Nabomerknader  
Tiltakshavar/søkjar si vurderingar av nabomerknader

**Uprenta saksvedlegg:**

Gjeldande reguleringsplan for område

**Saksopplysningar:**

I høve saka vert det vist også til tidlegare sak i Forvaltningsstyret og i Kommunestyret vedkomande dispensasjon frå plan knytt til utviding av byggetomta mot elvadalen, og om avtale om kjøp av kommunal grunn som tillegg til tomta.

Det er no fremja søknad om rammeløyve for utbygging på tomta. I den samanheng er det fremja fylgjande søknader om dispensasjon/avvik frå reguleringsplan og frå reglane i Plan og bygningslova:

Dispensasjon for avstand til byggegrense jf PBL §6-3 for bygging inntil nabogrense mot kommunal eigedom (friområde) i elvadalen.

Frå reguleringsplan/føresegner for fylgjande tiltak/avvik:

Høgde/ utforming på gjerde mot veg .

Utnyttingsgrad ut over føresegnene (føresegnene har føresetnad om inntil 40%BYA medan berekna utnytting for tiltaket er gitt til 44%.)

I søknaden er det m.a gitt fylgjande grunngeving:

*” Gjerde mot veg og fortau/ nabogrense skal etter føresegnene ikkje ha høgde over 80 cm. Planlagt gjerde langs fortau/veg er vist med høgde 1.0 m. Ein ønsker og tilføre et høgre gjerde for og sikre mot fall frå fortau og for auka sikkerhet. Jf høgdeskilnad mellom parkeringsareal og omkringliggande terreng/vegnivå.”*

Vedkomande utnyttingsgrad er det uttalt m.a fylgjande:

*”Ved riving av eksisterende bygg vil tiltakshaver oppføre et nybygg som gir plass til mer av byggeprodukter som i dag lagres ute, til og bli lagret under tak. Auken i grad av utnytting frå **40%, til 44% for hele nybygget** er vurdert som ein auke av mindre omfang, og økning av bygg gir mer skjult lagring av byggevarer som før var synlig på tomten. Det blir mindre eksponering av utelagrede produkter og dette gir området et mer ryddig preg i seg sjølv og for nabolaget”.*

Det er lagt inn forslag om plassering av 5 stk parkeringsplassar mot nord som vist situasjonsplan, parkeringsplassar til brukarar av friareal og turskier i Elvadalen.

Det er søkt dispensasjon for dette.

Dette treng ikkje dispensasjonshandsaming då det ligg innanfor rammene i reguleringsplan for friområde, og gjeld tiltak for tilrettelegging for bruk av området i samsvar med plan. Jf. Også vedtak i Forvaltningsstyret sak 9/15 den 10.02.2015.

Også søknad om dispensasjon for bygging inn mot nabogrense i Elvadalen vart handsama og vurdert i Forvaltningsstyret sak 9/15 den 10.02.2015.

Søkjar har gitt fylgjande vidare grunngeving for dispensasjonssøknader:

*”Det søkes dispensasjoner for utbygging av dagens Coop Byggmix til en utvidet og fremtidsretta Coop Extra Bygg. Dispensasjonssøknader er retta mot fellesføresegner vedkomande gjerde, areal grunnflate i planlagt bygg.*

*Det er dispensasjoner som en anser som vil være med og forbedre område for omkringliggende bebyggelse med tanke på et mer ryddig miljø, og videre tilføre bedre tilgjenge for fotgjengere og parkering.*

#### **Vurdering av konsekvens.**

*Helse: Utbygging av Coop anlegg vil medføre fremtidsretta tilgjengelighet og arbeidsforhold for brukere og ansatte, og arealer som overbygges øker/letter arbeidsforhold.*

*Det vil med viste utbygging gi et annet miljø for omkringliggende beboere / publikum som med utbygging får et ryddigere utemiljø og det gir et bedre estetisk miljø i helhet.*

*Sikkerhet: Med vist utbygging vil område med utelagring bli av mindre omfang da store deler bli inne i tilbygg, og det utvendige lagringsareal minsker og forblir innegjerdet og dette gir et sikrere miljø også etter st forretningen har lukket.*

*Tilgjengelighet: Tilgjengelighet for nybygg blir tilnærmet likt, men forbedres internt då det ikke er nivåforskjeller.”*

#### **Det er i samband med nabovarling, gjennomført av søkjar kome inn fylgjande nabomerknader:**

Frå Arild Gjerdsdal , Cynthia Yksnøy og Jostein Olsen, for eigedomane i Myravegen 11, 13 og 15:

”Dykkar situasjonskart nr. 1335.05 er ikkje rett ifølge gjeldande reguleringsplan for området. Vedtak av reg. plan 28.02.97 blad nr. 2-5800-A1. Vedlagt kopi. Planen har endra de farlege firevegskrysset mellom Myravegen og Prestegata til trevegskryss med meir .

Dagens parkering ved byggmiks var bygget og tilpasset nettopp dette i 2005, slik at de bortregulerte arealet på tomta reduserer reelle kvm2 og dermed vert gjerne dispensasjonsprosenten endå større! **Grunnflata som søkes har 10 prosent flatetillegg!** Vi protesterer på att bygget vert så stort og veldig høgt, så høgt at de tek utsikt og noe sol frå eigedomane . Høgda er oppgitt til 7,8m, dagens areal rundt bygget har betydelige ulike nivåer, så ferdig nivå plankart må vi ha med konkrete terrenghøgder og totalhøgder.

Vedlagt situasjonsplan 1335.05 stemmer ikkje mål og kart ved innkjøring mot nordaust er de sett to pilar og 12,5 m bredde, de måler kun 7.5 m der . Innkjøringa i dag er for dårlig etter dei bygde gjerdet for utelager for langt inn i kjørebana, så de har vore en krig med semitrailera so kjem Myravegen mot nord og legg sej inn i plenkanten ved Myravegen 11 og 15, og bakerste aksel går inn høgt i skråninga då den svinge inn mot byggmiks. Der er kun djup mold og en bil kan fort gå djupt og velte her. Der er doble flerhundrepars telekablur også. Av kartbladet er de lagt opp te omtrent samme gjerding i dag ned mot 6,m bredde ved innvendig gjerde. De er lett å måle att de ikkje er bedring! En semitrailer la inn mest heile lengda på nr 11 opptil 40cm. Vedlagt foto. De vart politisak og en diskuterte å få stenge Myravegen mot nord for store bilar, de var sist haust. Kartet har og en lang skrå i kanten mot 11 si innkjøring dette stemmer heller ikkje med terrenget!

**Reguleringsplana har eget punkt for Myravegen 11 og 13 der fortau mot Mylnevegen legges i dagens veibane.** Enn legg ved kopi av punktet som og viser på regulert kart.

Løysinga må vere å

flytte innkjøringa meir rett overfor drive inn porten mot nord då er Myravegen et par meter breidda mot øst. Ingen vil ha en trailer i hagen sin ..

En har dårlege erfaringer frå tidligare uten nattstengt med vegbom eller porter som no. De vert samlingsplass for ungdom og herjing med kjøretøy. Med så lange opningstider treng vi nattero så vi bed om forstsatt stenging.

De er søkt om fleire dispensasjoner, tomta er tydligvis for lita sjølv med tilleggsareal mot nord. De vil vere stopp for framtidig utvidingar. De har de før vert gjort veldig mange av.

Næringsgruppekode er anført som Gvarehandel, og **reprajon av motorvogner?**

**Nordenden av tomta med fylling:** Dette området består delvis av fyllmasse også av meir tvilsom bosmasse. En husker og hører om mengder so er tippa her også av kvitevarer til og med bilar vart nedgrave. De viser godt rust og oljevann langs gangvegen ved øyraelva tett nord for området. Kor dette vert påvirka ved så mykje graving og stor bygging?

Er dette konsekvensutreda på noken måte?”

**Søkjar har i brev av 28.056.2015 – gitt fylgjande kommentar til nabomerknaden:**

**Dette er seinare fylgt opp i e-post den 7.08.2015:**

”I forbindelse med utvidelse av parkeringsareal er det ikke tenkt å påvirke kryssløsning / svingradius i krysset Myravegen og Prestegata, da det er eksisterende grøntareal som bearbeides. Utvidelse av parkeringsareal til Coop med utgraving i svingen gir mer p-plasser som henvist, og videre vil det bli tilført nytt fortau på 2,5 til 3,0 m bredde ved ny forstøtningsmur i svinge., Utvidelse / endring i svingen er tanken og få mer parkering og en mer ryddig adkomst for parkering, og en vil få et areal som blir letter og vedlikeholde. Henvisning til situasjonsplan og feil i målsetting.



Angitt målsetting er radiusmålsetting og har startpunkt ved start pilvisning. Dette er svingradius inn til område, og målverdier er for kjøretøy etter veinormalen. Avslutningspunkt for nevnte mål blir ikke sperret med kantstein eller annet hinder for tilkomst, da denne avsluttes mot den mørkeste fargen på plan som er henholdsvis mot gjerde og parkeringsplasser.

Grunnflate av forretning / lagerbygg økes og bygges på arealer som i dag er asfalterte arealer for utelagring av materialer / byggeprodukter. Tiltakshaver har søkt kommune om tilleggsareal for utvidelse for å oppnå en et renere og mer estetisk uteareal/ lagringsområde. Utvidelse av bygg er på eksisterende arealer og gir et ryddigere uttrykk, samtidig for å stette krav til sikrere levering av byggematerialer i forhold til krav til kvalitet.

Byggehøyde er angitt med høyde 7,8 m, utearealer og nivåforskjeller er anmerket på vedlagt kartgrunnlag. Høyde på bygget er vist og innenfor PBL krav og reguleringsplan / føresegner. Økning i forhold til eksisterende bygg sin høyeste del som er ca 7 m og forretning med høyde ca 6.1 m som er mindre del av eks. bygg. Det blir endret / senket uteareal med inntil 0,5 m og høydeforskjellen /gesims på det gamle og nye blir ca 0,3 m. Uteareal er senket for å få rettet opp utearealer for sikrere transport / avlesning fra vareruter med truck, og videre en oppretting i avrenningssystem på asfalterte flater.

Størrelsen på bygget økes og dekker det som har vært tidligere ute lager, og høyde økes for og gi bedre logistikk og mer lagring av byggevarer innvendig og med det gi et bedre utemiljø. Merknad på høyde har en forsøkt så langt det er forsvarlig å dekke med å senke nybygget og stette krav til innvendig lagringskapasitet.

Mindre sol for eiendommer som en har mottatt protest / merknad frå:

Det er utarbeidet solstudie for område med angitt tidspunkt på tegninger med dato, klokkeslett og måned for synliggjøring av solforhold. Det skal ikke sies nei til at bygget endrer solmengde for naboer, og det er utarbeidet tegninger som viser byggets solendring / påvirkning ved nybygg. Solstudier vedlegges til sak. Solstudie var ikke del av dokument til nabovarsling. Som henvist over har en senket nybygg for og gi et bidrag til solforhold til omkringliggende bygninger.

Henvising til Næringsgruppekode, varehandel og reparasjon av motorvogner.

Dette er fast tekst valg i Bygg søk software som legges inn ved søknad og er ikke tekst som ansvarlig søker tilfører. Valg dekker varehandel som i dette tilfellet også er den øvrige teksten en del av valget og i noen tilfeller kan vel denne type varehandel ha service på varer / utstyr med motordrift.

Inngjerding blir utført rundt rest av det som er utelagringarealer, og port/ bom blir i innkjøring til utelagerareal. Gjerdefunksjon er for sikring av verdier og sikring for at publikum ikke skal kunne skades etter åpningstid. Det er ønskelig fra tiltakshaver at område ved forretning skal kunne brukes av publikum ved turgåing og ønske om å sjå utstilte varesortement etter stengetid.

### **Gjeldende reguleringsplan Øvre rotset rv 651**

Gjeldende reguleringsplan for Øvre Rotset rv 651 med Plan Id 1997005 dato 28.08.1997 Viser en kryssløsning med arm mot Coop tomteareal i eksisterende kryss mot nord øst.

Det er vist en løsning på utvidelse av parkeringsareal for Coop mot nevnte kryss og der det er innlagt forslag med tilføring av nytt fortau, og grunnet høyde forskjell i dag på ca 1,8 m er det tilført et pulverlakkert gjerde på gangveg kant. Dette hjørne av tomten har i dag synlige merker i grønt areal at det brukes av publikum med innkorting/snarveg for gående, og med tilføring av fortau blir det en styrt og anvist område for gående og naturlig skille mellom veg / fortau og Coop arealer.

*Forslag fremlagt i søknad og anvist i nabovarslingsdokumenter er avvik fra gjeldende plan og er et innspill til person og trafikk avvikling i område, og videre et ønske om og stelle til område i sving med mindre gressareal som bør slåes og stelles for og gi område et ryddig preg.*

*Merknader fra nabo om kryssutforming i gjeldende plan er mottatt, og der nabo vedlegger foto med anvist område som er påført skade av tyngre kjøretøy ved varelevering. Ansvarlig søker har mottatt dokumentasjon og der en med innspill kan eventuelt justere utforming i kryss for og øke svingradius og med det gi bedre manøvreringsmuligheter for større kjøretøy.*

.....

*Ansvarlig søker og tiltakshaver anser merknad som et punkt som kan bearbeides og gi en bedre løsning en i dag.*

#### **Vurdering av konsekvens.**

- *Helse: Utbygging av Coop anlegg vil medføre fremtidsretta tilgjengelighet og arbeidsforhold for brukere og ansatte, og arealer som overbygges øker letter arbeidsforhold.*
- *Miljø: Det vil med viste utbygging gi et annet miljø for omkringliggende beboere / publikum som med utbygging får et ryddigere utemiljø og det gir et bedre estetisk miljø i helhet.*
- *Sikkerhet: Med vist utbygging vil område med utelagring bli av mindre omfang da større deler bli inne i tilbygg, og det utvendige lagringsareal minsker og forblir innegjerdet og dette gir et sikrere miljø også etter forretninger har lukket.*
- *Tilgjengelighet: Tilgjengelighet for nybygg blir tilnærmet likt, men forbedres internt da det ikke er nivåforskjeller.”*

#### **Vurdering og konklusjon:**

Det er i rammeløyvesøknad reist fylgjande spørsmål om dispensasjon frå plan og Plan og bygningslov:

PBL §29-4: *Byggegrense inn til nabogrense kommunalt areal i Elvadalen for overbygd utelager.*

Reguleringsføresegnene § 7 pkt c.: *Utnyttingsgrad til 44%. (føresegnene seier max 40%)*

Reguleringsplan Elvadalen/Reguleringsplan Rv 651 – Øvre Rotset, godkjent kommunestyret 17.12.1998: - *endring av kryss Myravegen/Prestegata.*

Reguleringsføresegnene §3 pkt e: *Høgde på gjerde.*

*Bygging av p-plassar i friområdet.*

Dei andre spørsmåla både i rammeløyvesøknad og i nabomerknader er tiltak som vert å ta opp gjennom handsaming av byggesøknaden (bygehøgde er innan for reglane i gjeldande plan/lovverk).

Eg viser elles til tidlegare sak i Forvaltningsstyret sak 9/15 den 10.02.2015 der både spørsmål om tilleggsareal og byggegrense mot naboeigedom (kommunal eigedom i Elvadale) vart hasdsama. Dette er seinare godkjent av kommunestyret.


Bygging av p-plassar i friområde er innanfor rammene/intensjon for arealbruk for eit friområde og treng etter vårt syn ikkje dispensasjonshandsaming.

Etter drøfting i adm vil ein tilrå at tal plassar som blir opparbeidde her som del av prosjektet (jf avtale med kommunen) vert redusert til 3 plassar, og at dette vert dei viste plassane nærast planlagt utelager.

Utnyttingsgrad:

Overskriding av utnyttingsgrad er som det blir omtalt i søknaden i det alt vesentlege knytt til overbygging av eksisterande og nytt utelager. Deler av dette vil og dekke overbygd kommunikasjonsveg for varelevering og varehenting. Det er sikra gjennomkøyring i bygget som ivaretek dette, noko som vil lette situasjonen for varetransport og til dels vere avlastande i høve til dei moment knytt til vareleveransar som kjem fram i nabomerknader.

Det synest som skissert utbyggingsprosjekt gir ei ryddig tomteutnytting, byggehøgda vert innanfor rammes i gjeldande plan og byggplasseringa tilseier om lag same byggelinje mot Myravegen som i dag, dette med unntak av overbygd utelager mot elva. Tilhøva til naboar sett i høve til bygningsvolum vert såleis berre i mindre grad endra ved planlagt auka utnytting. (jf også utarbeidde solstudiar knytt til prosjektet).



Utnyttingsgrad er i prosjektbeskrivelse rekna til 44%.

Basert på eit samla byggeareal på 4220 m<sup>2</sup> og brutto tomteareal på 9658 m<sup>2</sup>.

Legg ein til grunn netto areal basert på gjeldande reguleringsplanar, jf kartutsnitt over, vert berekna utnyttingsgrad slik:

$100\% \times \text{Utbyggingsareal } 4220\text{m}^2 / \text{netto tomteareal } 8800 \text{ m}^2 / = 48\%$ .

Dette er i dag ein relativt lav utnyttingsgrad for denne type eigedom. At bygget også ivaretar dei fleste lagerfunksjonar og deler av transportvegane på området må også tillegkast vekt i ei slik vurdering. Det same at bygget berre er i ein etg.

I vurdering finn eg også grunn til å nemne at området gjennom prosjektet vert gitt ei tiltalende form og ryddigheit som er til det betre både for området i seg sjølv og for naboskapet.

Det er funne plass til naudsynnte funksjonar innan området for varetransport og parkering.

Ut frå framlagd dokumentasjon og argumentasjon knytt til ei meir ryddig ordning ved overbygd utelager finn ein å kunne tilrå dispensasjon for bygging inntil nabogrense slik no søkt om.

Gjerde:

Ut frå omsyn til tryggleik for trafikk både for køyrande og fotgjengarar og for tryggleiken for varelager m.v finn ein å kunne tilrå dispensasjon for gjerdehøgd.

Gjerdeutforming må nærare avklarast og godkjennast gjennom byggesøknad etter samråd med kommunen, jf både omsyn til tryggleik og estetikk.

Tilhøve til reguleringsplan-situasjonsplan:

I situasjonsplan er det vist utviding av parkeringsareal mot eksisterande Myraveg/Prestegata. Slik løysing er i strid med gjeldande plan.

Eg finn ikkje at det er grunnlag for handsaming av ei slik endring som del av byggesøknad/dispensasjon etter reglane i PBL §19-2.

Dette er ei så omfattande endring at det bør avklarast gjennom reguleringsendring etter reglane i PBL § 12-14. Eventuelt gjennom ny disp.søknad der omlegginga vert nærare vurdert i ei vidare vurdering og høyring.

Det er vist naudsynt parkeringsdekning for planlagt bygg utan å vere i konflikt med reguleringsplan og ein har såleis også tid til eventuelt å fremje slik reguleringsendring/søknad om det er ynskjeleg.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

[Avklara](#) gjennom byggeprosjekt/søknad.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen vesentlege for kommunal økonomi.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen endringar.

Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sporstøl Arkitekter a.s.

Arild Gjersdal , Cynthia Yksnøy og Jostein Olsen, for eigedomane i Myravegen 11, 13 og 15:

**Klageinstans:**

Fylkesmannen

**Kopi:**

Volda kommune Teknisk sektor

Volda kommune – Utvikling Byggesak

Rådgjevar Per Ernst Lundberg






I medhald av § 27 - 2 i plan og bygningslova har Volda kommunestyre i møte den 28.08.97, sak nr. 107/97, vedteke ovannemnde reguleringsplan slik han er innteikna på dette kartet. Planen medfører endring i fylgjande reguleringsplanar:

- Øvre Rotset 1, eigengodkj. 20.02.92
- Øvre Rotset 2, eigengodkj. 25.10.90
- Elvdalen, eigengodkjent 06.04.89 (5.12.85).
- Myrane, eigengodkjent 6.04.89
- Røysmarka, eigengodkjent 2.03.95.

Volda den 08.09.97

for adm. sjefen, Volda kommune  
 Per Heltna  
 Per Heltna  
 planleggar

B	Endra etter vedtak i sak PL 0012/97 i Volda kommunestyre	14/4 1997	HWU
A	Kryss Myrvegen/Rotselgata endra etter vedtak i sak 96/0043 i Det faste planutvalget i Volda kommune.	26/11-1996	RHH/ HWU
Originalkart konstruert år .		fotoår .	
 Statens vegvesen Møre og Romsdal		 Volda kommune	
Teikn.	10/3 1997 Halgeir Muttudal	Dato	Sign.
Saksb.	10/3 1997 Rolf Arne Hamre		
Ark.			
RIKSVEG 651		Målestokk	1:1000
VOLDA-GREIFSNESET		Ark.nr	2-5800-A1
REGULERINGSENDRING		Teikn.nr	Blad 1/2
ØVRE ROTSET			







## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2015/2375

Arkivkode: 34/ 2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/16	Forvaltningsstyret	10.05.2016

### **GBR 34/2 - DELING OG OPPMÅLINGSFORRETNING - TILLEGGSAREAL DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV. HANDSAMING ETTER JORDLOVA.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan for frådeling av tilleggsareal til hyttetomta gnr 34 bnr 4 på Furneset i samsvar med søknad dagsett 29.10.2015.*
- 2. Før bygging på eigedomen kan iverksetjast må naudsynt avklaring i høve til automatisk freda kulturminne på området vere gjennomført i samråd med M.R.Fylkeskommune. Jf vilkår i brev av 20.01.2016.*
- 3. Forvaltningsstyret finn ikkje at deling slik søkt om vil svekkje ressursane til eigedomen eller føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen, og gjev med heimel i jordlova § 12 løyve til frådeling.*

#### **Vedleggsliste:**

Søknad om deling frå Oddvin Furnes, dagsett 29.10.2015

Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 01.12.2015

Sakshandsaming etter jordlova. *Saksnr* 2016/641, *Løpenr* 5543/2016, 20.04.2016

Uttale ved høyring:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal Fylkeskommune


#### **Uprenta saksvedlegg:**

Kystsoneplan

#### **Saksopplysningar:**

Søknaden gjeld deling av 0,5 daa frå Furnes gnr 34 bnr 2 i Volda, som tillegg til allereie frådelt hyttetomta gnr 34 bnr 4.

Søkjaren Oddvin Furnes er eigar av hyttetomta gnr 34 bnr 4, som er utskild frå hovudbruket gnr 34 bnr 2 som er eigd av Marianne Furnes Flusund og Frank Flusund.



Søkt delt no som tillegg til bnr 4



Utsnitt frå kystsoneplanen.

Søknaden gjeld areal som i kommuneplan (jf godkjent kystsoneplan) er lagt ut til areal for spreidd bygging i LNF-område (LNF - sone B) - avsett til inntil 6 hytter.

Det er ikkje utarbeidd samla plan for slik utbygging på området.

Ved bygging i LNF-soneB er det i plan føresett at avklaring i høve til jordlova og til andre sektorinteresser er avklara før deling/bygging vert gitt løyve til.

Søknaden er såleis sendt landbrukskontoret Ørsta/Volda for jordlovshandsaming 01.12.2015, og til Fylkesmannen og M.R.Fylkeskommune for høyring før vidare handsaming.

Det er gitt fråsegn ut frå landbruksomsyn og tilrådd dispensasjon frå reglane i Jordlova § 12, etter tilråding frå Volda-Ørsta landbrukskontor, jf vedlegg til saka og tilråding til vedtak.

Vidare er det gitt uttaler til søknaden frå Fylkesmannen og frå M.R.Fylkeskommune.

Fylkesmannen har ikkje merknader til saka.

Møre og Romsdal fylkeskommune - har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknad:

*"Automatisk freda kulturminne*

*Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette.*

*Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomte bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomte kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.*

*Det er gjort funn av automatisk freda kulturminne i form av blant anna ei rekke yngre steinaldersøksar frå ein, moglegvis to buplassar i nærleiken av området som ynskjust frådelt (idnr 147170 og 147172). Dette området har difor eit potensial for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflata. Det vil difor vere naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering før ein eventuell byggesøknad på tomte kan godkjennast, jf. § 9 i Kulturminnelova. Dette er eit mindre privat tiltak og tiltakshavar vil i så måte ikkje ha noko økonomisk utlegg for registreringa. Ta kontakt med aktuell fagsaksbehandlar for automatisk freda kulturminne i Kulturavdelinga for nærare avtale og bestilling av arbeidet."*

Etter drøfting med søkjar er det avklara at han ynskjer søknad om deling handsama no, og at eventuell avklaring og arkeologisk registrering vert avventa til seinare byggesak, slik det er gitt høve til.

**Vurdering og konklusjon:**

Denne saka gjeld deling for å utvide ei hyttetomt frå 0,5 til 1,0 daa. Ein har i samband med hyttetomter akseptert slik tomtestørleik.

Dette er også akseptert i tilråding frå landbruk vedkomande dispensasjon frå jordlova.

Etter ei samla vurdering finn ein å kunne tilrå dispensasjon frå plan for utviding av tomta slik søkt om.

Delinga vil ikkje svekkje landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova vert det såleis tilrådd løyve til deling etter §12.

Etter som det er sett fram krav om arkeologiske gransking og dette ikkje er gjennomført, må ein i saka setje vilkår om slik avklaring før bygging.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege endringar ved tiltaket.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen for kommunal økonomi.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen kjende.

**Naturmangfaldlova:**

Vurdert avklara gjennom kommuneplan/kystsoneplan.

.....  
Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Utskrift til:

Marianne Furnes Flusund, Furnesvegen 98, 6106 Volda

Oddvin Steinar Furnes, Steinbakken 8 A, 6102 Volda

Volda kommune - Utvikling

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfyllt.  
Ved plassmangel, lag eige vedlegg


Plass for kommunen sitt stempel

Volda Kommune	
Saksnr. 2015/2375	Sak UTV
Løpnr.	S-s TORGSTE
23 NOV 2015	
Arkivdel: BYG6	
Klassering P: 34/6	
Klassering S:	

Søknaden sendast:

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimlishavar(ar) (med blokkbokstavar):
34	6			ODDIN STEINAR TURNES 121045 39325 Underskrift: Steinbakken 8a 6102 Volda 
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimlishavar(ar) (med blokkbokstavar):  Underskrift:
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimlishavar(ar) (med blokkbokstavar):  Underskrift:
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimlishavar(ar) (med blokkbokstavar):  Underskrift:

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning  
 Oppretting av festetomt  
 Oppretting av punktfeste  
 Anna: (spesifiser) \_\_\_\_\_  
 Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

## Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	500 m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr. 34	Bnr. 4
2	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.



## Arealdisponering

Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for resparsell

*Kommunedelplan / Reguleringsplan*

## Avstandar

Går det høgspennet kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?

Nei

Ja, avstand: ..... m

Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?

Nei

Ja, avstand: ..... m

## Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkørsle eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkørsle frå offentlig veg (plan må vedleggast)

Utvida bruk av eksisterande avkørsle

Dersom delinga betingar vegrrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggast ved.

Er løyve til avkørsle gitt?  Ja  Nei

## Vassforsyning - jf. pbl § 65

Offentleg vassverk:  Ja  Nei

Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei

Privat vassverk:  Ja  Nei

Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.

Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

## Vedlegg

Vedl. nr.: Beskrivelse

Vedl. nr.: Beskrivelse

- Kart/situasjonsplan  
 Gjenpart av nabovarsel  
 Dispensasjonssøknad  
 Fråsegn, samtykkje, løyver  
 Andre vedlegg

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.

## Underskrift av søkjar/revkirent

Dato Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

*29/10-15* *ODDWIN STEINAR FURNES*

*[Handwritten Signature]*

Adresse *Slemfokkeg 8A*

Postnr/stad *6102 Valda*

E-postadresse *oddwin.furnes@furnes.com*

Telefon *95140724*

## Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

*29/10-15* *ODDWIN FURNES*

*[Handwritten Signature]*

Adresse *Slemfokkeg 8A*

Postnr/stad *6102 Valda*



## KRAV OM SAMANSLÅING

Plass for kommunen sitt stempel:

Til Volda kommune Stormyra 2 6100 Volda	Rekvirentens namn, adresse og fødselsnr. (med blokkbokstavar): <b>ODDVIN STEINAR FURVES</b> <b>121045 39325</b> <b>STEINBAKKEN 8A 6102 VOLDA</b> Fødselsnummer (11 siffer): <b>121045 39325</b> Organisasjonsnummer:
--	---

Fylgjande eigedomar vert kravd samanslått i 1519 – Volda kommune:

Gnr.	Bnr.	Festenr.	
<b>34</b>	<b>6</b>		

Rekvirentens ønske om gnr.bnr. etter samanslåing:

Gnr.	Bnr.	Festenr.	
<b>34</b>	<b>4</b>		

*Alle som har heimel på eigedomen må skrive under.*

**Volda**  
.....  
Stad

**29/10-15**  
.....  
Dato

**[Signature]**  
.....  
Underskrift av heimelshavar (ar)

### VEDLEGG:

I samsvar med Matrikkelforskrifta § 43. Sammenslåing av eksisterende matrikkelenheter skal følgjande dokument leggst ved krav om samanslåing:

- Kart over eigedomane som skal samanslåast.
- Stadfesting på at eventuell heimelshavar til bruksrett er varsla.
- Dersom festegrunn vert endra som følge av samanslåinga, skal signert erklæring/samtykkje frå festar(ar) leggjast ved.

OLDVUN.

Gnr 34 Bnr 4 Fester nr

# MÅLEBREVKART

Representasjonspunkt

Jnr 28/80

X Y  
Koordinatsystem N.G.O.

Z  
Målestokk 1/500


Målebrev nr 2263

Kartblad AO-096-1-63

Areal 529,6 m<sup>2</sup>

ARBEIDS KOPPI  
Oldvun

Y 4900




PKT	X	Y	MERKNADER
7479	45 6129,384	4884,042	OFF. GODKJ. GRENSEMERKE
7480	45 6125,329	4887,884	———— " ————
7481	45 6120,925	4893,423	———— " ————
7482	45 6118,490	4897,585	———— " ————
7483	45 6115,328	4906,979	REDDT MERKE PÅ STEINBORD
7484	45 6099,069	4894,165	OFF. GODKJ. GRENSEMERKE
7485	45 6113,913	4872,799	———— " ————
7486	45 6116,481	4869,103	———— " ————

TEKNISK ETAT  
AUGUST 82

K. Blomkvist, 58.36  
for: HBR Forlag Sam & Steensen A/S, Oslo 1-81










1:1000

24.06.2015



© Norkart AS

Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.





1:2000



© Norkart AS

Kart må vere i kurant målestokk og med rutene






1:2000



© Norkart AS

Kart må vere i kurant målestokk og med rutens



Endring fra matrikeladresse til vegadresse

Veg/område: Furnesvegn

Tildelte adressenummer

01.10.2010

Målestokk 1:4500

Volda kommune, Avd for kart- oppmåling og byggesak - tst



# Vegrett

Undertekna gir herved eigar av tomta 34/4 Gløsen ved Oddvin Furnes vegrett til Furnesvegen frå off.veg ved Kopen og til egedomen 34/4 Gløsen

Volda 18/11  
 Eigar av 32/1 Homberset      Hagne Homberset      Marianne P. Homberset  
 Stad                      dato                      Hagne Homberset      Marianne Homberset

Volda 13/11-15  
 Eigar av 32/2 Homberset      Olav Homberset      Janne Homberset  
 Stad                      dato                      Olav Homberset      Janne Homberset

Volda 2/11-15  
 Eigar av 33/3 Vadstein      Olav Vadstein  
 Stad                      dato                      Olav Vadstein

Eigar av 33/1 Vadstein      Knut Ervik      Marit Ervik  
 Stad                      dato                      Knut Ervik      Marit Ervik  
 Vadstein 4/11 2015      Knut Ervik      Marit Ervik

Eigar av 34/1 Furnes      Olav Knut Furnes  
 Stad                      dato                      Olav Knut Furnes

Volda 2/11-15  
 Eigar av 34/2 Furnes      Marianne Furnes Flusund      Frank Flusund  
 Stad                      dato                      Marianne Furnes Flusund      Frank Flusund

Volda 3/11-15  
 Eigar av 34/2 Furnes      Marianne Furnes Flusund      Frank Flusund  
 Stad                      dato                      Marianne Furnes Flusund      Frank Flusund




# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato  
08.01.2016  
Dykkar dato  
04.12.2015

Vår ref.  
2015/7282/KABJ/421.3  
Dykkar ref.

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA



## Volda kommune Tilleggsareal til gnr34 bnr2 på Furneset Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/2375	04.12.2015	82150/2015/DISPENSASJON/1519	Oddny Wiggen, 71 25 82 93	15.12.2015

## Volda kommune - tilleggsareal hyttetomt på Furneset gbnr 34/2 - dispensasjon fra kommunedelplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

*Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.*

Det er gjort funn av automatisk freda kulturminne i form av blant anna ei rekke yngre steinaldersøksler frå ein, moglegvis to buplassar i nærleiken av området som ynskjest frådelt (idnr 147170 og 147172). Dette området har difor eit potensial for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflata. Det vil difor vere naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering før ein eventuell byggesøknad på tomta kan godkjennast, jf. § 9 i Kulturminnelova. Dette er eit mindre privat tiltak og tiltakshavar vil i så måte ikkje ha noko økonomisk utlegg for registreringa. Ta kontakt med aktuell fagsaksbehandlar for automatisk freda kulturminne i Kulturavdelinga for nærare avtale og bestilling av arbeidet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Oddny Wiggen  
rådgivar

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Torill Moltubakk

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her





Volda kommune

Rådhuset  
6100 Volda

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2016/641	5543/2016	SKAARA	1519/34/2	20.04.2016

## **1519 GNR/BNR 34/2 - SØKNAD OM DELING AV 0,5 DAA SOM TILLEGG TIL HYTTETOMTA 34/4**

Saksframlegg til Volda kommune – handsaming etter jordlova.

**ePhorte saksnummer i Volda kommune: 2015/2375**

1519 gnr/bnr 34/2 – tilråding til vedtak etter jordlova.

### Tilråding til vedtak:

#### Frådeling etter jordlova § 12:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 29.10.2015, frå Oddvin Steinar Furnes. Det vert søkt om deling av 0,5 daa frå gnr 34 bnr 2 som tillegg til hyttetomta gnr 34 bnr 4.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling slik det er søkt om.

Grunngjevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.

Utskrift til:

Marianne Furnes Flusund, Furnesvegen 98, 6106 Volda

Oddvin Steinar Furnes, Steinbakken 8 A, 6102 Volda

### **Saksvedlegg:**

1. Søknad om deling frå Oddvin Furnes, dagsett 29.10.2015
2. Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 01.12.2015

### **Samandrag av saka:**

#### **Saksopplysningar:**

Søknaden gjeld deling av 0,5 daa frå Furnes gnr 34 bnr 2 i Volda, som tillegg til hyttetomta gnr 34 bnr 4. Søknaden er dagsett 29.10.2015, og vart av Volda kommune oversendt til landbrukskontoret Ørsta/Volda for jordlovshandsaming 01.12.2015.

Tekst frå oversendinga:

På denne saka er det forventta følgjande saksgang:

Saka vert sendt på høyring og førebudd for handsaming i forvaltningsstyret som dispensasjon frå kommuneplan. Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova. Etter dette vert sjølve delesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling etter plan- og bygningslova. Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Då ein såg for seg krav om arkeologiske granskingar vart ein samde om å avvente vidare handsaming. Dette har ein no avklara og søkjaren har bedt om at ein tok opp att handsaminga. Det har av den grunn gått noko tid frå søknaden vart innsendt til saksutgreiinga vart skrive.


Søkjaren Oddvin Furnes er eigar av hyttetomta gnr 34 bnr 4, som er utskild frå hovudbruket gnr 34 bnr 2 som er eigd av Marianne Furnes Flusund og Frank Flusund. Hovudbruket er totalt på 57,5 daa – fordelt på:

Fulldyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog sær s høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd
5,7	0	0	0	31,9	0	0	9,5	0	5,3	4,2	0,9

Formålet med søknaden er å utvide hyttetomta 34/4 i sørvestleg retning, slik at den vert om lag 1 daa stor. Ut frå kartet er markslaget skogsmark av høg bonitet. Frå før er det delt frå 3 hyttetomter her; bnr 3, 4 og 5. Bnr 3 og 5 er bebygde, medan bnr 4 ikkje er bebygde.

Området som søknaden gjeld er med i planen ”Furneset 34/2 og 3 – Hytte og naustområde”, planident 2011005. Det er LNF-sone B kor det innafor desse områda kan det tillatast spreidd utbygging av nye bustader/fritidsbustader etter type og omfang fastsett i plankartet. Jordlova §§ 9 og 12 skal framleis gjelde.

Av plankartet går det fram at ein i dette området kan byggje 6 hytter.



### Vurdering og konklusjon:

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: M-1/2013 Omdisponering og deling.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til*

*del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området. Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er omsøkte areal ikkje registrert som dyrka mark, og det kan ikkje seiast å vere dyrkbar jord. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar. Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk.

Denne saka gjeld deling for å utvide ei hyttetomt frå 0,5 til 1,0 daa. Ein har i samband med hyttetomter akseptert tomter opp til 1,0 daa.

Delinga skjer inn til eit mindre dyrka areal på 1,0 daa som ikkje er i drift, og faren for attgroing er nok tilstades.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Ein kan ikkje sjå at delinga har innverknad på gardsdrift i området.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova rår ein til løyve til deling etter §12.

Etter det ein kan sjå er og delinga i samsvar med gjeldande plan.

Ørsta, 10.04.16

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2014/1755

Arkivkode: 105/2

---

Utvalsaksnr      Utval  
46/16              Forvaltningsstyret

Møtedato  
10.05.2016

### GBR 105/2 - TILBYGG TIL HYTTE I FOLKESTADDALEN - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkte tiltak gir vesentleg endra bruk av aktuelt bygg, eller at konsekvensane av bygget vert vesentleg endra sett i høve til grunneigar/nabotilhøve eller ut frå omsyn til risiko i høve skredfare.*

*Forvaltningsstyret finn såleis at fordelane ved tiltaket er langt større enn moglege ulemper og gir med heime i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan.*

#### Vedleggsliste:

Vedlegg (dokumenter lagt til grunn i saka , og som tidlegare er registrert i kommunen sitt arkiv. Vert ikkje

vedlagt dette brev):

Avtaledokument dat. 29.02.1964.

Kartskisse/grunnkart med plassering av hytte på 105/2

Kartskisseutsnitt av kommunedelplan med LNF- område og potensiell skredsone.

Brev frå Børtveit til Volda kommune dat. 16.09.2014

Brev frå Volda kommune til tiltakshavar dat. 30.09.2014.

Brev frå adv. CODEX til Volda kommune dat.10.12.2014

Brev frå Jorunn og Einar Børtveit til Volda kommune dat.21.09.2015

Brev frå Volda kommune til adv. CODEX dat.09.10.2015

Vedlegg til dette brev (ikkje tidlegare registrert i kommunen sitt arkiv).

Kvittering for utsendt rekommandert nabovarsel dat. 18.12.2015

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Folkestaddalen

Rasrapport Folkestaddalen

#### Saksopplysningar:

Etter innspel frå grunneigar i området mottok kommunen varsel om at det var utført byggearbeid på hytte ved Folkestadvatnet på eigedom Gbr 105/2.

Det vart sendt spørsmål til hytteeigar om dette i brev av 30.09.-2014, om kva som var utført og på kva grunnlag dette var gjort.

Det var då ikkje registrert at kommunen hadde motteke nokon søknad eller gitt noko løyve til tiltak, og det vart konkludert med at tiltaket var ulovleg, "*- inntil det anten blir fjerna eller eventuelt vert godkjent av kommunen etter handsaming av søknad i ettertid*".

Det vart i brev til hytteeigar vidare gitt orientering om høve (jf. pbl § 20-1.) til innsending av søknad i ettertid. Det vart sett frist for slik søknad til 31.12.2014.

Denne fristen vart seinare, etter søknad, endra til 01.02.2016.

I varselet vart det elles gjort kjent fylgjande:

*"Ei godkjenning avheng likevel av om krava i plan- og bygningslova (pbl), eller bestemmingar gitt i medhald av denne lov, kan etterkomast. Dette gjeld også bestemmingar i byggtknisk forskrift, kommunale vedtekter og arealplanar.*

*Varsel om pålegg:*

*Etter pbl § 32-2 varslast det om at pålegg om retting vil bli vurdert dersom ikkje fullstendig søknad om løyve er motteken, eller det ulovlege forholdet er opphøyr innan fristen".*

Innan fristen har kommunen no motteke søknad om dispensasjon frå plan der det heiter:

*"Tiltaket omfattar reparasjonar og byggearbeider på eldre hyttebygning i Folkestaddalen. Arbeida er utført i løpet av sommaren 2014 av hytte-eigar og medhjelparar. Utførte arbeider omfattar utskifting av taktekking/ torv. Utskifting av rote trod og takbjelkar, samt forefallande vedlikehald. Dette var tvingande nødvendig for å bevare hytta. I tillegg er hytta forlenga i eine enden med om lag 1,5 meter, til bruk som lagerplass/bod."*

Det er seinare lagt fram planteikning som viser innreiing av hytta og tilleggsarealet.

Eksisterande hytte er oppført i 1964 av foreldra til Otto Holte (dagens eigar). Otto Holte overtok ansvaret for hytta i 1993.

Hytta er plassert i utmarksteig under eigedom gnr. 105, bnr.2. Heimelshavar til grunnen/ tomta er pr. dato Jorunn Anne Bortveit. Det ligg føre eldre dokumentasjon (dat. 29/2-1964) på at både dåverande grunneigar og oppsitjarane på indre Folkestad samtykkjer i at Knut N. Holte (tidlegare hytte-eigar) skal få setje opp hytta i skogsteigen.

Etter det vi forstår har det vore samtalar mellom partane i nyare tid om å få i stand ei frådelingssak for hyttetomta, utan at dette har kome i orden så langt.

Vi tek i saka ikkje stilling til spørsmålet om eigedomsrett til hyttetomta, men registrerer at det har vore gitt løyve til oppsetting av hytta, og at det har vore drøftingar mellom grunneigar og hytteeigar med sikte på å få dette ordna.

I byggesøknad som no er motteke er det mellom anna opplyst fylgjande:

*"Hytteeigar har handla i god tru og gjennomført reparasjonar og vedlikehald på hytta. I samband med endringar i regelverket i høve handsamingsreglar for byggetiltak, handla hytte-eigar i den tru at han var innanfor regelverk i høve dei nye unntaksreglane for krav til søknad til kommunen. Ein viser her til endringar som trådte i kraft 01.07.2015. Det kan setjast opp tilbygg inntil 15 m<sup>2</sup> utan at det løyser ut krav til søknadsplikt. Tilbygget skal i tillegg vere minst 4 meter frå nabogrense, og skal ikkje vere nytta til opphaldsrom(kjøkken , stove, soverom eller våtrom)."*

Etter møte med kommunen den 9.10.2015 vart det gitt fylgjande oppsummering:

*"Tiltaket er plassert i område der Kommunedelplanen for Folkestad er gjeldande. Hytta ligg plassert i område som er oppgitt til å vere «LNF-område og i tillegg potensielt skredområde», no kalla omsynssone. Dette medfører at alle tiltak i området skal søkjast om....»*

Kommunedelplanen for Folkestad er difor det styrande verktøyet for handsaming av byggesaker i dette aktuelle området. Byggetiltak innanfor LNF/omsynssona vil i utgangspunktet vere i konflikt med kommunedelplanen. For å legalisere byggetiltak innanfor gjeldande sone, er det påkravd med dispensasjon frå kommunedelplanen.

I søknaden heiter det vidare:

*"I tråd med historikken i saka, og utgreiingane ovanfor, søker ein med dette om dispensasjon frå kommunedelplanen for Folkestad. Kommunen gir anledning til å søkje om godkjenning av byggetiltak i ettertid, og ein vil søkje å legalisere gjennomførte byggetiltak ved gjennomføring av ny og formell søknadsprosess.*

-----  
*Moglege fordelar ved gjennomføring av tiltak:*

*Tilbygget er kun for lager/ bod. Tilbygget gir skjerma lagringsplass for ved/utstyr m.m.*

*Tilbygget er ikkje til sjenanse for naboar, ligg skjerma bak "hekk» av grantre. Stor avstand til nærmaste hytte/ nabo (nabogrense mot 105/3 ligg ca. 92 meter frå hytta).*

*Tilbygget medfører ikkje nokon auke i persontal som kan opphalde seg i hytta. Det er vår påstand at gjennomførte tiltak ikkje gir auka personrisiko ved opphald i hytta.*

*Tilbygget er relativt beskjedent i omfang, og er del av utførte reparasjon/vedlikehalds-arbeid.*

*Moglege ulemper ved gjennomføring av tiltak:*

*Tiltaket er alt gjennomført, og diverre er terrenget påført noko groper/grøfter etter traktortrafikk fram til hyttetomta. Ein vonar at dette vil kunne gro til over tid, utan å verte til nemnande problem for ferdsle i utmarka. For øvrig kan ein ikkje sjå at tiltaket medfører nokon særleg ulempe, sett i lys av sitt beskjedne omfang.*

*Etter vår vurdering vil ei samla vurdering av fordelane som angitt ovan for, vege tyngre enn ulempene. Det er vår påstand at gjennomførte tiltak ikkje medfører at hytta kjem ytterlegare i strid med planbestemmelsane. Vi kan ikkje sjå at gjennomførte tiltak vil medføre nokon form for ulemper for naboar/grunneigar.*

*Ein vonar difor at kommunen kan innvilge omsøkt dispensasjon frå kommunedelplanen, slik at gjennomførte tiltak kan verte godkjent slik det framstår pr. dato."*

### **Vurdering og konklusjon:**

Tiltaket omfattar reparasjonar og tilbygg til eldre hyttebygg i Folkestaddalen. Arbeida er utført i løpet av sommaren 2014 av hytte-eigar.

Utførte arbeider omfattar utskifting av taktekking/ torv, utskifting av rote trod og takbjelkar, samt forefallande vedlikehald. I tillegg er hytta forlenga i eine enden med om lag 1,5 meter, til bruk som lagerplass/bod.

For området gjeld kommunedelplan for Folkestad/Folkestaddalen, PlanID2006001, datert 19.06.2008.

Hytta ligg i kommunedelplanen i LNF-område, og innanfor sone for potensielt skredområde. Jf skredrapport for det aktuelle området, «*Vurdering av skredfare i hytteområde, publikasjon 20081541-1, dat. 1. september2008 (NGI-rapport)*».

Rapporten konkluderer med at aktuell hytte er plassert i område som kan vere utsett for skred. jf. utsnitt frå plankart. Men hytta ligg plassert i ytterkant av registrert område. jf vedlagde situasjonskart.

Omsøkt tilbygg er av lite omfang og har funksjonar som i liten grad vil gje grunnlag for auka bruk eller tal personar som oppheld seg i hytta.

Vi kan såleis ikkje sjå at tiltaket medfører at situasjonen bruksmessig eller ut frå omsynet til vurdering av konsekvensar av skred vert vesentleg endra ved tiltaket.

Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket i vesentleg grad gir endra situasjon sett i høve til grunneigar/nabo.

Vi rår til at det vert gitt dispensasjon frå plan for tilbygg som omsøkt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege endringar ved tiltaket.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen for kommunal økonomi.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen endringar ved gjennomføring av tiltaket.

**Naturmangfaldlova:**

Ingen kjende påverknader ved tiltaket.

.....  
Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Jorunn og Einar Børtveit, Flotevegen 30, 6120 Folkestad

Otto Holte, Professor Kohts vei 60A, 1368 Stabekk

P.Mulvik as, v/ *idar.mulvik.no*

**Klageinstans:**

Fylkesmannen



Til Oppsittjarane, inne Folketad,  
Tolte og Flote.

Underskrivare tillater seg kenne og spørje oppsittjarane på inne Folketad, Flote og Flote om å få seje opp en mytte i skogsteigen til Olaf Tolle som går fra Haugeveset ved Folketadvatnet og til Høneskreda ca. 150 m. over for veien. Ett stykke på ca. 4 ar. Og ved sinne utskifting eller det til eigedom da og få kjøpe eller bygge dette stykke eller avtale med grunneigaren.

Tolle den 29/2-64  
Knut K. Tolle

D.S. Eg skriv innher på at Knut K. Tolle skal få dette stykke som ovenfor nevnt.

Johan H. Fjellstad, Arne Folketad,  
Ogav Flote Steinar Flot, Johan Tolle,  
Lilful Folketad


Olav K. Holte,

Ola Ojanger

Lars Folketad

Martinus Holte

Ingrid Ländal



394 dan

dan

500 m



Side 183  
500 m  
158.5 dan

**Volda Kommune**  
**Teknisk etat, byggavdelingen**  
**Stormyra 2**  
**6100 Volda.**

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2014/1755	Avd: UEV
Lepenr:	Sns: IK
19 SEPT 2014	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 105/2	
Klassering S:	

Folkestad 16/9 2014

Melding om ulovleg hyttebygging på vår eigedom.

Gardsnummer 105, bruksnummer 2, Vasstrandteigen / Brensleteigen ved Folkestadvatnet.

Vi har nyss vorte merksame på at det i haust er gjort tilbygg på ei hytte som står på vår eigedom ved Folkestadvatnet.

Utbyggjaren er Otto Holte, adr. Professor Kohts Vei 60 A, 1368 Stabekk.

Som grunneigarar er vi ikkje på førehand gjort kjende med at hytta skulle byggjast ut, og det er ikkje gjeve nabovarsel, korkje til oss, eller til vår nabo, Nils Holte. Vi går ut frå at det ikkje er fremja byggesak i medhald av plan- og bygningslova andsynes Volda Kommune.

Det nye tilbygget er på 3,5 x4 meter. Av dette er ca 80 cm gamal hyttegavl som er utskift.

I samband med bygginga er det også gjort skade på terreng og skog, då mellom 15 og 20 unge furutre er knekte eller velta i samband med traktorkjøring i terrenget.

Det er ikkje avtala vegrett for motorkøyrety til hytta, så denne traktorkjøringa er også å rekna som ulovleg.

Sidan hytta står på vår grunn, må ein kunne forvente at vi skal orienterast om, og gje vårt eventuelle samtykke til prosjektet på førehand. No har han altså bygt ut hytta si utan å ta kontakt på førehand, korkje med oss eller offentleg tilsynsmynde. (Merknad i parentes: Vi har tidlegare gjeve Otto Holte tilbod om å kjøpe tomten rundt hytta, og gjere avtale om vegrett. Viljen til å kome til forhandling om saka har vore sær minimal frå hans side.)

Vi vil be Volda Kommune vurdere, med heimel i plan- og bygningslova, om denne hyttebygginga er lovleg, og om ho ikkje er lovleg, ta naudsynte steg i høve til hyttebyggjar. Vi vil kome attende til krav frå vår side om aktuelle tiltak.

Vedlegg: 4 bilete av ny hyttefløy, 6 bilete av skadar på terreng og skog.

Med helsing

Jorunn og Einar Børtveit, Flotevegen 30, 6120 Folkestad.

*Einar Børtveit*  
*Jorunn Børtveit*



Biletserie av påbygg hytte. Billeta tekne 14/9 2014



Den delen som står på nye pilarar, er det som hytta er utvida med.






Side 3 over 6




Skadar på skog og terreng.



Side 4 av 6



Skadar på skog og terreng





Skadar på skog og terreng.



Side 6 av 6





# VOLDA KOMMUNE

## Utvikling

Otto Holte  
Professor Kohts vei 60 A  
1368 STABEKK

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/sakshandsamar	Dato
2014/1755	9360/2014	105/2	UTV/ IK	30.09.2014

### ORIENTERING OG VARSEL OM PÅLEGG

Førehandsvarsling i samsvar med forvaltningslova § 16

Byggestad: ved Folkestadvatnet, 6120 Gnr/Bnr: 105/2  
FOLKESTAD  
Tiltak: Ulovleg byggearbeid Bruksareal: m<sup>2</sup>

#### *Innleiing/orientering*

Kommunen har registrert at det vert utført søknadspliktig arbeid på dykkar hytte ved Folkestadvatnet på eigedom Gbr 105/2.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke nokon søknad eller gitt noko løyve til tiltaket. Konklusjonen må derfor bli at tiltaket er ulovleg inntil det anten blir fjerna eller eventuelt vert godkjent av kommunen etter handsaming av søknad i ettertid.

#### *Innsending av søknad i ettertid*

Det vert med dette høve til å søke det utførte tiltak godkjent ved innsending av søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1.

Ei godkjenning avheng likevel av om krava i plan- og bygningslova (pbl), eller bestemningar gitt i medhald av denne lov, kan etterkomast. Dette gjelder også bestemningar i byggt teknisk forskrift, kommunale vedtekter og arealplanar.

#### *Varsel om pålegg*

Etter pbl § 32-2 varslast det om at pålegg om retting vil bli vurdert dersom ikkje fullstendig søknad om løyve er motteken, eller det ulovlege forholdet er opphøyrte innan 31.12.2014. Heimel for pålegget er pbl § 32-3. Det vert gitt høve til uttale innan same frist.

Vi gjer vidare merksam på at manglande etterfølging av eit eventuelt pålegg kan følgjast opp med tvangsmulkt, og/eller førelegg som igjen kan få same verknad som rettskraftig dom. Om dette, mot det ein skulle vente seg, skulle bli aktuelt vil det bli varsla særskilt i eige brev.

#### *Innsyn*

Etter forvaltningslova § 18 gjer vi merksam på dykkar rett til å gjere dykk kjent med saka sine dokument.

#### *Rettleiing frå oss/gebyr*

---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon:	Org. nr:
		Bankgiro:
		939 760 946
		3991.07.81727

Ta kontakt med oss om de har spørsmål vedrørende dette brevet, eller om de ønsker flere opplysninger.

Vi gjør merksam på at kommunen si oppfølging av ulovlege tiltak er gebyrbelagt. Regulativet er tilgjengelig på våre internettsider og på Servicekontoret.

**Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2014/1755.**

Med helsing

Ingvild Kalvatn  
ingeniør

Kopi til:  
Jorunn og Einar Børtveit Flotevegen 30 6120 FOLKESTAD

**Volda Kommune**  
**Utvikling, v. Ingvild Kalvatn**  
**6100 Volda**

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/1755	Art. UTV
Løpenr.	Sns. JV
31 AUG 2015	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 105/2	
Klassering S:	

Folkestad 27/8 2015

Sak nr. 2014 / 1755 av 30/9 2014  
Otto Holte, hytte i Folkestaddalen.

Saka gjeld ulovleg tilbygg på hytte i 2014, gjort på annan manns grunn. (gnr. 105, bnr. 2.)  
Vi undrar over korleis saka står pr dags dato, og vil gjerne ha ei oppdatering.

  
.....  
Jorunn Børtveit

  
.....  
Einar Børtveit

Adr: Flotevegen 30  
6120 Folkestad

Volda kommune  
Teknisk etat  
6100 VOLDA

Att.:

Vår ref.:  
510880/15744

Deres ref.:

Oslo,  
10.12.2014

Ansvarlig advokat: Helge A. Tryti

## Vedr. GBnr. 105/2 - ulovlig byggearbeid på hytte tilhørende Otto Holte

Undertegnede representerer Otto Holte og jeg er bedt om å besvare kommunens brev av 30. september 2014 hvor kommunen varsler pålegg etter plan og bygningsloven § 32-2.

Kommunens brev bygger på en forutsetning om at det gjennomførte tiltaket er søknadspliktig. Dette er feil, og jeg vil i det følgende redegjøre nærmere for dette.

Holte anser at varselet fra kommunen er bygget på uriktig faktum/jus og at det derfor bortfaller.

### 1 Faktiske forhold av betydning for saken


Holte opplyser at hans far fikk bygge den aktuelle hytten på en liten tomt på 4 ar som han fikk av oppsitterne av eiendommen så tidlig som i 1964. Ved seinere utskiftning vart tomten ikke skilt ut som egen tomt. Otto Holte arvet senere hytten og tomten i 1994. Tomten er fremdeles ikke skilt ut som egen tomt. Hytten er og har vært innegjerdet og ble tidlig omkranset av grantrær som en hekk. Trærne er i dag høye og tette og i praksis skjuler de for innsyn fra alle kanter. Dette kan tydelig sees på kommunens eget flyfoto over området.

- Bilag 1:** (Side 1) Erklæring fra oppsitterne fra 1965
- Bilag 2:** (Side 2) Rettsbok fra skifteoppgjøret i 1994
- Bilag 3:** (Side 5) Kopi av kommunens flyfoto over området

Hytten er liten, ca. 25 m<sup>2</sup>. Den var opprinnelig bygget med en terrasse, ca. 15 m<sup>2</sup> og et takoverbygg over deler av terrassen. Det var også en levegg på ene siden av terrassen.

Etter mange år med forfall sto Holte ovenfor det valg å la hytten forfalle helt, eller gjennomføre høyst nødvendig utskiftning av råttent treverk på takoverbygget, levegg og terrasse.

Siden dette vedlikeholdet måtte gjøres, ble det samtidig besluttet å bygge en mindre bod ved siden av hytten. Bodden er på ca. 12 m<sup>2</sup>. Gulvet i bodden er i praksis det som tidligere var terrassen på hytten og bodden som sådan er bygget over 1 meter fra selve hytteveggen. Den gamle leveggen er utbedret og er i dag i praksis blitt en vegg mellom bodden og hytten. Det samme gjelder det råtne taket. Det ble forlenget med ca. 20 cm. slik at det i dag er sammenhengende tak mellom hytten og bodden. Bilder av

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/1755	Avd. LETU
Løpenr.	Sbs. IK
1 1 DES 2014	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	105/2
Klassering S:	

**Codex Advokat Oslo AS**  
Kristian Augusts gate 7b  
Pb. 8744 St. Olavs plass  
0028 Oslo  
Tlf: 02469  
Fax: 22 93 38 51  
Email: oslo@codex.no

Org.nr.:  
NO 995 684 926 MVA

MEDLEM  Advokatforeningen



hytten slik den fremstår i dag er vedlagt brevet fra Børtveit som foranlediget kommunens brev av 30. september 2014.

Kommunen må gjerne gjennomføre befarings av hytten og vil da se at det er bygget en bod der selve boden er på ca. 8m<sup>2</sup> og at den opprinnelige hytten og dens funksjon er uendret

Da Holte gjennomførte vedlikeholdet hadde det vært mange oppslag i mediene om at byggesaksreglene skulle bli forenklet. Fra regjeringens egen hjemmeside kunne han lese følgende:

*Regjeringens arbeid med forenklinger i plan- og byggesak  
Regjeringen vil gjøre det enklere og billigere å bygge boliger ved å forenkle plan- og bygningsloven med forskrifter.*

...

*I neste fase vil vi se på forslag til andre forenklinger i bygningsregelverket. Vi vil levere forslag til lovendringer til Stortinget i løpet av 2014.*

*Eksempler på dette er:*

*Frita flere tiltak for søknadsplikt og gjør det enklere for folk å bygge mindre nybygg.*

*Eksempelvis skal folk slippe å søke om å få bygge garasjer eller mindre tilbygg så lenge dette er i overensstemmelse med planverket. Kommunene skal slippe å bruke så mange ressurser på slike saker. Disse sakene utgjør i dag ca. 20 prosent av kommunenes byggesaker, og en eventuell endring vil bety mindre arbeid for kommunen og mindre ventetid for innbyggerne.*

**Bilag 4:** (Side 6)Utskrift av infoskriv fra Regjeringen.no

Rett før Holtet gjennomførte tiltaket var lov av 20. juni 2014 vedtatt og den trådte i kraft samme dag. Loven inneholder en ny Pbl. § 20-5. Holtet var av den oppfatning at vedlikeholdet klart var innenfor regelverket og slik sett ikke søknadspliktig.

Det forhold at § 20-5 ikke trådte i kraft samtidig med resten av loven, var Holte ikke klar over.

Holtet var i tillegg av den oppfatning at tiltaket var unntatt søknadsplikt etter Pbl. §§ 20-1 første ledd bokstav b, og 20-3 første ledd bokstav a, e og f.

Kommunen er blitt dratt inn i dette gjennom en varsling fra Jorunn og Einar Børtveit. Børtveit og Holte er i tvist hva gjelder spørsmålet om hvem som eier grunnen hytten står på. Børtveits varsling må derfor sees på som et taktisk trekk i anledning denne privatrettslige tvisten. Når Børtveit i sitt brev til kommunen gjentatte ganger understreker at grunnen tilhører Børtveit, noe Holtet kan dokumentere er uriktig, er det med på å gi inntrykk av at tiltaket er mer alvorlig ved at det har skjedd en krenking av 3. manns eiendomsrett. Hadde Holtet tatt seg til rette på 3. manns eiendom er vi enig i at det er alvorlig. Men det er ikke tilfelle i denne saken. Holtet har gjennomført nødvendig vedlikehold på sin egen hytte, som står på den tomten han selv eier.

## **2 Arbeidene er ikke undergitt søknadsplikt Pbl. §§ 20-1 første ledd bokstav a og 20-3 første ledd bokstav a og e**

Jeg vil i det følgende redegjøre nærmere for Holtets syn på hvorfor tiltaket ikke er søknadspliktig.

